

# Vurdering av velferdsordningane i jordbruket

RAPPORT FRÅ PARTSSAMANSETT ARBEIDSGRUPPE TIL  
JORDBRUKSOPPGJERET 2024 – RAPPORT LEVERT  
13.3.2024



# Innhald

<b>Innhald</b> .....	<b>3</b>
<b>Definisjonar</b> .....	<b>4</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>5</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>8</b>
1.1 Bakgrunn for arbeidet og mandat.....	8
1.2 Organisering av arbeidet.....	9
1.3 Tolkning av mandatet og avgrensing av arbeidet .....	9
<b>2 Landbrukspolitiske mål og velferdsordningane</b> .....	<b>10</b>
2.1 Overordna målsettingar.....	10
2.2 Velferdsordningane i høve landbrukspolitiske mål.....	10
2.3 Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. ....	12
2.4 Landbruksvikar .....	12
2.5 Avløyingsordninga ved ferie og fritid.....	13
2.6 Sjukepengeordninga .....	13
2.7 Tilskot til tidlegpensjon i jordbruket .....	13
<b>3 Om ordningane</b> .....	<b>14</b>
3.1 Landbruksvikarordninga.....	14
3.2 Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. ....	15
<b>4 Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.</b> .....	<b>30</b>
4.1 Føremålet .....	30
4.2 Samordning .....	31
4.3 Avgrensingar knytt til kven som kan vere avløyingsar.....	38
4.4 Gradert tilskot .....	40
4.5 Tilskotsgrunnlag og maksimale dagsatsar .....	41
4.6 Tidsavgrensing av tilskotsgrunnlaga .....	44
<b>5 Landbruksvikarordninga</b> .....	<b>48</b>
5.1 Føremålet .....	48
5.2 Tilstreккеleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg jf. § 2.....	49
5.3 Nivået på tilskotet.....	50
<b>6 Tilgang på avløyingsar og landbruksvikarar</b> .....	<b>52</b>
6.1 Avløyingsordninga ved ferie og fritid.....	52
6.2 Statistikk over avløyning.....	53
6.3 Vurdering av tilgang på avløyingsar og landbruksvikarar .....	58
<b>7 Referansar</b> .....	<b>61</b>
<b>Vedlegg 1</b> .....	<b>64</b>
<b>Vedlegg 2</b> .....	<b>66</b>

# Definisjonar

I rapporten er det brukt fleire omgrep som kan ha ulike definisjonar. Her er ei liste over omgrep med definisjonar. Lista er ikkje uttømmende.

I rapporten blir det omtalt to ulike avløysarordningar. For å unngå forvirring blir derfor følgande namn brukt om dei ulike ordningane:

*Tilskot til avløyasing/avløysartilskot:* Tilskot til avløyasing ved ferie og fritid.

*Tilskot til avløyasing ved sjukdom og fødsel mv./sjukdomsavløyasingstilskot:* Tilskot til avløyasing ved sjukdom og fødsel mv.

*Tilskot til landbruksvikarordninga:* Landbruksvikarordninga.

Kva reknast som avløyasing: Med «avløyasing» reknast dei arbeidsoppgåver som det ikkje er uvanleg at bonden sjølv utfører. Ein skal ikkje legge til grunn kva for arbeid den einskilde bonde utfører.

*A-melding:* Ei månadleg melding til Nav, SSB og Skatteetaten om inntekt, arbeidsforhold og forskotstrekk, i tillegg til arbeidsgivaravgift og finansskatt for verksemda.

*Ansvarsområde:* Geografiske område som statsforvaltaren har tildelt eit avløysarlag.

*Avløysar:* Ein tilsett person hjå eit/fleire jordbruksføretak eller hjå eit avløysarlag e.l.

*Fast tilsett avløysar/ringavløysar:* Ein avløysar som er tilsett hos ein eller fleire bønder i eit arbeidsgivar-/arbeidstakartilhøve. Dersom det gjeld ein avløysarring, blir samla arbeidstid fordelt mellom deltakarane i ringen.

*Avløysarlag:* Avløysarlag er ein organisasjon som har som føremål å organisere og administrere avløyasing innanfor eit geografisk område, og som har ope medlemskap for alle jordbruksføretak i området som har rett på avløysartilskot. For å kunne utføre landbruksvikarbistand må avløysarlaget vere godkjend av statsforvaltaren, og vere organisert med eige styre og vedtekter.

*Avløysarteneste:* Kjøp av avløyasing frå avløysarlag, avløysarring eller andre føretak som sel slike tenester.

*Landbruksvikar:* Ein avløysar som er tilsett i eit avløysarlag som deltek i landbruksvikarordninga. Personen er normalt meir kompetent til å tre inn i ukjente jordbruksdrifter ved sjukdom og krise, samanlikna med andre avløysarar.

*Samordning:* Frådrag av ulike inntektsbidrag frå utrekna tilskot.

*Sjukepengar:* Kompensasjon frå arbeidsgivar eller Nav for tapt arbeidsinntekt for personar som er arbeidsuføre på grunn av sjukdom eller skade.

*Tilkallingsvikarar:* Avløysarar som ikkje er fast tilsett i avløysarlag, men som blir kontakta ved behov.

*Ventetid/arbeidsgivarperiode:* Den tida arbeidsgivar pliktar å betale sjukepengar som erstattar løn dei 16 første dagane av ein sjukemeldingsperiode, samt tida før sjølvstendig næringsdrivande får utbetalt sjukepengar (frå 17. fråværsdag).

# Samandrag

## Oppdrag og organisering

I jordbruksoppgjæret 2023 vart det sett ned ei partsamansett arbeidsgruppe som skulle gå gjennom nokre spørsmål knytt til velferdsordningane i jordbruksavtalen. Arbeidsgruppa har vore sett saman av representantar frå avtalepartane, og leia av Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet har vore sekretariat for utgreiinga. I tråd med mandatet har ein mellom anna kartlagt og vurdert samordninga mellom tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. og Nav sine ytingar, avgrensingar i kven som kan vere avløyssar og tidsavgrensingar ved tilskotet, samt tilstrekkeleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg og tilgangen på avløyssarar og landbruksvikarar.

Arbeidsgruppa har ikkje gått gjennom ordningane i heilskap, men vurdert sentrale tema i ordningane. Ordningane tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. og landbruksvikarordninga er gitt mest merksemd. Tilskot til avløyning har blitt omtala som ledd i vurderinga av tilgang på avløyssarar og landbruksvikarar.

## Velferdsordningane i jordbruket

Velferdsordningane i jordbruket består av til saman fem tilskotsordningar. Desse ordningane er tilskot til avløyning, tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv., landbruksvikarordninga, sjukepengeordninga og tilskot til tidlegpensjon. Dei to avløyssarordningane skal saman bidra til å dekke kostnader til arbeidshjelp mellom anna ved sjukdom mv. Tilskotsordningane bidreg til finansiering av bruk av avløyssarar, medan avløyssarlaga gjennom beredskapsordninga pliktar å stille med landbruksvikar ved akutt skade og sjukdom.

Ordningane har betydning for likestilling, rekruttering av nye utøvarar til jordbruket og er viktige for dei som er aktive bønder.

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. har sidan ordninga vart oppretta i 1976 blitt sett i samanheng med bonden sin samla økonomiske situasjon. Etter tabell 9.3 i jordbruksavtalen blir det utmålt tilskot etter det lågaste av to alternativ. Etter alternativ éin blir tilskotet rekna ut etter produksjonsomfanget hos det einskilde jordbruksføretak. Etter alternativ to blir tilskotet rekna ut etter høgaste maksimale dagsats for avløyssartilskotet, men samordna med ytingar frå Nav og løn ved at dei blir trekt frå berekna tilskotsgrunnlag. Bønder som ikkje har lønsinntekt ved sidan av næringsinntekt, får ikkje avkorta tilskot dei første 16 dagane.

At ytingar frå Nav kjem til fråtrekk i tilskotsutmålinga gjer at dei med lønsinntekt kan få mindre i tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. enn dei utan anna inntektsgrunnlag enn næringsinntekt frå jordbruksføretaket, særleg gjeld dette dei 16 første dagane.

Arbeidsgruppa har gjennom arbeidet med rapporten vore i kontakt med Nav og har fått oppklart at tilskotet ikkje har innverknad på Nav si utmåling av sjukepengar. Dette i motsetning til opplysningar lagt til grunn i tidlegare rapportar om at dersom ikkje tilskotsmyndigheit gjennomførte slik samordning, så ville Nav gjere dette. Nav har også opplyst at dei er i prosess med å vidareutvikle søknadssystemet og prosedyren for sjukepengar til sjølvstendig næringsdrivande.

## Arbeidsgruppa sine vurderingar

Arbeidsgruppa har gitt si vurdering av landbruksvikarordninga og tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. med omsyn til å gjere ordningane enklare å nytte seg av og måla med ordninga. Arbeidsgruppa har ikkje kome med konkrete tilrådingar, men har gitt si evaluering av dei vurderingstema som er gitt i mandatet.

Vurderingane har hatt som siktemål å gi eit oversyn over fordelar og ulemper ved eventuelle endringar i ordningane. Å ikkje gjere ordningane meir komplisert har vore viktig for arbeidsgruppa, sidan særleg tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. allereie opplevast som komplisert både for søkar og sakshandsamar.

Sidan dette er tilskotsordningar som skal sikre velferd og fordi andre sjølvstendige næringsdrivande ikkje har tilsvarande ordningar, må det vere eit fagleg godt grunnlag for desse særordningane for å sikre legitimiteten.

Arbeidsgruppa har også sett på kva provenyeffektar eventuelle endringar kan få. Det er ikkje gjort utrekningar på kor mange som potensielt kan kome inn under ordninga dersom samordninga endrast. Arbeidsgruppa peiker på at dette vil påverke provenyet. Provenya som er gitt i rapporten seier likevel noko om omfang av potensielle endringar.

### **Vurderingar av tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel**

Arbeidsgruppa har vurdert høvet for å endre føremålsføresegna i ordninga både generelt og spesifikt i lys av dyrevelferd. Endringar i føremålet aleine vil truleg ha avgrensa effekt på kven som får tilskotet og korleis det blir utmålt. Om ein ønsker å oppnå konkrete mål, til dømes betre dyrevelferd, kan andre verkemiddel vere betre eigna.

Arbeidsgruppa har også vurdert samordninga som eit eige punkt i rapporten.

Det er vurdert fire ulike alternativ for samordninga:

- Vidareføring av dagens samordning
- Fjerning av samordning med lønsinntekt og ytingar for løn mv.
- Fjerning av samordning med lønsinntekt og ytingar for løn mv. første 16 dagar.
- Fjerning av samordning med lønsinntekt og ytingar for løn mv. ved svangerskap og fødsel mv.

Jordbruksavtalen sine reglar om samordning av tilskotet og andre ytingar kan i nokre tilfelle bidra til å hindre at fleire ytingar gir dekning for det same inntektstapet.

Arbeidsgruppa peiker på at sjølv om ein har lønsinntekter utanfor jordbruksføretaket, kan ein ha same kostnadar til avløyning som dei utan lønsinntekt. Dette heng saman med at inntekta ikkje alltid er representativ for «behovet» for tilskotet. Det er semje i gruppa om at behov eller gjeldsgrad mv. ikkje kan vere kriterium for sakshandsaminga av tilskotet, fordi det vil vere vanskeleg å vurdere i kvart enkelt tilfelle.

Det kan i mange tilfelle vere praktisk om ektefelle, sambuar eller person med næringsinntekt frå bruket kan vere avløyssar ved til dømes sjukdom hos jordbrukaren. Personar med nær tilknytning til jordbruksføretaket har ofte kompetanse til å raskt tre inn i drifta ved krisetilfelle. Spørsmålet her er om det skal bli gitt tilskot til slik avløyning. Det er problematisert å opne for å gi tilskot til å betale nokon ein har felles økonomi/økonomiske interesser med, samt om arbeid utført av slike personar, som ein følgje av økonomiske interesser i føretaket kan reknast som ein reell kostnad for føretaket.

Det er eit omsyn at ein i høve likestilling ønsker ei fordeling av næringsinntekt som speglar innsatsen i jordbruksføretaket. Endring i reglane for kva personkrets som kan vere avløyssar kan gi incentiv som strir med dette omsynet. Ei endring i personkrets kan også medføre større dokumentasjonskrav og det blir stilt spørsmål til kva verknad ei endring kan ha for avløyssarlaga si plikt etter landbruksvikarordninga.

Arbeidsgruppa meiner at graderinga av tilskotet slik den skjer i dag ved gradert sjukemelding er føremålstenleg og ikkje treng endringar.

Arbeidsgruppa meiner at høgste maksimale dagsats ligg på om lag riktig nivå. Den burde eventuelt justerast opp i tråd med lønsutviklinga i samfunnet. Arbeidsgruppa merkar seg at avløyssarlaga i si rapportering til Landbruksdirektoratet fakturerer om lag same pris for avløyning med landbruksvikar per dag som høgste dagsats.

Dei fleste som søker om tilskotet i dag har eit produksjonsomfang som svarar til høgste maksimale dagsats. Det er derfor relativt liten grad av differensiering. Dette følger av at maksimal dagsats i tabell 9.3 krev relativt lite driftsomfang, og at dei med lite driftsomfang truleg i liten grad ser seg tent med å søke. Det kan tenkast at høgare driftsomfang krev meir arbeidshjelp, men det er peika på at det ikkje nødvendigvis er ei lineær auke i arbeidsmengd ved større produksjonsomfang.

Arbeidsgruppa peiker på at differensieringa av tilskotet kan påverkast av endringar i samordninga og omvendt. Om ein ønsker å gjere endringar i samordninga og/eller differensieringa av satsane er det behov for å greie dette meir ut.

Arbeidsgruppa har også sett på tidsavgrensingane i sjukdomsavløyssingsordningane. Det har blitt løfta at utviklinga innanfor medisin og helsevitskap har ført til at ein kan kome tilbake i arbeid etter sjukdomsforløp som tidlegare førte til permanent redusert arbeidskapasitet. Arbeidsgruppa har vurdert ei generell utviding

av dei ulike tidsavgrensingane, eller innføring av eit høve for å dispensere. Ein dispensasjonsheimel vil på si side vere meir målretta mot særskilte grunnar for unntak frå hovudregelen, men føre til meir sakshandsaming og gi meir behov for utøving av skjønn. Det kan mellom anna vere krevjande for forvaltninga å avgjere søknader der prognosen for å bli frisk er usikker.

Arbeidsgruppa har vurdert ei utviding av 365 dagars grensa ved eigen sjukdom med 6 og 12 månadar.

Arbeidsgruppa har vurdert tidsavgrensing av tilskot ved svangerskap og fødsel. Arbeidsgruppa har vidare vurdert om det skal vere større høve for å gi samtidig tilskot til begge foreldre. Det er allereie dispensasjonsheimel som skal fange opp enkelttilfella der begge jobbar fulltid på garden. Det er også peika på at ordninga kan bli meir føreseieleg dersom ein opnar for at dispensasjonssøknader kan sendast og handsamast før fødsel i dei tilfella det er mogleg.

Den siste tidsavgrensinga som er vurdert er tidsavgrensing ved sjuke barn. Arbeidsgruppa har ikkje konkludert om kor stor utviding som her kan vere aktuelt.

### **Vurderingar av landbruksvikarordninga og tilgangen på avløysarar og landbruksvikarar**

Arbeidsgruppa har vurdert både ei generell endring av føremålet med landbruksvikarordninga og å implementere dyrevelferd i føremålet. Arbeidsgruppa har ikkje funne grunn til å gjere endringar i føremålet. Det er også oppfatninga til arbeidsgruppa at det å inkludere dyrevelferd i føremålet ikkje nødvendigvis vil gi nokon reell endring i ordninga. Dette fordi krav til dyrevelferd allereie er regulert gjennom både regelverket for landbruksvikarordninga og i Mattilsynet sitt regelverk. For velferdsordninga er det krav om at husdyrprodusentar skal prioriterast ved kriser.

Hovudoppgåva til avløysarlaga gjennom landbruksvikarordninga er å ha tilstrekkeleg beredskap ved akutt sjukdom og kriser. Eit aspekt innanfor dette er at bønder skal vere trygge på å få hjelp dei første 14 dagane når dei er sjuke eller av annan årsak ikkje kan delta i drifta av føretaket. Etter dei fjorten dagane kan vedkomande be om avløysar frå det lokale avløysarlaget. Det er arbeidsgruppa si vurdering at avløysarlaga i hovudsak oppfyller plikta si ved førespurnad om arbeidshjelp. Det er avløysarlaga som best veit kva responstid dei har høve til å ha, mellom anna ut frå kor mange som treng slik hjelp i same periode. Arbeidsgruppa finn derfor at det ikkje kan settast absolutte krav til responstid.

Arbeidsgruppa meiner det bør vurderast å gi bønder som ikkje får den landbruksvikarbistand som dei ønsker, betre mogelegheit til å melde frå om dette til statsforvaltar. Ved å etablere eit system for dette, vil statsforvaltar få eit betre oversyn over korleis ordninga fungerer.

I vurderinga av tilgangen på avløysarar og landbruksvikarar har arbeidsgruppa sett på statistikk for bruk av avløysartilskotet til ferie og fritid og greia ut om lønsnivå innanfor jordbruksnæringa. Det er også vurdert kor mange timar avløysing ein potensielt kan få gjennom gjeldande utmålingsnivå på avløysartilskotet til ferie og fritid.

Det er vidare ein stor del av avløysinga som skjer gjennom eigne barn, avløysarar frå avløysarlag og anna leigehjelp. Mange tiltak som kan betre tilgangen på avløysarar og landbruksvikarar ligg utanfor jordbruksavtalen sitt verkeområde. Det kan likevel vurderast verkemiddel for å legge til rette for meir kompetansehevande aktivitet for avløysarar og landbruksvikarar. Arbeidsgruppa ser mellom anna at auka spesialisering i dei ulike jordbruksproduksjonane gjer at kompetansekrava til avløysarane også i nokre høver aukar.

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for arbeidet og mandat

I jordbruksoppgjøret 2023 vart partane einige om å nedsette ei partssamansett arbeidsgruppe som skulle gå gjennom tilskotsordningane for avløyning ved sjukdom og fødsel mv. og landbruksvikarordninga. Mandatet for arbeidet går fram av Prop. 121 S (2022-2023):<sup>1</sup>

«Avtalepartene legger stor vekt på at norsk landbruk skal ha tilgang på godt fungerende velferdsordninger. Dette er viktig for bl.a. å bidra til rekruttering og at bønder blir værende i næringen. Partene har som mål å videreutvikle dagens ordninger, og det nedsettes derfor en partssammensatt arbeidsgruppe som skal vurdere endringer i tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel mv. og landbruksvikarordningen. Formålet med arbeidsgruppen er å bidra til å gi norske bønder økonomisk sikkerhet ved sykdom og skade, og at bonden kan være trygg på at det er mulig å få tak i kompetente folk som kan ta over drifta og stelle dyra hvis man blir syk. Navs ordninger er et viktig grunnlag for avløyingsordninga, bl.a. ved at tildeling av ytelse fra Nav i stor grad er et vilkår for å kunne oppnå avløsertilskuddet.

Gjennomgangen skal bl.a. omfatte:

- Vurdere endringer i formålsbestemmelsene for ordningene, som å ta inn hensynet til dyrevelferd, og ev. effekter av dette.
- Nivået på ytelsene over avløsertilskuddet, herunder vurdere samordningen mellom beregnet tilskudd og bl.a. lønn og ytelse fra Nav (pensjon, stønader ved sykdom, uføret, svangerskap, fødsel og foreldrepermisjon). En stor andel norske bønder har lønnsinntekt utenfor bruket som inngår i samordningen, mens bønder uten slik inntekt eller ytelse fra Nav, ikke får avkortet beregnet avløsertilskudd før utbetaling. Denne forskjellen i utmålingen av tilskuddet inngår i vurderingen av samordningen.
- Vurdere mulighet for å gi tilskudd til avløsning ved sykdom også når ektefelle/samboer, eller person med næringsinntekt fra foretaket er avløser.
- Vurdere bestemmelsene for graderingen av avløsertilskuddet når ytelsene fra Nav er gradert.
- Bestemmelsene om tidsavgrensning på ytelsene fra ordningene, inkl. avløsertilskudd ved sykdom som stanser når det er utbetalt tilskudd for en person i 365 dager de siste tre årene.
- Hvilke krav bør stilles til avløserlag som deltar i landbruksvikarordningen, jf. forskriftens § 2 hvor det heter: «ha tilstrekkeleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg.»
- Vurdere nivået på tilskuddet per årsverk landbruksvikarvirksomhet ut fra kostnadene avløserlagene har med deltakelse i ordningen.
- Med grunnlag i den eksterne utredningen vurdere tilgangen på avløser og landbruksvikarer med tilstrekkelig kompetanse.

Arbeidet gjennomføres i tråd med utredningsinstruksen av 19. februar 2016. For de endringsforslag som fremmes, må det gis en vurdering av effekter for proveny og tilskuddsforvaltningen.

Den partssammensatte arbeidsgruppen skal ledes av Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet skal ha hovedansvaret for sekretariatsfunksjonen for arbeidsgruppen.

---

<sup>1</sup> Landbruks- og matdepartement. (2023). *Prop. 121 S (2022-2023) Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.)*. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/d3053b42c8724076950d3b48a15bcd22/no/pdfs/prp20222023012100oddpdfs.pdf>



Det etableres en referansegruppe med deltakere fra bl.a. Nav, Norske Landbrukstenester og en statsforvalter/kommune.»

## 1.2 Organisering av arbeidet

Rapporten er utarbeidd av ei partssamansett arbeidsgruppe med sekretariat. Arbeidsgruppa har bestått av følgande:

<b>Medlem</b>	<b>Organisasjon</b>
Siri Voll Dombu (leiar)	Landbruks- og matdepartementet
Marte Johnsen Dalen	Landbruks- og matdepartementet
Håkon Grotli	Landbruks- og matdepartementet
Per Skjeflo	Finansdepartementet
Amund Johnsrud/ Elise Midling-Hansen	Norges Bondelag
Arthur Salte	Norges Bondelag
Lise Saga	Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Vegard Vigdenes	Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Det har vore åtte møter i arbeidsgruppa. Finansdepartementet har ikkje hatt høve til å delta i arbeidet.

Sekretariatet for rapporten har bestått av Tobias Høyvik (leiar av sekretariatet) og Ingjerd Terese Skaug Robin frå Landbruksdirektoratet og Marianne Aas Halse og Synnøve Vonen Kvaal frå statsforvaltaren.

Sekretariatet har også nytta seg av ei referansegruppe beståande av Norske Landbrukstenester (NLT), Arbeids- og velferdsetaten (Nav), Klepp kommune, Stor-Elvdal kommune, Statsforvaltaren i Nordland, Statsforvaltaren i Trøndelag, Norges Bygdeungdomslag og Ungdomsutvalet til Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Det har blitt gjennomført fire møter med referansegruppa.

I jordbruksoppgjeret 2023 vart det også sett av FoU-middel til ei kartlegging av tilgangen på avlørsarar og landbruksvikarar og korleis den kan styrkast. Rapporten vart utarbeidd av Ruralis og levert til arbeidsgruppemøte nr. 5 den 10. januar 2024.

## 1.3 Tolking av mandatet og avgrensing av arbeidet

Arbeidsgruppa forstår mandatet slik at ordningane ikkje skal bli gjennomgått i heilskap, men at sentrale tema i ordningane skal bli vurdert i samsvar med mandatet. Tidlegpensjon i jordbruket og sjukepengeordninga er ikkje omfatta av denne rapporten, men blir kort omtalt innleiingsvis for å gi eit heilskapleg bilete av velferdsordningane i jordbruket. Tilskot til avløyning blir også omtalt innleiingsvis som ein del av velferdsordningane, og blir vidare tatt omsyn til ved vurdering av tilgangen på avlørsarar. Andre tilhøve ved ordningane er ikkje ein del av mandatet og inngår derfor ikkje i arbeidsgruppa sine vurderingar.

## 2 Landbrukspolitiske mål og velferdsordningane

### 2.1 Overordna målsettingar

Dei overordna landbrukspolitiske måla er fastsett i Prop. 1 S Landbruks- og matdepartementet (2023-2024), jf. Figur 1.

Matsikkerheit og beredskap	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar
Sikre forbrukarane trygg mat	Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane	Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter	Redusert forureining frå landbruket
Auka matvareberedskap	Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing	Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat	Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO <sub>2</sub> og gode klimatilpassingar
God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd	Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling	Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine samla ressursar	Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal og ressursgrunnlag
Satsje på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane	Leggje til rette for rekruttering i heile landet	Vidareutvikle Noreg som matnasjon	Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet
	Ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift	Leggje til rette for bonden sine inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden	
		Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder	
Ei effektiv landbruks- og matforvaltning			
Forskning, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken			
Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar			

Figur 1: Målstruktur for norsk landbruks- og matpolitikk Kjelde: Prop. 1 S (2022-2023)

### 2.2 Velferdsordningane i høve landbrukspolitiske mål

I Innst. 462 S (2021–2022) frå stortingsbehandlinga av jordbruksoppgjæret 2022 skreiv næringskomiteen at:

«[Nærings]komiteen viser til at gode velferdsordningar har stor betydning for å bidra til likestilling og rekruttering av nye utøvere til norsk landbruk. Tilskudd til avløsning ved sykdom, fødsel mv. er viktig for jordbruket gjennom å finansiere arbeidshjelp når brukerne pga. sykdom, svangerskap eller andre grunner ikke kan ta del i driften.»

Velferdsordningane spelar ei rolle for rekruttering til landbruket ved å gi bønder høve til å kunne ta ut ferie og fritid, og fordi tilskotet til avløsning ved sjukdom, fødsel mv. er med og sikrar tilgang til arbeidshjelp i slike situasjonar. Velferdsordningane medverkar til å støtte opp under fleire landbrukspolitiske mål jf. Figur 1.


Den enkelte bonde tar på seg eit personleg økonomisk ansvar ved investeringar i landbrukseigedom, bygningar, dyr og maskiner.

Sjølvstendige næringsdrivande i jordbruket har enkelte rettar som andre sjølvstendige næringsdrivande ikkje har. Sidan særleg husdyrproduksjon er i kontinuerleg drift, også for å oppretthalde dyrevelferd, kan ein ikkje vere fråverande frå drifta. Jordbruksføretaka blir i hovudsak driven som enkeltpersonføretak og det er ofte få andre personar som kan gi arbeidshjelp til drifta. Jordbruksavtalepartane har derfor etablert ordningar spesielt retta mot desse yrkesutøvarane.

Velferdsordningane er også viktige for å sikre og auke tal unge bønder og kvinner i jordbruket.

## 2.2.1 Velferdsordningane sin del løyvingane over jordbruksavtalen


I jordbruksforhandlingane blir tilskotsordningar retta mot jordbruket utforma og bestemt. Det er sju hovudgrupper av verkemiddel, som til saman utgjer 27 mrd. kroner for budsjettåret 2024.



Figur 2: Fordeling av løyvingar over Jordbruksavtalen 2024. Kjelde: Prop. 1 S. (2023-2024)

Produksjonstilskot representarar 60 prosent av løyvingane, medan velferdsyttingane representarar 7 prosent jf. Figur 2. Dei andre hovudgruppene av verkemiddel er pristilskot (22 prosent), fondsavsetningar (9 prosent), marknadsregulering (1 prosent), utviklingstiltak (1 prosent) og tilskot ved produksjonssvikt (< 1 prosent).<sup>2</sup>

Av dei om lag 1,9 mrd. kronene som er løyvd over jordbruksavtalen til velferdsordningane, er det i 2024 størst overføring til avløysartilskotet ved ferie og fritid med 81 prosent, jf. Figur 3. Dei resterande fire ordningane, tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv., landbruksvikarordninga, sjukepengeordninga og tilskot til tidlegpensjon i jordbruket utgjer 19 prosent av den totale overføringa til velferdsordningane.




Figur 3: Fordeling av tilskotsløyvingar over dei ulike velferdsordninga. Kilde: Prop. 121 S (2022 - 2023)

<sup>2</sup> Nokre av løyvingane er overslagsløyvingar, til dømes tilskot ved produksjonssvikt, og faktisk utbetaling kan bli høgare eller lågare.

Til saman bidrar tilskot til avløyning v/ ferie og fritid, tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. og landbruksvikarordninga til å gi bonden fritid og arbeidsavlastning, samt tryggleik ved sjukdom, skade, svangerskap og fødsel. I sum utgjer desse tre ordningane 95 prosent av den totale løyvinga til velferdsordningane i 2024.

Som vist i Figur 4 har løyvinga til velferdsordningane auka i jordbruksoppgjera 2022 og 2023.



Figur 4: Utvikling av løyvingane til velferdsordningane i mill. kroner<sup>3</sup>

I sum utgjer auken om lag 400 mill. kroner i årleg løyving frå 2022 til 2024. Ordningane tilskot til avløyning ved ferie og fritid og tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv., står for den største auken i form av auke i satsar og maksimalbeløp.

### 2.3 Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.

Tilskotet blir forvalta etter forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. (sjukdomsavløyingsforskrifta) og føresegnene fastsett i dei årlege jordbruksavtalane.<sup>4</sup> Føremålet med tilskotet er å medverke til å dekke kostnader til avløyning ved eigen eller barns sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking, og ved dødsfall, jf. sjukdomsavløyingsforskrifta § 1. Tilskotet kan bli gitt til dekking av dokumenterte utgifter til avløyning.

Det er kommunane som fattar vedtak om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Statsforvaltaren er klageinstans og fattar vedtak om dispensasjon. Landbruksdirektoratet er klageinstans for dispensasjonssaker, administrere ordninga og utbetalar tilskot.

I fjorårets jordbruksoppgjær vart maksimalt tilskot per dag auka med 350 kroner frå 2 100 kroner i 2023 til 2 450 kroner i 2024. Det er løyvd totalt 188,7 mill. kroner til ordninga i 2024.<sup>5</sup>

### 2.4 Landbruksvikar

Landbruksvikarordninga forvalta etter forskrift om tilskot til landbruksvikarordninga<sup>6</sup> (landbruksvikarforskrifta) og har som føremål å bidra til å sikre at føretak med husdyr- og planteproduksjon får tilgang på kvalifisert hjelp til avløyning ved sjukdom og i krisesituasjonar, jf. landbruksvikarforskrifta § 1. I dei årlege jordbruksoppgjera blir det løyvd tilskot til avløyssarlag som deltek i ordninga.

Tilskotsordninga tek utgangspunkt i at det er behov for om lag 240 landbruksvikarårsverk for å halde ved like beredskap ved sjukdom- og krisetilfelle i heile landet. Kvart årsverk svarar til 294 400 kroner i tilskot i

<sup>3</sup> Løyvingar 2015-2024.

<sup>4</sup> Forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. (FOR-2014-12-19-1821). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-12-19-1821u>

<sup>5</sup> Landbruks- og matdepartement. (2023). Prop. 1 S (2023-2024) For budsjettåret 2024 under Landbruks- og matdepartementet Utgiftskapittel: 1100–1161 Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/4bb9246f1fe94868a0dba23e554ce3a1/mn-no/pdfs/prp202320240001lmddddpdfs.pdf>

<sup>6</sup> Landbruksvikarforskrifta. (2008). Forskrift om tilskot til landbruksvikarordninga. (FOR-2007-10-22-1167). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-10-22-1167>

2023 og den totale løyvinga til ordninga var på 70,7 mill. kroner for 2023.<sup>7</sup> Satsane vart auka til 305 000 kroner for 2024 med ei løyving på 73,3 mill. kroner.

Det er Landbruksdirektoratet si oppgåve å administrere ordninga, fordele tilskotet mellom statsforvaltarane og utbetale tilskotet. Statsforvaltaren handsamar søknadar om tilskot frå avløysarlaga og mottar rapportering frå avløysarlaga for det førre året innan 1. februar.

Avløysarlaga skal mellom anna rapportere på samla kostnader, administrasjonskostnader, inntekter og totalt avløyste timar som er utført i regi av avløysarlaget. Samtidig som dei rapporterer, søker dei også om tilskot for det inneverande året.

## 2.5 Avløysarordninga ved ferie og fritid

Tilskotet er regulert i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket.<sup>8</sup>

Føremålet med ordninga er å legge til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fritid og hjelp til avlasting gjennom å bidra til å dekke utgifter til leige av arbeidskraft. Tilskotet blir rekna ut på grunnlag av satsar per dyr. Tilskotet blir ikkje gitt for planteproduksjon. Satsane blir bestemt i dei årlege jordbruksoppgjera og er differensierte etter dyreslag, samt avgrensa til eit maksimalt tilskot per føretak. For å få utbetalt avløysartilskot må føretaket ha eit tilskotsgrunnlag som kan løyse ut ei utbetaling på minimum 5 000 kroner.

Dei som søker om tilskot, skal kunne dokumentere faktiske utgifter til leigd arbeid. Tilskot blir gitt ved kjøp av tenester frå avløysarlag eller anna føretak, samt løn til tilsett som søkar har arbeidsgivaransvar for.

I jordbruksoppgjeret 2023 vart satsane per dyr auka med 5 prosent, medan maksimalbeløpet per føretak vart auka med 30 000 kroner, som utgjer 31 prosent auke. Taket for utbetaling per føretak er etter dette 126 580 kroner i 2024. Den samla løyvinga til ordninga tilskot til avløysing ved ferie og fritid er på 1 554,9 mill. kroner i 2024.<sup>9</sup>

I rapporten blir denne tilskotsordninga omtalt i kap. 6 om tilgang på avløysarar og landbruksvikarar.

## 2.6 Sjukepengeordninga

Alle sjølvstendige næringsdrivande har rett på sjukepengar frå og med 17. sjukefråværsdag. Det fastsettast eit sjukepengegrunnlag når Nav betalar sjukepengar. Sjukepengegrunnlaget blir som hovudregel berekna ut frå gjennomsnittet av pensjonsgivande inntekt for dei siste tre åra, og er avgrensa opp til seks gangar grunnbeløpet (6 G). Sjukepengane svarer til 80 prosent av sjukepengegrunnlaget.

Jord- og skogbrukarar har ei særordning knytt til sjukepengar. Sjukepengeordninga over jordbruksavtalen sørger for at jord- og skogbrukarar får utbetalt sjukepengar tilsvarande 100 prosent av sjukepengegrunnlaget. Jordbruksavtalen dekker dermed kostnaden for å auke sjukepengane til jord- og skogbrukaren frå 80 til 100 prosent for sjukdom utover 16 dagar. I 2024 er det løyvd 38,1 mill. kroner til ordninga.

I samsvar med mandatet for utgreiinga blir ikkje ordninga nærmare omtalt i denne rapporten.

## 2.7 Tilskot til tidlegpensjon i jordbruket

I 1999 vart tilskotsordninga *tidlegpensjon i jordbruket* oppretta. Føremålet med ordninga er å bidra til å lette generasjonsoverganger i jordbruket for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk, gartneri og skogbruk, jf. forskrift om tilskudd til tidligpensjonsordningen.<sup>10</sup> Ordninga er retta mot jordbrukarar som har fylt 62 år og som har drive jordbruk i minst 15 år. Det blir forutsett at brukaren har

---

<sup>7</sup> Landbruks- og matdepartement. (2023). Prop. 121 S (2022-2023) Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjeret 2023 m.m.). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/d3053b42c8724076950d3b48a15bcd22/no/pdfs/prp202220230121000dddpdfs.pdf>

<sup>8</sup> Produksjonstilskuddsforskrifta. (2015). Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket. (FOR-2014-12-19-1817). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-12-19-1817>

<sup>9</sup> Jordbruksavtalen 2023-2024. (2023). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/e09a4e2ba1ba4b839863706516f2baf0/jordbruksavtale-2023-2024-per-22.01.24-med-endelige-satser-produksjonstilskudd-og-satser-for-produksjonssvikt.pdf>

<sup>10</sup> FOR-1999-02-03-190

lønsinntekter ved sidan av tilskotet. Tilskotet er derfor ikkje meint å vere likt andre tidlegpensjonsordningar der ein forutset at mottakar kan leve på pensjonen åleine.

For einbrukarpensjon er det vilkår om at minst 67 prosent av inntekta til søker har kome frå næringsgrunnlaget til bruket sett over ein femårsperiode. Eit anna hovudvilkår for å kunne få innvilga tilskotet er at søker av tilskotet ikkje lenger kan eige eller forpakte ein landbrukseigedom. Vedkomande kan ikkje lenger ha næringsinntekt frå jordbruk, gartneri eller skogbruk, eller ha næringsinteresser i føretak som driv slik verksemd. Det er krav om neste eigar har overtatt drifta for å få tilskot. Retten til tilskot fell vekk etter at tilskotsmottakar har fylt 67 år. Det er også høve til å gi tobrukarpensjon til både brukar og ektefelle dersom ektefellane/sambuar også oppfyller vilkåra til inntektssamansetting.

I samsvar med mandatet for utgreiinga blir ikkje ordninga nærmare omtalt seinare i rapporten.

## 3 Om ordningane

I dette kapitelet skildrast dei to velferdsordningane landbruksvikarordninga og tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Vidare følger ei skildring av andre offentlege velferdsordningar som sjølvstendige næringsdrivande har, samanlikna med dei jordbrukaren kan få.

Dei to nemnde velferdsordningane skal saman bidra til at bonden får arbeidshjelp når hen er sjuk eller av andre definerte årsaker ikkje kan utføre gardsarbeidet sjølv. Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. bidrar til å dekke kostnader til innleigd arbeidshjelp, medan avløyarlaga gjennom landbruksvikarordninga pliktar å stille med arbeidshjelp ved akutt skade og sjukdom.

I det følgjande tar rapporten føre seg historikken til landbruksvikarordninga og tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Framstillinga er ikkje komplett, men tek føre seg sentrale utviklingstrekk i ordningane og seier noko om kvifor ordningane er innretta slik som dei er i dag.

### 3.1 Landbruksvikarordninga

#### 3.1.1 Historikk

Den første velferdsordninga i jordbruket som vart oppretta, var landbruksvikarordninga i 1969. Føremålet med tilskotsordninga var å skaffe vikarar ved sjukdom hos bonden. Frå 1969 fram til 2008 var ordninga lagt til kommunane der staten dekte 75 prosent av nettoutgiftene som kommunen hadde knytt til ordninga.

Kommunen kunne sjølv forvalte ordninga og tilsette landbruksvikarar, eller sette vekk forvaltninga av ordninga til andre, til dømes avløyarlaga. Tilskotet var delt mellom eit grunntilskot som skulle dekke administrasjon av ordninga og eit direktetilskot som skulle refundere det enkelte avløyningstilfellet. Det var krav om at bonden først måtte be om avløyarsar gjennom landbruksvikarordninga før hen eventuelt kunne finne ein avløyarsar sjølv for å få dekt utgiftene gjennom ordninga.

Fram mot 2008 vart det stadig færre kommunar som greidde å oppretthalde eit landbruksvikartilbod. I 2007 var det 100 av 435 kommunar som hadde eit landbruksvikartilbod. Det vart på grunnlag av den låge beredskapsdekninga avgjort mellom partane i 2007 at ordninga skulle flyttast frå kommunal forvaltning til avløyarlaga, med mål om at landbruksvikarordninga skulle dekke heile landet.<sup>11</sup> I prosessen med å utmåle tilskotet vart det lagt til grunn at eitt årsverk landbruksvikar var tilstrekkeleg for å halde beredskap for om lag 150 jordbruksføretak. Totalt vart det vurdert at beredskapen var tilstrekkeleg ved om lag med 240 årsverk. Ved fastsetting av nivået på tilskotssatsen vart det vurdert kor høg løn avløyarlaga måtte betale for å ha nok landbruksvikarar. Dette førte til ei auka ramme for tilskotet samanlikna med då ordninga var kommunal.

I 2019 vart forskrifta endra slik at avløyarlaga ikkje lenger var avgrensa til maksimal sats for tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. ved fakturering for bruk av landbruksvikar.<sup>12</sup> Den og fleire endringar

<sup>11</sup> Jordbruksavtalen 2007-2008. (2007). Henta frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/jordbruksavtale\\_2007-2008.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/jordbruksavtale_2007-2008.pdf)

<sup>12</sup> Landbruks- og matdepartementet. (2018). Høring - Forskrift om tidligpensjon til jordbrukere og forskrift om tilskudd til landbruksvikarvirksomhet. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---forskrift-om-tidligpensjon-til-jordbrukere-og-forskrift-om-tilskudd-til-landbruksvikarvirksomhet/id2613478/>

i ordninga var ei oppfølging av jordbruksoppgjæret 2018. Avløysarlaga kunne med dette sjølv avgjere kor mykje dei skulle fakturere for ved landbruksvikarbistand. Det viser seg gjennom avløysarlaga si rapportering til Landbruksdirektoratet, at avløysarlaga stort sett ikkje fakturerer bøndene for meir enn det som er maksimalsatsen for tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.

I den same forskriftsendringa i 2019 gjekk ein også vekk frå å motrekne tilskotet. Fram til då vart tilskotet gitt forskotsvis og eventuelt ubrukne tilskotsmiddel vart kravd tilbakebetalt. For dei aller fleste tilskotsordningar over jordbruksavtalen, blir unytta middel kravd tilbakeført, slik at jordbruksavtalepartane kan fastsette bruken av pengane, evt. Førre dei tilbake til same tilskot og føremål.<sup>13</sup> Dette for å sikre at det er partane som fastset bruken av midla over jordbruksavtalen. For å bidra til betre økonomi i avløysarlaga sitt arbeid med landbruksvikarordninga, vart dette kravet likevel avvika.

I tillegg vart også avgrensinga på kor mykje av tilskotet avløysarlaga kunne nytte til utdanning av landbruksvikarar, administrasjon mv. fjerna. Med dette kunne laga som deltek i landbruksvikarordninga bruke eventuelt unytta middel til kompetansetiltak mv.

### 3.1.2 Dagens ordning

Tilskot til landbruksvikarverksemdar har som føremål å bidra til å sikre at føretak som driv med husdyr- og planteproduksjon har tilgang på kvalifisert hjelp til avløysing ved sjukdom og i krisesituasjonar.

Landbruksdirektoratet fordeler dei 240 årsverka landbruksvikarar mellom de ulike fylka i Noreg. Det er vidare statsforvaltarane sitt ansvar å fordele tilskotet mellom avløysarlaga som søker i deira fylke. Avløysarlaget får rekna ut sitt tilskotsnivå ut frå mellom anna tal produsentar og reiseavstandar mellom desse. I tilskotet ligg det også tilskot til administrasjon av landbruksvikar.

Avløysarlag som mottar tilskot pliktar innanfor sitt geografiske ansvarsområde å ha tilstrekkeleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg, jf. Forskrifta § 2. Geografisk ansvarsområde blir fastsett av statsforvaltaren etter samråd med avløysarlaga. Avløysarlaga pliktar å stille med landbruksvikar for ein periode på inntil 14 dagar for kvart tilfelle ein bonde treng arbeidshjelp ved akutt skade og sjukdom. Det er eit vilkår at produsentar som får hjelp tilfredsstillar krava for å få tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. I Landbruks- og matdepartementets høyringsbrev i tilknytning til fastsetting av ny forskrift i 2008, vart det ikkje talfesta kva som er å rekne som tilstrekkeleg beredskap innanfor sitt geografiske ansvarsområde.<sup>14</sup> Ein la til grunn at kvart enkelt avløysarlag må vurdere behovet for beredskap og legge denne vurderinga inn i søknad om tilskot til statsforvaltaren, men statsforvaltaren har også eit eige ansvar for å fordele tilskotet mellom avløysarlaga i sitt fylke ut frå lokaliseringa av jordbruksføretaka, type produksjon og storleiken på det geografiske området avløysarlaget har ansvaret for.

Avtalepartane har fastsett at avløysarlaga, når det gjeld landbruksvikarordninga, må vere ein organisasjon som:<sup>15</sup>

- har som føremål å organisere og administrere avløysing innanfor eit geografisk område
- har opent medlemskap for alle jordbruksføretak i området som har rett på avløysartilskot
- er organisert med et eget styre og vedtekter, og
- er godkjent av statsforvaltaren

## 3.2 Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.

### 3.2.1 Historikk

Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. vart oppretta i 1976 som ei prøveordning. Ordninga vart regulert av forskrift for refusjon av utgifter til leid hjelp under sjukdom.

---

<sup>13</sup> Dette gjeld postar over jordbruksavtalen med overførbare bevilgningar, men dette gjeld ikkje for tilskot med overslagsløying. For slike løyvingar kan prognosert forbruk av pengar gå over budsjettforlaget.

<sup>14</sup> Landbruks- og matdepartement. (2007). Fastsetting av ny forskrift om tilskudd til landbruksvikarvirksomhet og endring av forskrift om tilskudd til avløsning. Henta frå:  
[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/regelverk/brev\\_forsk\\_tilsk\\_landbrvikord\\_30102007.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/regelverk/brev_forsk_tilsk_landbrvikord_30102007.pdf)

<sup>15</sup> Jf. Landbruksvikarforskrifta § 4, jf. Jordbruksavtalen punkt 9.4



Ordninga vart gjort permanent i jordbruksavtalen i 1978 og det vart mellom anna lagt til grunn at ordninga representerte eit viktig supplement til landbruksvikarordninga.<sup>16</sup> Dette kom til uttrykk gjennom krav om bruk av landbruksvikar så langt det var mogleg ved sjukdom.<sup>17</sup>

Ordninga var retta mot brukar og eventuell ektefelle. Ein føresetnad for å få refusjon, var at den avløyste var av avgjerande betydning for å halde husdyrproduksjonen i gang. Ein måtte ha ein produksjon som minst innebar 0,25 (seinare 0,2) årsverk for å få tilskot. Det var berre utgifter knytt til *ekstra hjelp* som vart refundert.<sup>18</sup>

Som hovudregel skulle det ikkje bli gitt tilskot til avløyning av personar med arbeidsforhold utanfor bruket.<sup>19</sup> Landbruksselskapet/-kontoret kunne likevel etter ei konkret vurdering opne for tilskot til avløyning av bønder som hadde deltidsarbeid utanom jordbruksdrifta. Då skulle dagsatsen i så fall graderast i tråd med arbeidsinnsatsen i husdyrproduksjonen.

Ordninga var avgrensa til at det var arbeidsinnsatsen som den avløyste utførte på bruket som kunne bli erstatta av avløyaren, og ikkje av arbeid som blir utført av andre personar som var involvert i drifta.

Frå og med 1989 vart satsane for refusjon endra frå tre til fem satsar.<sup>20</sup> Tilskotet vart rekna ut på grunnlag av arbeidsforbruk basert på tal husdyr på garden og justert for anna inntekt. Det vart mogleg å få refundert utgifter til familieavløyning dei første 14 dagane og inntil 22 veker under svangerskap eller fødsel.<sup>21</sup> I tillegg vart det opna for refusjon av avløyarsutgifter i samband med repetisjonsteneste.

Frå 1996 gjekk ein vekk frå å rekne ut avløyarsrefusjon (og husdyrtilskot) på grunnlag av årsverk. Ny metode for utrekning av refusjon vart gjort på grunnlag av kroner per dyr. Dette i tråd med satsane for refusjon av avløyarsutgifter for ferie og fritid.<sup>22</sup> Ein fekk då ein maksimal dagsats som vart rekna ut frå tilskotsgrunnlaget.<sup>23</sup> I tilskotsgrunnlaget skulle også løn og sjukepengar for løn inkluderast.

I jordbruksoppgjøret i 1998 vart avkortingsreglane endra, slik at det ikkje vart gjort avkorting før summen av refusjon og utbetalte sjuke- eller fødselspengar minst svarte til maksimal dagsats i ordninga.<sup>24</sup> I det same oppgjøret vart det også opna for at sambuar/ektefelle kunne få refusjon på lik linje som brukar, som ei følge av at også dei vart oppfatta som brukar i forskrifta. Kravet var at ein hadde næringsinntekt frå bruket. Kravet vart nærmare presisert ved jordbruksoppgjøret i 2000.<sup>25</sup> Då vart kravet til næringsinntekt satt til minimum 1/2 G. Det vart også innført ein dispensasjon for brukarar som over ein kort periode og av spesielle grunnar har for låg næringsinntekt for å kunne få refusjon.

I tidsrommet 2005 – 2023 vart det innført enkelte endringar. I 2012 vart det mogleg å få gradert avløyarsartilskot ved fødsel når uttak av foreldrepengane frå Nav var gradert (tidskonto).<sup>26</sup>

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. vart i 2015 skilt ut i eiga forskrift. I tidsrommet 1999 - 2015 var tilskotet handsama i same forskrift som tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Innføringa av den nye forskrifta innebar i all hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett. I 2015 vart det innført i jordbruksavtalen

---

<sup>16</sup>Forbruker- og administrasjonsdepartementet. (1978). Prop. nr. 186 Om jordbruksavtalen 1978-1980 og om endringer i statsbudsjettet for 1978 m.v. Henta frå: [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1977-78&paid=2&wid=b&psid=DIVL1283&pgid=b\\_1179](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1977-78&paid=2&wid=b&psid=DIVL1283&pgid=b_1179), s. 7.

<sup>17</sup> Forskrifter for refusjon av avløyarsutgifter i husdyrbruket under sjukdom § 5, 1981

<sup>18</sup> Forskrifter for refusjon av avløyarsutgifter i husdyrbruket under sjukdom § 2 første ledd, 1981

<sup>19</sup> Landbruksdirektoratet Rapport nr. 18/2019 s. 20

<sup>20</sup> Produksjonstillegg i jordbruket, 1989, M-0524

<sup>21</sup> Landbruksdepartementet. (1993). St.meld. nr. 28 (1992-93) Om gjennomføringen av jordbruksoppgjøret 1988-90 m.v. Henta frå: [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1992-93&paid=3&wid=c&psid=DIVL294&pgid=c\\_0427](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1992-93&paid=3&wid=c&psid=DIVL294&pgid=c_0427)

<sup>22</sup> Rundskriv M5/96, S-180/96 JB2 IJK Ark. 542.12.

<sup>23</sup> Tilsvaranda dagens tabell 9.3 i jordbruksavtalen

<sup>24</sup>Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Prop. nr. 67 (1997-1998) Jordbruksoppgjøret 1998 – Endringer i statsbudsjettet for 1998 m.m. Henta frå: <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=2577>, s. 98.

<sup>25</sup> Arbeids- og administrasjonsdepartementet. (2000), Prop. nr. 82 (1999-2000) Om jordbruksoppgjøret 2000 – endringer i statsbudsjettet for 2000 m.m. <https://www.stortinget.no/nm/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1999-2000&paid=2&wid=c&psid=DIVL1320>, s. 83

<sup>26</sup> Jordbruksavtalen 2012-2013. (2012). Teknisk jordbruksavtale 2012-2013. Henta frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/teknisk\\_jordbruksavtale\\_2012-2013.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/teknisk_jordbruksavtale_2012-2013.pdf)



eit ekstra alternativ til utrekning av tilskot.<sup>27</sup> Føretaket sitt tilskot skulle no settast til den lågaste summen av:

1. Føretaket sin maksimale dagsats i samsvar med tabell 9.3 i jordbruksavtalen, eller
2. Høgste maksimale dagsats med fråtrekk av det den avløyste personen kan få i
  - stønader frå Nav ved sjukdom, uføre og fødsel
  - løn og dagpengar,
  - alderspensjon, uføretrygd, offentleg og privat tenestepensjon i tillegg til avtalefesta pensjon, og
  - honorar for verv og godtgjering for tappt arbeidsforteneste

Fram til 2017 var utrekningsgrunnlaget for dyreproduksjon for tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. rekna ut frå satsane for avløyning ved ferie og fritid (tabell 9.1 i jordbruksavtalen). Tabell 9.2 i jordbruksavtalen som fram til 2017 berre hadde utrekningsgrunnlag for dekar planteproduksjon, kvadratmeter veksthus og bifolk vart no utvida til å også inkludere dyreproduksjonane i tabell 9.1.<sup>28</sup> Tilskotsgrunnlaget vart sett i samanheng med tabell 9.1. Då tabell 9.1 over tid hadde blitt oppjustert utan at tilskotsgrunnlaget i tabell 9.3 vart oppjustert, førte dette til at fleire og fleire bønder kom inn under høgaste maksimale dagsats.

### *Tidlegare arbeid*

I det vidare blir det gitt ei kortfatta framstilling av tidlegare arbeid som er gjort i samband med tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Sidan 2010 er det laga ei rekke utgreiingar som i meir eller mindre grad omtalar velferdsordningane.

### **Utredningar til jordbruksavtalepartene - Statens landbruksforvaltnings utredningar og vurderingar i tilknytning til jordbruksoppgjøret 2010 - Rapport nr. 1/2010**

Mandatet til rapporten følger av St.prp. nr. 75 (2008-2009), kap. 7.3.17:

«For å tilrettelegge for økt rekruttering, igangsettes et arbeid med å vurdere en egen støtteordning for ungdom. Avtalepartene skal involveres i arbeidet. Ordningen skal i tilfelle avgrensnes til å gjelde innenfor det distriktpolitiske virkeområde og den skal være enkel å forvalte. Partene er enige om at dette spørsmålet skal drøftes ved neste års jordbruksoppgjør.»

Utredninga omfatta mellom anna vurdering av ny tilskotsordning for unge bønder, noko som inkluderte ei evaluering av tilskot til avløyning ved sjukdom. I utredninga blir det peika på at tilskot til sjukdomsavløyning er viktig, men det blir ikkje analysert om denne ordninga kan målrettast ytterlegare mot unge bønder.

### **Vurdering av særskilte tema innenfor velferdsordningene – Rapport nr. 11/2014**

Mandatet til rapporten følger av Prop. 164 S (2012-2013), kap. 7.10.2:

«Partene er videre enige om at til jordbruksoppgjøret 2014 skal SLF utrede to forhold knyttet til sykdomsavløsning. For ytterligere å styrke ordningens effekt for produsenter med små barn, skal SLF utrede utvidelse av sykdomsavløsning til også å omfatte tilfeller hvor det foreligger legeerklæring om sykdom for egne barn under 12 år. Denne utredningen må bl.a. omfatte antall dager som bør dekkes per år, anslag for bevilgningsbehov, kontroll og i hvilken grad regelverket for ordningen bør samsvare med NAVs regelverk for omsorgspenger til lønsmottakere. Videre skal SLF utrede om det ved akutt sykdom/skade kan gis tilskudd til sykdomsavløsning gjennomført av ektefelle/samboere. Avtalepartene skal involveres i arbeidet gjennom en referansegruppe.»

I utgreiinga vart det ikkje tilrådd å opne for bruk av ektefelle/sambuar som avløysar ved akutt sjukdom/skade. Det vart tilrådd at ordninga skal bli utvida til å gjelde for foreldre som er heime med sjukt barn.

### **Evaluering av tilskuddsordningen for avløsning ved sykdom og fødsel mv. – Rapport nr. 2015/42**

---

<sup>27</sup> Jordbruksavtalen 2015-2016. (2015). Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/lmd/landbruk/div/jordbruksavtale-2015-2016-endelig-220615.pdf>

<sup>28</sup> Jordbruksavtalen 2017-2018. (2017) Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/4e46f99082e64722a0809fb0f69325d2/jordbruksavtale-2017-2018.pdf>

Mandatet til rapporten følger av Prop. 106 S (2013-2014), kap. 7.11.2:

«Det foreslås å gjennomføre en evaluering av ordningen med sikte på en forenkling for å oppnå en mindre krevende forvaltning og mer forutsigbarhet for tilskuddssøkerne. Det må fortsatt vektlegges at ordningen skal være målrettet mot de søkere som har størst behov for tilskuddet. Det må derfor tas hensyn til at mange søkere i tillegg til inntekt fra gårdsdrifta kan ha flere andre inntektsgrunnlag som nevnt over. Vurderingen av forvaltningen av ordningen må også omfatte oppgavefordelingen mellom kommune, fylkesmann og SLF.»

Vista Analyse fekk i oppdrag å gjennomføre evalueringa som beskrive i mandatet. I evalueringa blir det peika på fleire tiltak knytt til måloppnåing, forvaltningseffektivitet og alternative utformingar av ordninga. I jordbruksoppgjøret 2015 vart det sett av middel til utvikling av eit nytt sakshandsamingssystem, elles vart det ikkje innført andre endringar i ordninga.

### **Gjennomgang av tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel mv. – Rapport nr. 34/2015**

Denne rapporten frå Landbruksdirektoratet er ei oppfølging av rapport nr. 42/2015 «Evaluering av tilskuddsordningen for avløsning ved sykdom og fødsel mv» gjennomført av Vista Analyse. Dei gjennomgår dei seks alternativa for omlegging av tilskotsordninga frå Vista Analyse sin rapport, og føyer til ytterlegare tre. Tre av alternativa blir framheva som mest aktuelle; rekne frådrag for løn og ytingar frå dagsatsen til føretaket, redusere dagsatsen frå dag 17, samt gjere mindre endringar innafor ordninga. Ein av endringane er eit nytt og betre sakshandsamingssystem.

### **Forenkling av jordbruksavtalens virkemidler (2016)**

Arbeidsgruppa ble nedsett med grunnlag i einigheit i jordbruksoppgjøret om ei partssamansatt utredning om forenkling i landbruket. Mandatet seier:

«Arbeidsgruppa skal gjennomgå jordbruksavtalens virkemidler og foreslå forenklinger som gir et enklere og mer oversiktlig virkemiddelsystem. Det skal foreslås et virkemiddelsystem, med færre og enklere ordninger, og som er mer målrettet mot økt effektiv matproduksjon, på små og store bruk over hele landet. Det skal legges vekt på forenklinger for de næringsdrivende og en enklere forvaltning. Gruppa skal vurdere konsekvenser av forslagene, både hver for seg og samlet. Herunder skal forholdet til Norges forpliktelser iht. WTO-regelverket omtales og tas hensyn til. Utredningen skal ikke omfatte de markedsbalanserende ordningene under Omsetningsrådet eller kvote- og prisutjevningsordningen for melk.»

Arbeidsgruppa leverte delrapport til jordbruksforhandlingane 2015, og endeleg rapport i 2016. Rapporten skisserte to modellar for forenkling; «revisjonsalternativet» der ein peika på moglege forenklingar i ordningane slik dei er i dag, og «revolusjonsalternativet» der ein skulle bygge opp eit nytt verkemiddelsystem frå botnen av. I revolusjonsalternativet var ordninga tilskot til avløyning ved sjukdom avvika, og i revisjonsalternativet var ordninga forslått forenkla og samordna med Nav sine ordningar.

### **Alternative tilknytningskrav mellom jordbruksforetaket og den avløste i tilskuddsordningen for avløsning ved sykdom og fødsel mv. – Rapport nr. 7/2018**

Mandatet til rapporten følger av Prop. 141 S (2016-2017), kap. 7.11.2:

«Det legges opp til at Landbruksdirektoratet gjennomfører en utredning av aktuelle tilknytningskrav mellom den som avløses og foretaket, og i denne sammenheng vurderer å utvide kretsen av de personer som kan gi grunnlag for utbetaling av avløsertilskuddet. Dette kan f.eks. gjøres ved å gi foretaket mulighet til å utpeke den som faktisk gjennomfører dyrestellet som den som kan gi grunnlag for utbetaling av tilskuddet. Direktoratet bes oppnevne en referansegruppe med medlemmer fra avtalepartene, Norske Landbrukstenester og eventuelt fylkesmanns- og kommunenivå. Utredningen forutsettes ferdigstilt før jordbruksoppjøret i 2018.»

I jordbruksoppgjøret 2018 vart det bestemt at innehavar av føretaket må ha næringsinntekt for å få tilskot til sjukdomsavløyning, men at det ikkje lenger skal stillast krav knytt til nivået på næringsinntekta. Partane var også einige om at ordninga ikkje skal utvidast til at ektefelle/sambuar kan vere avløysar.

### **Tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel mv. – Konsekvensene av å avvike samordningen mellom tilskuddet og jordbrukerens lønnsinntekt – Rapport nr. 18/2019**

I jordbruksoppgjøret 2018 var partane «enige om at Landbruksdirektoratet utreder konsekvensene av å avvike samordningen av tilskudd ved avløsning av sykdom og fødsel mv. mot lønnsinntekter, slik at en

*likestiller lønnsinntekter med andre næringsinntekter.» Landbruksdirektoratet tilrådte ikkje å avvike samordninga basert på funna i utredninga.*

## **Hvordan styrke tilskuddsordningen for avløsning ved sykdom og fødsel mv. - Rapport fra arbeidsgruppe i Norges Bondelag, 2022.**

Mandat for arbeidet ble gitt i styresak 15/22 i Norges Bondelag.

«Norges Bondelag mener det trengs både mer kunnskap og informasjon om velferdsordningene i landbruket, samt tilpasninger i disse. Det settes derfor ned ei arbeidsgruppe som skal legge fram sine vurderinger i et notat til styret innen 15. februar 2022.

Mandat for arbeidsgruppa

- Avgrensa til ordningen for avløsning ved sykdom (inkludert svangerskap/fødsel).
- Hvilke særskilte behov har bonden mtp. velferdsordninger i forbindelse med svangerskap og fødsel ( gjerne sammenligna med andre næringsdrivende – og lønsmottakere)?
- Hvilke utfordringer er spesielt knyttet til svangerskap og fødsel i regelverket, og hva kan være aktuelle endringer/tilpasninger?
- Foreslå nye/aktuelle ordninger, samt anslå kostnader ved endringer i ordninger/nye ordninger.
- Foreslå hvordan vi kan nå ut med informasjon og kunnskap slik at bonden lett kan få vite sine rettigheter»

Rapporten legg vekt på rekruttering, kvinnelege bønder, svangerskap og fødsel. Rapporten foreslår endringar i ordninga, som føremål og samordning, men også korleis ein kan auke informasjonen og kunnskapen rundt ordninga.

## **Dagsatser for tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel mv. – Tabell 9.2 og 9.3 i jordbruksavtalen – Rapport nr. 11/2020**

I revidert tildelingsbrev for 2019 fekk Landbruksdirektoratet følgande oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet:

«Dagsats for sykdomsavløsning

Det vises til kap. 9.2 i Jordbruksavtale 2019-2020 og tabellene 9.2 og 9.3.

Landbruksdirektoratet skal utrede endring av den nåværende koblingen mellom tabellene, slik at heving av faktorene i tabell 9.2 ikke lenger automatisk fører til at foretak kan komme opp i høyere intervall for tilskuddsgrunnlag i tabell 9.3.»

Utredninga viste at tilskotsgrunnlaget i føretaka var meir fordelt over ulike dagsatsar enn forventa. Det ville krevje mykje ressursar å omprogrammere den elektroniske løysinga ein hadde til eit veldig annleis system for å finne dagsatsar. Landbruksdirektoratet tilrådte ikkje endringar i maksimal dagsats.

## **Evaluering av tilskudd til avløsning av jordbrukere med sykt barn for inntil 365 dager – Rapport nr. 15/2020**

Mandatet til rapporten følger av Prop. 120 S (2018-2019), kap. 7.9.1:

«Partene er enige om at Landbruksdirektoratet skal evaluere innføring av avløsertilskudd ved sykt barn for inntil 365 dager. Evalueringen skal omfatte forslag til avgrensning av bruk av ordningen, provenyeffekt og hvordan endringen kan implementeres i forvaltningen av ordningen. Direktoratet bes framlegge evalueringsrapporten innen 20. februar 2020, slik at partene kan ta stilling til eventuelle endringer i ordningen ved jordbruksoppgjøret i 2020. Det skal etableres en referansegruppe med avtalepartene.»

I jordbruksoppgjøret 2020 vart tal avløysardaga auka med 10 dagar per foreldre med barn som er kronisk sjuke eller som har nedsett funksjonsevne jf. tilråding i rapporten. Tal avløysardagar vart også auka frå 20 til 30 dagar per foreldre per år, og for åleineforeldre til 60 dagar per år.

### **3.2.2 Dagens ordning**

Vilkår for tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel er regulert i forskrift om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. Medan inngangsvilkåra er regulert i forskrifta, står utrekningsreglane i

jordbruksavtalen pkt. 9.2. Her står også reglane om gradering og utbetaling av to tilskot til same føretak for same periode, som rapporten handsamar nærmare i kapittel 4.4 og 4.6.<sup>29</sup>

Føremålet med tilskotet går fram av § 1 i forskrifta: «Føremålet med tilskotet etter denne forskrifta er å medverke til å dekke kostnadane til avløyning ved eigen eller barns sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking, og ved dødsfall».

### 3.2.2.1 Generelle vilkår

I forskrifta § 3 står dei generelle inngangsvilkåra.

Med unntak av tilskot ved dødsfall, er det jordbruksføretaket som er mottakar av tilskotet. Føretaket må vere registrert i Einingregisteret og drive vanleg jordbruksproduksjon.

For å få tilskotet må den det blir søkt om tilskot for (den som blir avløyst) «ha hatt næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv. frå føretaket i dei to siste inntektsåra som vedkomande har fått skatteoppgjer for per 1. januar det året avløyninga finn stad», jf. § 3 andre ledd. Når det gjeld krav til inntekt, blir det stilt ulike krav, avhengig av om det er innehavaren eller til dømes ektefellen som blir avløyst. For andre enn innehavar er det krav om ei næringsinntekt på minst 1/2 G i gjennomsnitt dei to siste åra. Kravet skal sikre ei viss tilknytning til garden. For innehavaren derimot er det ingen krav til storleiken på inntekta, fordi ein meiner at tilknytninga er sikra gjennom å vere innehavar. Det er tilgang til dispensasjon frå inntektskravet. For nye føretak som endå ikkje har fått skatteoppgjer for dei siste to åra, krev ein i staden at føretaket er eigna til å gi positiv næringsinntekt over tid. Dette er ei vurdering sakshandsamar må ta.

Vidare blir det berre gitt tilskot for dokumenterte utgifter til avløysar. Det krevst at dokumentet er datert slik at det kan godtgjere at avløyninga har funne stad i perioden bonden har vore sjuk eller fått barn mv. Bonden må også spesifisere arbeidsoppgåvene som avløysaren utfører og kostnadane for desse. Ved kjøp av avløysartenester kan det berre bli gitt tilskot når arbeidsoppgåvene er arbeid som bonden sjølv normalt kunne ha utført.<sup>30</sup> Landbruksdirektoratet har fastsett ei oversikt over kva for oppgåver dette gjeld.<sup>31</sup> Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. følger dei same retningslinjene som tilskot til avløyning ved ferie og fritid knytt til godkjent arbeid utført av avløysar.

For å få tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. er det, med nokre unntak, ikkje stilt krav til kven som har utført arbeidet for at det skal vere rekna som “avløyning” i forskrifta si forstand. Unntaka er dei same som gjeld for tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Det blir ikkje rekna som avløyning når arbeidet er utført av ein person som:

- er ektefelle/sambuar med nokon som har næringsinntekt frå føretaket
- er under 15 år, eller
- har næringsinntekt frå føretaket

Det kan ikkje bli gitt tilskot for same kostnadar gjennom tilskot til avløyning ved ferie og fritid og tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. berre dekker delar av kostnaden, kan ein få tilskot til avløyning ved ferie og fritid for resten.

Ved søknad om tilskot til avløyning ved ferie og fritid legg ein ikkje ved dokumentasjon på utgiftene ein har hatt det siste året, men ein må ha dokumentasjonen om føretaket blir tatt ut i kontroll.<sup>32</sup>

### 3.2.2.2 Tilskotsgrunnlag

I §§ 4 til 7 er det gitt nærmare reglar som gjeld dei særskilte ordningane ved høvesvis sjukdom, svangerskap mv., sjukdom hos barn og dødsfall, mellom anna dei ulike tidsavgrensingane frå tilskotet.

*Tilskot ved sjukdom*

---

<sup>29</sup> Forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. (2015). Forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. (FOR-2014-12-19-1821). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-12-19-1821>

<sup>30</sup> Jf. Kapittel 6.1.1

<sup>31</sup> Rundskriv 2024/3, Produksjonstilskudd og avløsertilskudd - kommentarer til regelverk § 6

<sup>32</sup> 10 prosent av søknader om produksjons- og avløysartilskot blir tatt ut i risikobasert kontroll kvart år.

Tilskot ved sjukdom blir berre gitt om den avløyste er under 70 år og sjukemeldt frå arbeidet i jordbruksføretaket, jf. § 4 første ledd. Det kan også bli gitt tilskot ved naudsynt behandling, kontroll eller undersøking på sjukehus eller hos spesialist godkjend av det offentlege i samband med personens eigen sjukdom eller skade, og då krevjast ikkje sjukemelding. Tidsavgrensinga for tilskotet er inntil 365 dagar i løpet av dei siste tre åra, men likevel slik at “[t]eljinga av dagar tek til på nytt kvar gang det er gått 26 samanhengande veker sidan den siste dagen i den føregåande perioden det har vore utbetalt tilskot for”, jf. § 4 andre ledd. Det er inga avgrensing på kor mange gangar ein kan få tilskot igjen etter 26 veker med karenstid.

#### *Tilskot ved svangerskap, fødsel, adopsjon og omsorgsovertaking av barn*

§ 5 i forskrifta regulerer retten til tilskot ved svangerskap, fødsel, adopsjon og omsorgsovertaking av barn.

For det første kan det bli gitt tilskot den avløyste personen er gravid og tek i mot svangerskaps pengar eller kan dokumentere med vedtak/erklæring frå Nav at dei medisinske vilkåra for rett til svangerskaps pengar er oppfylt, jf. første ledd. Bonden kan få tilskot ved svangerskap for same periode som Nav si avgjerd om svangerskaps pengar. Dersom arbeidet på garden ikkje er foreinleg med å vere gravid, kan den gravide bonden få utvida svangerskaps pengar og då følger tilskotet same periode som vedtaket i Nav.

Det kan også bli gitt tilskot når den det blir søkt tilskot for tek imot foreldrepengar eller har fått eingongsstønad ved fødsel etter folketrygdlova, jf. sjukdomsavløysingsforskrifta § 5 andre ledd. Tilskotsperioden fell saman med perioden for foreldrepengar eller, ved eingongsstønad, en periode tilsvarende mødrekvote og fellesdeles ved uttak av 100 prosent foreldrepengar, jf. tredje ledd. Tilskotet kan også bli gitt dersom ein har dagleg omsorg for eit barn og kan dokumentere at manglande oppfylling av oppteningsvilkåra er årsaka til at ein ikkje tek imot foreldrepengar, er registrert som far/medmor og bur på same adresse som barnet. Tilskotsperioden svarar då til ferdrekvota ved fullt uttak av 100 prosent foreldrepengar.

I samband med fødsel kan det også bli gitt tilskot for avløysing av far i inntil 14 dagar, med mindre føretaket mottek tilskot for avløysing av mor i perioden, jf. § 5 fjerde ledd. Far må då bu saman med mora til barnet. Det same gjeld ved adoptivforeldre og fosterforeldre si omsorgsovertaking. Når det gjeld samtidig yting for begge foreldra i samband med fødsel, skil forskrifta seg frå reglane i folketrygdlova. Etter folketrygda har far rett på to veker permisjon saman med mor rett etter fødsel. Permisjonen er ulønt for far med mindre anna går fram av avtale med arbeidsgivar eller eventuell tariffavtale. I kor stor grad det blir gitt tilskot til avløysing av far i denne perioden er avhengig av om føretaket også får tilskot til avløysing av mor i den same perioden. Det kan likevel søkast om dispensasjon slik at føretaket kan få tilskot til avløysing av både far og mor dei første 14 dagane etter fødsel. Dette er nærmare omtalt i kapittel 3.2.2.4.

#### *Tilskot ved sjukdom hos barn*

Jordbruksføretak kan også få tilskot til avløysing når den som avløysast må vareta sjukt barn og ved følgjing av barn til legeundersøking eller anna oppfølging i inntil 20 dagar per kalenderår, jf. § 6. Tilskotet gjeld for barn til og med året det fyller 12 år, og kan til dømes dokumenterast med legeerklæring. For barn som er kronisk eller langvarig sjuke eller har nedsett funksjonsevne, «og det derfor er ei markert auke i risikoen for at personen får fråvær frå arbeidet sitt i føretaket», kan det bli gitt tilskot for inntil 30 dagar per år til og med det året barnet fyller 18 år.

Tal dagar gjeld per forelder som oppfyller krava. Om jordbrukaren er åleineforsørgjar, kan tilskotet dekke dobbelt så mange dagar for kvart av tilfella over.

#### *Tilskot ved dødsfall*

Det kan utbetalast tilskot til attlevande ektefelle/sambuar, barn eller foreldre etter jordbrukaren sin død jf. § 7. Tilskotet kan dermed bidra til å dekke kostnadar knytt til overtaking eller avhending av garden. Det er vilkår om at den avdøde jordbrukaren hadde minst ½ G i gjennomsnittleg næringsinntekt dei to føregåande driftsåra. Det er ikkje krav om at attlevande ektefelle/sambuar, barn eller foreldre har hatt næringsinntekt frå garden. Tilskotet er avgrensa til inntil 8 veker og må bli tatt ut rett etter dødsfallet.

Tabell 1 viser tal saker, utbetaling og del av total utbetaling for kvart tilskotsgrunnlag i 2023.

Årsak	Tal saker	Utbetaling i kr.	Del av total utbetaling
Jordbrukar er sjuk/skadd	3098	128 315 488	86,96
Jordbrukar har fått barn	378	15 373 521	10,42
Jordbrukar er gravid	34	1 775 042	1,2
Jordbrukar har sjukt barn	108	707 551	0,48
Jordbrukar er død	17	1 382 318	0,94
<b>Totalt</b>	<b>3635</b>	<b>147 553 920</b>	

Tabell 1: Fordeling i 2023 av ulike kategoriar av tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Kjelde: Landbruksdirektoratet- Agros

### 3.2.2.3 Utmåling av tilskot

Når ein har søkt tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. og vilkåra i forskrifta er oppfylt, blir tilskotet rekna ut etter berekningsreglane som går fram av jordbruksavtalen. Tilskotet bereknast basert på eitt av dei to alternative utrekningsmetodane. Som det går fram av tabell 9.3 skal tilskotet settast til det alternativet som gir lågaste beløp av dei to:

Tabell 9.3 Foretakets maksimale dagsats

Tilskuddsgrunnlag:	Maksimal dagsats, kr.
kr. 5 000 – 12 000	813
kr. 12 001 – 18 000	1 181
kr. 18 001 – 24 000	1 581
kr. 24 001 – 30 000	1 980
kr. > 30 000	2 450

Foretakets tilskudd skal settes til det minste beløpet av følgende to alternativer:

1. foretakets maksimale dagsats i samsvar med tabell 9.3, eller
2. høyeste maksimale dagsats for tilskuddsordningen, fratrukket det den personen som avløses:
  - a. får, eller kan få, i stønader fra Nav ved sykdom, uførhet (skade), svangerskap, fødsel og foreldrepermisjon,
  - b. får i lønn og dagpenger,
  - c. får i alderspensjon, uføretrygd, gjenlevendeytelse, offentlig og privat tjenestepensjon samt avtalefestet pensjon, og
  - d. får i honorar for verv og godtgjøring for tapt arbeidsfortjeneste.

Figur 5: Tabell 9.3 Kjelde: Jordbruksavtalen 2023-2024

Alternativ 1 inneber at tilskotet svarar til den dagsatsen i tabell 9.3 som føretaket sitt tilskotsgrunnlag svarar til. Føretaket sitt tilskotsgrunnlag bereknast på grunnlag av faktorar i tabell 9.2. I tabell 9.2 er det satt ulike talverdiar i kroner per dyr/daa/bifolk/kvm, heretter faktor.

Tabell 9.2 Faktor for beregning av foretakets maksimale dagsats for sykdomsavløsning m.m.

Dyreslag	Faktor, kr per dyr
Melkeku	3 557
Ammeku	982
Øvrige storfe	593
Melkegeit og melkesau	820
Sau født året før eller tidligere og ammegeit	408
Avlsgris <sup>1)</sup>	1 173
Levende slaktegris <sup>2)</sup> og livdyr på minst 50 kg	128
Verpehøne <sup>3)</sup> og avlsdyr av ender, kalkuner og gjess	10,3
Slaktekylling	3,08
Økologiske slaktekylling	6,84
Kalkun for slakt	8,26
Gås for slakt	3,59
And for slakt	19,85
Kylling for livdyrsalg <sup>4)</sup>	8,26
Kalkun for livdyrsalg <sup>5)</sup>	8,26
Hest (alle) <sup>6)</sup>	1 173
Avlskanin <sup>7)</sup>	292
Revetispe <sup>8)</sup>	322
Minktispe <sup>8)</sup>	94
Hjort (alle)	399
Vekst <sup>9),10)</sup>	Faktor, kr per daa
Korn	48
Potet	220
Frukt og bær	960
Grønnsaker	540
Honning <sup>10)</sup>	Faktor, kr per bifolk
Bifolk	150
Veksthus	Faktor, kr per kvm
Veksthusareal som benyttes til planteproduksjon	16,8

1) Purke som har griset og râne som er satt inn i avl.

2) Levende slaktegris minst 14 uker gamle.

3) Verpehøner, minst 20 uker gamle, for konsumegg- eller rugeeggproduksjon.

4) Gjelder ikke kyllinger som blir solgt fra klekkeri til slaktekyllingproduzent.

5) Gjelder bare kalkun på inntil 28 uker.

6) I vinterhalvåret - inkludert hester som foretaket har i pensjon.

7) Hunnkanin som har født og som benyttes i kjøtt- eller ullproduksjon.

8) Avlstispe født foregående år eller tidligere.

9) Jf. definisjoner av vekstgrupper i kap. 7.7.1.

10) For foretak med plante- og/eller honningproduksjon gjelder tilskuddsordningen kun i onnetida.

Figur 6: Tabell 9.2 Kjelde: Jordbruksavtalen 2023-2024

Tilskotsgrunnlaget finn ein ved å multiplisere faktoren med tal dyr/daa/bifolk/kvm. Det er den samla produksjonen første dag i perioden det søkast om tilskot for som legg grunnlag for tilskotet. Ved fleire ulike produksjonar skal altså kvar produksjon multipliserast med tilhøyrande faktor og leggast saman for å finne tilskotsgrunnlaget. Om den første dagen fell mellom innsett i periodeproduksjonar skal ein legge til grunn talet dyr ved første dag for førre innsett.

Når ein har rekna ut tilskotsgrunnlaget ved hjelp av faktorane i tabell 9.2 kjem ein fram til ein sum som avgjer føretaket sin maksimale dagsats. Dette følger av tabell 9.3 i Figur 5.

Dagsatsane er delt i fem nivå, der den høgaste satsen i 2024 er på 2 450 kroner, medan det lågaste er på 813 kroner. Ein kan ikkje få meir i tilskot per dag enn den maksimale dagsatsen, sjølv om dei dokumenterte utgiftene er høgare. I praksis er dette alternativet mest aktuelt for bønder som ikkje har andre inntekter enn næringsinntekt.

Alternativ 2 inneber at ein tar den maksimale dagsatsen for ordninga som er 2450 kroner og trekk i frå det den avløyste får eller kan få i stønadar frå Nav, løn og dagpengar, pensjonar og honorar for verv og godtgjering for tapt arbeidsforteneste. Alternativ 2 er altså det alternativet der samordninga slår inn. Dei fleste tilskotsmottakarar får rekna ut tilskot etter dette alternativet.

Vidare er det satt ein nedre terskel for kor stort produksjonsomfang som kvalifiserer til tilskot. Ein må minimum ha eit tilskotsgrunnlag som svarer til 5 000 kroner, jf. tabell 9.2. Ved utmålingsalternativ 2 er det altså berre behov for å fastslå gjennom tabell 9.2 at søkar tilfredsstillar lågaste dagsats i tabell 9.3. Dei fleste som mottek tilskotet etter gjeldande reglar kvalifiserer for den høgaste maksimale dagsatsen.



### 3.2.2.4 Dispensasjon

Det er lagt inn ein tryggingssventil i form av dispensasjon i § 9 andre ledd i forskrifta: «Landbruksdirektoratet og statsforvaltaren kan ved særskilte høve gi dispensasjon frå vilkåra i § 3 andre ledd, § 4 t.o.m. § 7 og søknadsfristen i § 8 andre ledd.» Dette inneber at søkar kan få dispensasjon frå inntektskravet og for dei ulike tilskotsgrunnlaga. I tillegg kan det bli gitt dispensasjon for søknadsfristen på eitt år. Det kan ikkje bli gitt dispensasjon frå til dømes tidsavgrensinga i dei ulike tilskotsgrunnlaga.

Ifølge jordbruksavtalen punkt 9.2. kan det som hovudregel berre bli gitt eitt tilskot per verksemd for same periode. Her gjeld likevel ein dispensasjonsåtgang dersom særskilte høve føreligg. Til dømes dersom både far og mor er involvert i drifta ved søknad om tilskot dei 14 første dagane etter fødsel. For at vilkåret skal være oppfylt, har ein lagt vekt på at begge foreldra sin arbeidsinnsats på garden må være nødvendig. Dersom det generelle inntektsvilkåret i forskrifta § 3 andre ledd er oppfylt, får som regel søker dispensasjon.

Dei fleste søknadene gjelder dispensasjon frå inntektskravet for ½ G for ektefellen. Terskelen for å få innvilga dispensasjon i desse tilfella er låg.

### 3.2.2.5 Gradering

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. blir gradert når ytingar frå Nav er gradert, slik som til dømes graderte sjukepengar og fødselspengar:<sup>33</sup>

«Ved gradert sykmelding fra arbeidet i foretaket, mottak av graderte arbeidsavklaringspenger graderte svangerskapspenger og gradert uttak av foreldrepenger reduseres dagsatsen forholdsmessig i samsvar med graderingen. Dette gjelder både foretakets dagsats i samsvar med tabell 9.3 og maksimal dagsats for ordningen.»

Grad av sjukemelding blir vurdert av legen. Legen vurderer den nedsette arbeidsevna som følge av sjukdommen. Dersom pasienten har fleire arbeidsforhold, må sjukemeldar skrive ei sjukemelding til kvar av arbeidsgivarane.

Ved gradering av tilskotet er det graden av sjukemeldinga frå arbeidet i jordbruksforetaket som leggest til grunn. I kva grad jordbrukaren er sjukmeldt frå eventuelle arbeidsforhold utanfor garden, har inga betydning for graderinga av tilskotet.<sup>34</sup> Eit jordbruksforetak kan til dømes få 100 prosent av sjukdomsavløyningstilskotet det kvalifiserer til dersom den avløyste personen er 100 prosent sjukmeldt frå arbeidet i jordbruksforetaket, men berre 50 prosent sjukmeldt frå arbeid utanfor gardsbruket.

Om to personar i same foretak er 50 prosent sjukmeldt i same periode kan ein gi tilskot til avløyning for begge to. Om dei til saman er sjukmeld meir enn 100 prosent, må foretaket søke om dispensasjon for å få fullt tilskot for begge to.

Ein søker kan òg få tilskot samstundes med graderte arbeidsavklaringspengar (AAP) og i desse tilfella graderast tilskotet i samsvar med legeerklæringa og aktivitetsplanen.

Foretaket kan ikkje få tilskot dersom den avløyste personen er 100 prosent ufør, men kan få tilskot i samsvar med ein lågare uføregrad. Dersom den avløyste er 50 prosent ufør og blir 100 prosent sjukmeldt i den friske halvdel, blir dagsatsen redusert med halvparten.

## 3.2.3 Kort om folketrygda og sjølvstendige næringsdrivande sine rettar

Det finst om lag 306 000 sjølvstendig næringsdrivande og dei utgjer om lag 10 prosent av dei 3 133 402 sysselsette i Noreg.<sup>35</sup> Primærnæringane med jordbruk og fiske utgjer den største delen av sjølvstendig næringsdrivande. For lønsmottakarar er folketrygdavgifta på 8 prosent, medan for sjølvstendige næringsdrivande er avgifta 11,2 prosent.

---

<sup>33</sup> Jamfør Jordbruksavtalen punkt 9.2 Jordbruksavtalen 2023-2024. (2023). Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e09a4e2ba1ba4b839863706516f2bafo/jordbruksavtale-2023-2024-per-22.01.24-med-endelige-satser-produksjonstilskudd-og-satser-for-produksjonssvikt.pdf>

<sup>34</sup> Landbruksdirektoratet. (2023). Rundskriv 2023/3 Forskrift om tilskudd til avløsning ved sykdom med videre – kommentarer til regelverk. Henta frå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/soke-tilskudd-til-avlosning-ved-sykdom-og-fodsel/forskrift-om-tilskudd-til-avlosning-ved-sykdom-med-videre-kommentarer-til-regelverk>

<sup>35</sup> Statistisk sentralbyrå. Antall jobber og gjennomsnittlig avtalt månedslønn, etter kjønn og alder Henta frå: <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/statistikk/antall-arbeidsforhold-og-lonn>



Sjukepengegrunnlaget som ligg til grunn for utbetaling av sjukepengar til sjølvstendig næringsdrivande er normalt gjennomsnittet av den pensjonsgivande inntekta dei siste tre år. Om inntekta i treårsperioden har endra seg meir enn 25 prosent i det allereie utrekna sjukepengegrunnlaget eller om ein har vore yrkesaktiv i mindre enn tre år, blir sjukepengegrunnlaget fastsett ved skjønn. Sjølvstendige næringsdrivande har 80 prosent dekning av sjukepengegrunnlaget sitt frå dag 17 og er avgrensa til seks gangar grunnbeløpet i folketrygda. Regelverket knytt til sjukepengar blir forvalta av Nav.

Ein har som sjølvstendig næringsdrivande høve til å få ulik grad av sjukepengedekning gjennom frivillig sjukepengeforsikring. I tillegg til forsikringar som blir tilbydt i den private marknaden, tilbyr Nav tre ulike forskrikingar:

- Frivillig sjukepengeforsikring med 80 prosent sjukepengedekning frå første sjukedag som kostar 2,5 prosent av forventa årsinntekt.
- Frivillig sjukepengeforsikring med 100 prosent sjukepengedekning frå 17. sjukedag som kostar 1,3 prosent av forventa årsinntekt.
- Frivillig sjukepengeforsikring med 100 prosent sjukepengedekning frå første sjukedag som kostar 9 prosent av forventa årsinntekt.

For sjølvstendig næringsdrivande som også har lønsinntekt frå annan arbeidsplass, blir sjukepengegrunnlaget basert på samanslåinga av dei to inntektskjeldene.<sup>36</sup>

Jordbrukarar har den same retten på sjukepengar frå Nav som andre sjølvstendige næringsdrivande. I tillegg har jordbrukarane velferdsordningar finansiert over jordbruksavtalen, m.a. tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. og landbruksvikarordninga, som utfyller folketrygdlova sitt regelverk for sjølvstendig næringsdrivande. Tilskotet til avløyning bidrar til at jordbrukaren kan halde drifta i gang og oppretthalde inntektene trass sjukdom mv.

Sjukepengeordninga finansierer mellomlegget slik at bonden får 100 prosent av sjukepengegrunnlaget, og ikkje 80 prosent som andre sjølvstendige næringsdrivande.<sup>37</sup> Denne kompensasjonen har verknad frå dag 17 då utbetalinga av sjukepengar for sjølvstendig næringsdrivande startar.<sup>38</sup> I ventetida, som er dei første 16 dagane av sjukemeldingsperioden, kan føretaket søke tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Dei første 16 dagane kan hen teikne tilleggforsikring som gir sjukepengedekning frå dag 1. Det er ein rimelegare forsikringspremie for jordbrukaren enn for andre næringsdrivande. Utbetalingane frå forsikringa og tilskot til avløyning vil då samordnast slik at tilskotet til avløyning ved sjukdom og fødsel blir lågare.

### 3.2.4 Forholdet mellom tilskotet og Nav-yingar

Sidan bonden har eigne velferdsordningar som utfyller folketrygdlova, har jordbruksavtalen reglar om samordning som skal hindre at fleire ytingar kvar for seg gir dekning for det same inntektstapet. Det vil sei at når bonden blir sjuk, kan hen ikkje få sjukepengar som erstattar næringsinntekta frå garden samtidig som jordbruksføretaket får fullt tilskot til å dekke avløyarsar, som skal halde drifta oppe.

Nav utbetalar stønad for fem dagar i veka, medan tilskotet blir gitt for sju dagar i veka. Dagsatsen frå Nav blir derfor omrekna til ei sjudagars veke. Ved ei slik omrekning blir dagsatsen frå Nav som skal trekkast frå tilskotet lågare og tilskotet tilsvarande høgare. Denne omrekninga gjerast automatisk.

Heilt sidan tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. vart innført i 1976, har ein sett tilskotet i samanheng med bonden sin samla økonomiske situasjon, slik at trygdeytingar frå næringsinntekta og tilskot ved sjukdom og fødsel vart samordna. Dette kom til uttrykk i St. meld. nr. 80 (1978-1979) *om inntekt og levekår i landbruket*, der det står at «brukeren får refundert utgifter til leie av vikar, fratrukket eventuelle sykepengar». I St.meld. nr. 80 (1978-79) skreiv departementet om velferdsordningane i landbruket, under

---

<sup>36</sup> Folketrygdlova. (1997). *Lov om folketrygd (folketrygdloven)*. (LOV-1997-02-28-19). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-02-28-19>, § 8-41

<sup>37</sup> Kapittel 2.6

<sup>38</sup> Folketrygdlova § 8-34

pkt. 4.6, at «brukaren bør sjølv dekke en eigenandel som svarar til utbetalte sjukepengar». <sup>39</sup> Før ein begynte å samordne tilskotet med løn, kunne ein ikkje få tilskot om ein hadde arbeid utanfor garden.

### 3.2.5 Søknadsprosess

Ved sjukdom og fødsel mv., søker jordbrukaren ofte både Nav om sjukepengar og kommunen om tilskot til avløyning til sjukdom og fødsel. Nedanfor gjerast det greie for søknadsprosessane.

#### 3.2.5.1 Søknad om tilskot ved sjukdom og fødsel

Vilkåret for å få tilskot til avløyning ved sjukdom, er at søkar har ei sjukemelding (med nokre unntak) og kan dokumentere utgifter til avløyning. Vilkåret for tilskot ved fødsel, er at søkaren anten får svangerskaps- eller foreldrepenget frå Nav eller har erklæring om at personen fyller dei medisinske vilkåra for svangerskapspenget frå Nav. Søknadsprosessen startar med at søkaren logger seg inn via *Altinn* og fyller ut søknaden digitalt i sakshandsamingssystemet Agros. I søknaden skal ein legge ved dokumentasjon på avløyingsgrunn, som sjukemelding eller kopi av vedtak frå Nav om svangerskaps- eller foreldrepenget. Søkaren skal vidare opplyse om perioden for avløyninga, årsaka til avløyninga, inntektene, tal dyr og dekar som er grunnlaget for produksjonen. Søkaren må opplyse om alle inntektskjelder som løn og ytingar frå Nav, pensjonar og andre godtgjeringsar. I tillegg skal søkar dokumentere opplysningar om avløyning, utført avløyning i søknadsperioden og utgiftene til dette. Dei andre inntektene skal samordnast med tilskotet.

Søknaden sakshandsamast av kommunen. Sakshandsamar sjekkar dei oppførte inntektene mot A-meldinga som viser ei oversikt over inntekt, arbeidsforhold, forskotstrekk og arbeidsgivaravgift.

Sakshandsamar må kontrollere informasjonen knytt til avløyning utgifter og inntekter i søknads- og sakshandsamingssystemet Agros. Opplysningar som Agros kontrollerer er mellom anna aldersgrenser, fristar og tal søknader per tilskot i same periode.

#### 3.2.5.2 Søknad hos Nav

Bonden søker om sjukepengar hos Nav som sjølvstendig næringsdrivande og har rett på sjukepengar etter 16 dagar. Dersom bonden har eit arbeidsforhold utanfor garden i tillegg, har hen rett på sjukepengar frå arbeidsgivar frå dag ein som dekkast av arbeidsgivar. Nav dekkar utbetalinga frå dag 17. Sjukepengegrunnlaget blir satt på bakgrunn av næringsinntekt og lønsinntekt jf. folketrygdlova § 8-41.

Når bonden blir sjukmeldt, sendast sjukemeldinga digitalt til Nav. Sjukemeldinga blir tilgjengeleg for bonden i «Mitt Nav». Bonden må registrere opplysningar i sjukemeldinga. I tillegg må bonden legge ved eit inntektsskjema, som hen må finne på Nav si nettside. Nav startar si sakshandsaming når all dokumentasjon er mottatt.

Eit vilkår for å få sjukepengar er at søkaren har tapt inntekt grunna sjukdom. Derfor må Nav vite den samla inntekta som søkaren hadde før hen vart sjuk. Denne informasjonen innhentast gjennom inntektsskjema.

Når det gjeld søknad om ytingar knytt til fødsel, er det same prosess som for sjukdom.

Aktørar i landbruksforvaltninga har fått tilbakemeldingar om at det er krevjande for bonden å fylle ut inntektsskjemaet. Ifølge referansegruppa må bønder i nokre tilfelle få hjelp av avløyning eller rekneskapskontor for å fylle skjemaet ut korrekt. Dette kan føre til at det tar tid frå sjukemeldinga registrerast hos Nav til Nav kan sakshandsame søknaden om sjukepengar. Nav vidareutviklar no ei ny digital løysing der inntektsskjema vil bli integrert i søknadsskjema.

Ei utfordring ved kommunane si sakshandsaming er at når dei skal fatte vedtak om tilskot, har ikkje Nav fått tilstrekkelege opplysningar til å fatte vedtak. Dette gjer at kommunane ventar med å sakshandsame til Nav har fatta vedtak om sjukepengar, slik at dei slepp å krevje tilbakebetaling når sjukepengar og tilskot skal samordnast, alternativt gjer ein forhandsvurdering av kva det er sannsynleg at Nav vil fatte vedtak om.

---

<sup>39</sup> Forbruker og administrasjonsdepartementet. (1979). *St.meld. nr. 80 (1978-1979) Om inntekt og levekår i landbruket*. Henta frå: [https://www.stortinget.no/nr/Saker-og-publikasjoner/Storingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1978-79&paid=3&wid=f&psid=DIVL477&pgid=f\\_0311](https://www.stortinget.no/nr/Saker-og-publikasjoner/Storingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1978-79&paid=3&wid=f&psid=DIVL477&pgid=f_0311)

### 3.2.5.3 Avklaringar

Arbeidsgruppa har gjennom arbeidet kartlagt at utbetaling av tilskot til avløyser for å oppretthalde drifta i sjukemeldingsperioden, ikkje får betydning for Nav si utrekning av sjukepengane, jf. Vedlegg 1:

«Disse rettskildene viser at vilkåret må forstås slik at det etableres en sykepengerett uten at det kreves dokumentasjon av inntekt umiddelbart før sykmeldingstidspunktet. NAV praktiserer vilkåret på denne måten.

Det har blitt stilt spørsmål om det samme gjelder for inntekter som kommer til i løpet av sykmeldingsperioden, for eksempel næringsinntekt på grunn av arbeid utført av avløser, eller selve avløsertilskuddet.

Tilskuddet til utgifter i forbindelse med bruk av avløser er ikke pensjonsgivende inntekt som vil kunne ha en innvirkning på sykepengene. Tilskuddet er mellom landbruket og bonden og faller utenfor NAV sin beregning og innvilgelse av sykepenger.

Så vidt vi har forstått blir tilskuddet fra landbruket samordnet med sykepengene bonden får innvilget. At den næringsdrivende bonden får et tilskudd av landbruket i forbindelse med avløser vil ikke påvirke retten til sykepenger. Det vil ikke føre til negative konsekvenser for den sykmeldte i form av avslag eller tilbakebetalingskrav.

Spørsmålet er videre, slik vi tolker det, om næringsinntekter underveis i sykmeldingsperioden vil gi negative konsekvenser for sykepengeretten til den sykmeldte bonden. Spørsmålet oppstår fordi næringen går tilnærmet som før fordi det er en avløser på plass. I disse sakene anser NAV at det fremdeles eksisterer et inntektstap så lenge inntekten er på et relativt normalt nivå. Slik næringsinntekt vil ikke føre til avslag eller forkortning av sykepenger.»

Dette skil seg frå funn i rapport nr. 18/2019 «Konsekvensene ved å avvike samordning mellom tilskuddet og jordbrukernes lønnsinntekt».

### 3.2.6 Døme på utrekning av tilskot og samordninga

Nedanfor vil arbeidsgruppa synleggjere nokre døme på korleis tilskot til avløyser ved sjukdom og fødsel mv. reknast ut. I døma er det også lagt til grunn eit driftsomfang som tilfredsstillar høgaste maksimale dagsats i tabell 9.3 i jordbruksavtalen.

#### Illustrasjon av samordning i dei 16. første dagane

I begge tilfelle har bonden ei inntekt på 600 000 kroner. Døme 1 viser ein bonde som har næringsinntekt på 600 000 kroner og ingen anna inntekt som kjem til frådrag.

Bonden får utbetalt tilskot til avløyser på 2 450 kroner dei første 16 dagane tilsvarande 39 200 kroner, etter å ha dokumentert minst dette beløpet i utgifter til avløyser i perioden. Jordbruksforetaket har framleis tilnærma normal næringsinntekt.

#### **Døme 1**

#### **Døme 2**

Næringsinntekt: 600 000 kroner	Næringsinntekt: 300 000 kroner Lønnsinntekt: 300 000 kroner
Tilskot: 2450 kroner x 16 dagar = 39 200 kroner Inntektene frå garden kjem i tillegg.	Tilskot: 1627 kroner x 16 dagar = 26 032 kroner Sjukepengar: 823 kroner x 16 dagar = 13 168 kroner Samla: 39 200 kroner Inntektene frå garden kjem i tillegg.

Bonden i døme 2 har ei næringsinntekt på 300 000 og ei lønnsinntekt på 300 000 kroner. Beregning av tilskot gjerast etter alternativ 2 i tabell 9.3. Etter samordning med andre inntekter og ytingar får bonden dekt inntil 26 032 kroner i avløyserkostnader i løpet av perioden. Samla utgjer tilskotet til avløyser ved sjukdom og sjukepengane for løna i døme 2 like mykje som tilskotet til avløyser i døme 1. Tilskotet dekker

ein større del av kostnadane til avløyning i døme 1 enn i døme 2 dersom ein forutset at dei begge har høgare kostnadar til avløyning enn 1 627 kroner per dag.

Døma kan også illustrere tilfelle der bøndene har ektefelle. I døme 1 har bonden ein ektefelle som berre har lønsinntekt og ingen næringsinntekt. I døme 2 har bonden ektefelle med lik fordeling av løn og næringsinntekt. I døme 2 vil dermed ektefellen ved sjukdom få lønsinntekt til fråtrekk første 16 dagar, medan i døme 1 vil ektefellen på ei annan side ikkje ha rett på tilskot ved eventuell sjukdom.

### **Illustrasjon av samordning ved sjukdom i 30 dagar**

I døme 1 og 2 såg ein korleis dei ulike alternativa for utmåling av tilskot med frådrag for anna inntekt gjer seg gjeldande ved 16 dagar avløyning. I dei neste døma er sjukdomsperioden forlenga til 30 dagar for å synleggjere kva utslag det har at begge bøndene i døme 1 og 2 også får samordna tilskotet med sjukepengane for næringsinntektene frå jordbruksføretaket frå og med dag 17.

Situasjonen i døma 3 og 4 er lik dei første 16 dagane som i døma 1 og 2. Frå og med dag 17 får begge bøndene frådragspliktige sjukepengar frå Nav.

#### **Døme 3**

#### **Døme 4**

Næringsinntekt: 600 000 kroner	Næringsinntekt: 300 000 kroner Lønsinntekt: 300 000 kroner
Første 16 dagar: Tilskot: 2 450 kroner x 16 dagar = 39 200 kroner  Inntektene frå garden kjem i tillegg.	Første 16 dagar: Tilskot: 1627 kroner x 16 dagar = 26 032 kroner  Sjukepengar: 823 kroner x 16 dagar = 13 168 kroner  Samla: 39 200 kroner  Inntektene frå garden kjem i tillegg.
Frå dag 17: Tilskot: 802 kroner kjem til utbetaling pr. dag x 14 dagar = 11 228 kroner.  Sjukepengar: 1 648 kroner x 14 dagar = 23 072 kroner  Samla: 34 300 kroner	Frå dag 17: Tilskot: 802 kroner kjem til utbetaling pr. dag x 14 dagar = 11 228 kroner.  Sjukepengar: 1 648 kroner x 14 dagar = 23 072 kroner  Samla: 34 300 kroner

Frå dag 17 får bonden i døme 3 1648 kroner mindre enn den høgaste maksimale dagsatsen i tilskot, som svarar til samordninga av sjukepengane han får frå næringsinntekta. Tilskotet blir 802 kroner per dag. I sum utgjer dette framleis den same summen som tilskotet åleine utgjorde dei første 16 dagane.

I døme 4 får bonden den same utbetalinga som bonden i døme 3 frå dag 17. Dei har frå denne dagen det same frådraget. Situasjonen for deltidsbonden som nyttar seg av avløyning ved sjukdom mv. er at deltidsbonden normalt sett har fleire inntektskjelder. Når løn og sjukepengar opptent av løn mv. blir trekt frå, vil deltidsbonden i sjukepengeperioden mv. berre leve av inntekta frå garden, viss dei ekstra kostnadene til avløyning svarar til høgaste maksimale dagsats.

### **Illustrasjon av samordninga for ulik grad av næringsinntekt og lønsinntekt**

I dette dømet har begge bøndene samla inntekter på 750 000 kroner. I døme 7 har bonden inntekt fordelt på 150 000 kroner frå garden og 600 000 i løn. For den andre bonden er inntektsfordelinga omvendt.

## Døme 5.

## Døme 6

<b>Bonde med hovuddel næringsinntekt</b>	<b>Bonde med hovuddel lønsinntekt</b>
Næringsinntekt: 600 000 kroner Lønsinntekt: 150 000 kroner	Næringsinntekt: 150 000 kroner Lønsinntekt: 600 000 kroner
Tilskot: 2050 kroner x 16 dagar = 26 032 kroner Sjukepengar: 400 kroner x 16 dagar = 13 168 kroner Samla: 39 200 kroner Inntektene frå garden kjem i tillegg.	Tilskot: 800 kroner x 16 dagar = 12 800 Sjukepengar: 1650 kroner x 16 = 26 400 kroner Samla: 39 200 kroner Inntektene frå garden kjem i tillegg.

Bonden i døme 5 får tilskot på 2 050 kroner for å dekke utgifter til avløysar. Eventuelle ytterlegare utgifter til avløysar, som ein altså her forutsett, må dekkast av andre middel, til dømes sjukepengane. Frå dag 17 får bonden om lag 400 kroner i tilskot, sidan det då blir samordna med sjukepengar både for løn og næringsinntekt.

For å dekke utgifter til avløysar dei første 16 dagane som her er forutsett å vere 2450 kroner per dag, må bonden i døme 6 betale noko av dette sjølv. Frå dag 17 får bonden om lag 400 kroner i tilskot, sidan det då blir samordna med sjukepengar både for løn og næringsinntekt.

Dette dømet kan mellom anna vere representativt for nyetablerte bønder og etablerte bønder. Nyetablerte bønder er oftare enn etablerte bønder i ein familieaukingsfase. Det er ikkje uvanleg at ein nyetablert bonde tek opp høge lån for å investere i garden. For å betene låna, er det ofte nødvendig å ha ein jobb utanfor garden. Det står mellom anna i NOU 2022: 14 (Grytten-rapporten) om inntektsmåling i jordbruket at «mange bønder har høy gjeldsgrad, høye investeringer og lave inntekter tidlig i eierperioden. Inntekta vil naturlig variere gjennom eierperioden».<sup>40</sup>

<sup>40</sup> NOU 2022: 14, s. 8

## 4 Tilskot til avløyasing ved sjukdom og fødsel mv.

I dette kapittelet følger vurderingar frå arbeidsgruppa kring problemstillingar knytt til tilskot til avløyasing ved sjukdom og fødsel mv. Det gjeld føremålet, samordninga, avgrensingar knytt til kven som kan vere avløyasar for å at den avløyaste skal få tilskot, gradert tilskot, tilskotsgrunnlag og satsar og tidsavgrensing av tilskotet.

### 4.1 Føremålet

Arbeidsgruppa har mellom anna fått i mandat å «Vurdere endringer i formålsbestemmelsene for ordningene, som å ta inn hensynet til dyrevelferd, og ev. effekter av dette». Generelt gir ikkje føremålsføresegna i ordninga åleine rett på tilskot, men dei kan vere førande ved tolking av andre føresegner og gi meir overordna mål og retning for ordninga. Før ei endring av føremålet kan vurderast, og om det bidrar til å oppnå målet med føremålsendringa, må det avklarast korleis føremålet påverkar praktisering av ordninga.

Vidare set ikkje føremålet retning for utmåling av tilskot. Føremålet viser heller ikkje til ei gitt prioritering knytt til kva avløyasing skal bidra til, anna enn å dekke eit generelt behov ved gitt høve. Det er altså ordninga si innretning elles som utgjer den behovsprøvde delen av ordninga, og som differensierer tilskotsutbetalinga basert på produksjonstypar, til dømes utrekning av dagsats og avgrensing knytt til onnetid for honning- og planteproduksjon.

Ordninga opnar i liten grad for bruk av skjønn, både knytt til vurdering av om eit føretak har rett på tilskot og ved utmåling av tilskotet. Det gjer at føremålet med ordninga i seg sjølv har ei avgrensa praktisk betydning i handsaminga av den enkelte søknad. Unntaket er dispensasjonsmoglegheitene, som gjeld frå enkelte vilkår i «særskilte høve», jf. forskrifta § 9 andre ledd og jordbruksavtalen punkt 9.2.

Vurderingane, både om dispensasjon skal bli gitt og i kva utstrekning, må vurderast skjønnsmessig. Ei endring i føremålet kan påverke denne skjønnsmessige vurderingane. Ein dispensasjon kan heller ikkje innvilgast i strid med føremålet til tilskotsordninga.

Som nemnt skal arbeidsgruppa vurdere om omsynet til dyrevelferd bør bli tatt inn i ordninga sitt føremål. Omsynet til dyrevelferd er ikkje omtalt i gjeldande føremålsføresegn for sjukdomsavløyasing, og det er i all hovudsak anna regelverk som regulerer forhold knytt til dyrevelferd.

#### 4.1.1 Vurdering

##### *Ei endring av føremålet generelt*

Arbeidsgruppa legg til grunn at føremålet framleis skal vere å medverke til å dekke kostnader. Vidare vil ei eventuell endring i føremålet truleg ha avgrensa effekt på kven som får tilskot og korleis tilskotet blir utmålt. Dette forutsett at ordninga elles ikkje blir endra, at det framleis er lite rom for bruk av skjønn og at få saker krev dispensasjon. For dei fleste søkarar vil vilkåra for å få tilskot og utmålingsreglane vere det som er avgjerande. Arbeidsgruppa syner til omtale av desse i kap. 3.2.2.1.

Sjølv om føremålet i all hovudsak får avgrensa praktisk betydning for den enkelte søkar, gitt at innretninga til ordninga i all hovudsak vidareførast, kan det vere av meir symbolsk betydning å ta inn omsynet til dyrevelferd i føremålet. Det kan også bidra til avklaring kring kva partane ønsker at ordninga skal bidra til dersom uventa tvilstilfelle skulle oppstå.

Ein effekt av eit endra og/eller meir spissa føremål for ordninga, vil kunne vere av større betydning i dispensasjonspraksisen. Dette kan mellom anna vere relevant der personar over 70 år søker om tilskot. Til dømes kan det gjere at det i større grad opnast for dispensasjon i saker der dyrevelferdsomsyn gjer seg særleg gjeldande, og at ein i så måte får ei differensiering i praktisering ut frå om dyr kan bli særleg skadelidande som følge av bonden sin sjukdom mv. Auka skjønnsrom i ordninga vil også kunne bidra til å gjere ho meir treffsikker i enkelttilfelle, og i så måte avgrense dei tilfella som ikkje samsvarar med føremålet for den enkelte søkar.

Eit auka skjønnsrom vil ikkje forenkla ordninga. Ein bør streve etter å halde ordninga effektiv og føreseieleg, med klare og faste vilkår og utmålingsføresegner, både for søkar og forvaltninga. Ein praksis med utstrekt skjønnsbruk vil, sjølv om det kan gjere ordninga meir treffsikker i enkelttilfelle, gjere ordninga mindre

føreseieleg for den enkelte søkar. Det vil også kunne gjere sakshandsaminga meir komplisert, og på den måten føre til at det tek lenger tid før tilskotet blir utbetalt. Det vil også auke risikoen for ulik praktisering av regelverket på tvers av kommunar og fylker.

Å ta inn andre omsyn i føremålet, vil i seg sjølv virke kompliserande for ordninga, også utan ein auke i skjønnsrommet. Ei presisering av eitt omsyn kan også utelate andre viktige omsyn som ordninga er meint å treffe. Til samanlikning har også produksjons- og avløysartilskot eit generelt føremål. Arbeidsgruppa peiker på at det i tillegg til dyrevelferd kan vere andre omsyn som kan vere aktuelle å trekke fram, til dømes å bidra til rekruttering. Det er gruppa si oppfatning at bruk av andre verkemiddel i jordbrukspolitikken, og eventuelt andre justeringar i ordninga, er betre egna til slike prioriteringar samanlikna med endring av føremålet. Dersom partane meiner det er nødvendig å justere ordninga, ligg det også meir fleksibilitet og treffsikkerheit i å sette spesifikke reglar og unntak, heller enn å endre føremålet.

### *Dyrevelferd*

Av mandatet følger det at arbeidsgruppa skal vurdere om dyrevelferdsomsyn bør bli tatt inn i føremålet. Gruppa skal også vurdere eventuelle effektar av dette. Å innføre dyrevelferd i føremålet til forskrifta kan ha ein symbolsk effekt som ei erkjenning på at dyrevelferd skal bli varetatt ved bondens sjukdom mv., og dels som ei grunngeving for kvifor tilskotet eksisterer. Arbeidsgruppa finn det likevel vanskeleg å anslå om ei endring av føremålet vil kunne ha ein målbar effekt på dyrevelferda, og kva det eventuelt vil bety i praksis for tilskotsmottakaren. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det kan vere av betydning for dyrevelferda dersom føretaket ikkje har råd til å leige hjelp ved sjukdom mv. Som vist til ovanfor er det i all hovudsak i dispensasjonen ei slik endring vil vere av betydning ved praktisering av regelverket.

Dersom omsynet til dyrevelferd skal vere av større betydning i dispensasjonssaker, må ein ta stilling til om ein skal opne for å innvilge dispensasjon i større grad hos til dømes husdyrprodusentar generelt, eller om det også innanfor gruppa *husdyrprodusentar* skal skje ei behovsprøving ut frå til dømes risikoen for forverra dyrevelferd. Det vil uansett vere vanskeleg å måle om tilskotet har ein effekt på dyrevelferda. Når det gjeld større grad av dispensasjon hos husdyrprodusentar generelt, synar arbeidsgruppa til innretninga av ordninga elles, og finn at dersom ordninga skal tilpassast ein så vesentleg del av søkargruppa, bør dette heller gjerast gjennom klare reglar. Til ei eventuell behovsprøving innanfor gruppa husdyrprodusentar, peiker arbeidsgruppa på at det kan vere krevjande å dokumentere i ettertid at dyr kunne bli særleg skadelidande eller at det ikkje ville vore mogleg å ivareta dyrevelferda utan ein dispensasjon.

Arbeidsgruppa understrekar at tilskotet blir utbetalt ved dokumenterte utgifter til avløyning og ikkje på forskot, og dermed vil avgjerda om bruk av avløysar allereie vere tatt i det tilskotet blir utbetalt. Det blir heller ikkje lagt føringar for korleis tilskotet skal nyttast ut over at det skal bidra til å dekke kostnader til avløyning.

Avslutningsvis peikar arbeidsgruppa på at som eit alternativ til å innføre omsynet til dyrevelferd i føremålet, kan det settast klare reglar eller endring i utmålinga i tråd med dei omsyna partane finn at ordninga skal vareta. Dette kan gjere det enklare å føresjå verknadene av endringa og gjere dei meir målretta enn det ei endring av føremålet vil.

## **4.2 Samordning**

### **4.2.1 Føresetnader og avgrensingar for vurderinga**

Arbeidsgruppa har mellom anna som mandat å vurdere samordninga av tilskotet med løn og ytingar frå Nav (pensjon, stønader ved sjukdom, uførheit, svangerskaps-, fødsels- og foreldrepermisjon). Dersom eventuelle endringsforslag fremjast, skal arbeidsgruppa vurdere effektar for proveny og tilskotsforvaltninga.

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. er ei særordning som andre sjølvstendig næringsdrivande ikkje har. Tilskotet bidrar til å dekke kostnader til avløyning. Utan tilskotet måtte føretaket sjølv ha tatt eventuelle kostnader for avløyning ved sjukdom mv., likt som med dei fleste andre kostnadene ved jordbruksdrift.

Den økonomiske konsekvensen av å bli sjuk som bonde varierer ut frå fleire tilhøve, til dømes omfang av eige arbeid i jordbruksdrifta, i kva grad ein kan få hjelp av mellom anna familiemedlem, om det fører til reduserte inntekter i drifta, og om ein har lønsarbeid utanom som gir grunnlag for vedvarande inntekt. I

tillegg dekker tilskot til avløyning v/ ferie og fritid kostnadar til avløyning i løpet av året, der det samla tilskotet er avhengig av driftsomfanget og avgrensa av eit tak.

Dei som får mest tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. er dei som ikkje i vesentleg grad får samordna tilskotet mot andre inntekter, og samtidig har eit driftsomfang som gir grunnlag for høg maksimal dagsats. Dette er også dei som (utanom tilskotet) ikkje har anna inntekt enn driftsinntekter i ventetida før dei får sjukepengar. Frå og med dag 17 får dei sjukepengar rekna ut frå 100 prosent av sjukepengegrunnlaget som sjølvstendig næringsdrivande i jordbruksføretaket. Dette blir samordna med tilskotet. Etter dag 17 er det dei som har avgrensa sjukepengegrunnlag (til dømes på grunn av avgrensa næringsinntekt i referanseperioden), men med eit visst driftsomfang, som får mest tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.

Arbeidsgruppa vil avgrense vurderingane av samordning til nokre alternative modellar. Utvalet av alternativ som er omtalt nedanfor gir ikkje uttrykk for gruppa si meining om samordning, men skal gi eit bidrag til partane sitt avgjerdsgrunnlag kring ordninga. Arbeidsgruppa har ikkje hatt høve til å vurdere alternativa i detalj, men vil i det vidare peike på argument for og i mot desse. Føremålet er soleis å i stort syne alternativa som samanlikning til dagens modell.

På generelt grunnlag vil det vere vanskeleg å anslå provenyeffekten av å fjerne samordninga med løn og/eller ytingar frå det offentlege i større eller mindre grad. Det vil utbetale meir pengar over ordninga, sidan fleire vil ha rett på meir sjukdomsavløyningstilskot enn i dag. Det kan også vere fleire vil søke om tilskotet. Direktoratet sitt anslag i 2019-rapporten var at fjerning av samordninga med *lønsinntekt* kan innebere ei auka tilskotsutbetaling på mellom 40 og 53 millionar kroner. Dersom ein i tillegg fjernar samordninga med Nav-ytingar, anslo direktoratet at tilskotsutbetalingane ville kunne auke med ytterlegare 140 millionar kroner. Til saman innebar det ei anslått auke i tilskotsutbetalingane på over 190 millionar kroner.

Endringar i reglane for samordning vil også gjere at fleire tilskotsmottakarar får tilskotet berekna etter driftsomfang enn i dag. I dag settast føretaket sitt tilskot til det minste beløpet av to alternativ, jf. Jordbruksavtalen kapittel 9.2. Alternativ 1 er føretaket sin maksimale dagsats etter driftsomfang. Etter alternativ 1 skjer det inga samordning. Alternativ 2 er høgaste maksimale dagsats med samordning. Ei fjerning av samordninga vil flytte fleire søkarar over frå samordningsalternativet til alternativ 1 med direkte innplassering i tilskotsgrunnlag. For dei som allereie fell innanfor alternativ 1, altså dei som har eit produksjonsomfang og inntekter som gjer at maksimal dagsats berekna for deira føretak er lågare enn høgaste maksimale dagsats for ordninga med løn mv. trekt frå, vil ei eventuell endring få liten betydning. Som vist i kap. 3, skal det ikkje veldig stort driftsomfang til for at berekninga tar utgangspunkt i den høgste maksimale dagsatsen.

Arbeidsgruppa sine vurderingar bygger mellom anna på dei funna og utgreiingane av samordninga som Landbruksdirektoratet gjorde i rapport 18/2019 *Konsekvensene av å avvikle samordning mellom tilskuddet og jordbrukernes lønnsinntekt* som framleis er relevante i lys av korrespondansen med Nav i brev av 30.11.2023 og 09.01.2024.<sup>41</sup> Vista Analyse evaluerte sjukdomsavløyningssordninga i stort nokre år tidlegare, jf. Rapport 2015/42. Også her vart det peika på effektar av samordninga og ei eventuell avvikling, som er relevante her.

#### 4.2.2 Vurdering av alternative modellar for samordning

Tilskotet skal bidra til å dekke kostnadane til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Andre sjølvstendig næringsdrivande mottak ikkje denne type tilskot jf. Kap. 2.2 For mange jordbrukarar vil sjukdom og fødsel mv. medføre auka kostnadar fordi dei må leige inn hjelp til å utføre arbeid dei ikkje kan gjere sjølv. Tilskotet til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. er med på å redusere den økonomiske risikoen sjukdom mv. inneber. Føremålet for ordninga tilseier at tilskotet ikkje nødvendigvis skal dekke kostnadane fullt ut, men *medverke* til å dekke dei.

Ytingar frå Nav som trer i staden for løn, heng tett saman med løn. Dei stammer frå same arbeidsforhold og det blir kunstig å halde dei skilt. Slik som ordninga er i dag, kan det også vere vanskeleg å skilje mellom kva som er løn og kva som er sjukepengar.<sup>42</sup>

---

<sup>41</sup> Vedlegg 1 og vedlegg 2

<sup>42</sup> jf. punkt 9.2 i rapport nr. 18/2019, *Konsekvensene av å avvikle samordning mellom tilskuddet og jordbrukernes lønnsinntekt*



Arbeidsgruppa har som nemnt avgrensa vurderingane til enkelte alternative modellar for samordning. Første alternativ er nullalternativet, altså dersom ein samordnar som i dag (kap. 4.2.2.1). Det andre alternativet omhandlar ei fjerning av all samordning med eit unntak (kap. 4.2.2.2). Det finst ei rekke ulike mellomløysingar mellom dei to alternativa. I denne rapporten finn arbeidsgruppa grunn til å sjå nærmare på to konkrete mellomløysingar: Fjerning av samordning med lønsinntekt og liknande dei første 16 dagane ved sjukdom, og fjerning av samordning ved fødsel mv.

Når ein vurderer alternativ der ein heilt eller delvis fjernar samordninga, vil fleire kunne få meir i tilskot. Då er det truleg at fleire vil søke om tilskot. Det er ikkje mogleg å anslå presist kor mange fleire, og det er ikkje gjort eit forsøk på det her. Berekningane i dette kapittelet tar utgangspunkt i tal søknader frå 2023, og vil derfor gi for låge anslag for proveny dersom alternativet inneber at fleire vil vere tent med å søke.

Landbruksdirektoratet forsøkte i rapport 18/2019 å ta omsyn til og anslå kor mange fleire som ville søke og få tilskot. Landbruksdirektoratet gjorde ei utrekning av kor mange bønder som potensielt kunne kome inn under ordninga i vedlegg 5 i rapporten *Konsekvensene av å avvikle samordning mellom tilskuddet og jordbrukerens nr. 18/2019*. Landbruksdirektoratet tok utgangspunkt i at for å søke tilskotet måtte ein få minimum tilskot på 2000 kroner totalt over ein sjukdomsperiode på ni dagar. Dei la til grunn at 4 prosent av bønder er sjukemeldt 1,17 gongar i året. Basert på statistikk om inntekter for jordbrukarar rekna dei deretter ut kor mange bønder i ulike inntektsintervall som utan samordning ville ha kome inn under ordninga om ein fjerna frådrag for lønsinntekter.

I vurderingane av dei ulike alternativa vil det naturleg nok vere argument for og imot som overlappar. Det må presiserast at alternativa ikkje har blitt utgreia i djupna, og at dette kan vere gjenstand for nærmare utgreiing seinare dersom det er aktuelt. Dersom kostnadane over ordninga skal vidareførast, vil det i tillegg vere nødvendig å gjere andre endringar i tillegg til endringar i samordninga.

#### **4.2.2.1 Vidareføring av dagens samordningsreglar**

Eit alternativ er å vidareføre samordningsreglane slik dei er i dag. Samordninga gjer at det skjer ei avgrensing på kor mykje det offentlege bidrar med per sjukdomstilfelle (evt. anna fråværsgrunn, som foreldrepermisjon). Det er også i tråd med at ordninga skal vere eit sikkerhetsnett, og ikkje eit generelt inntektsbidrag.

Trygderegelverket har eit tak på 6 G, som per no svarar til 711 720 kroner, på kor mykje ein kan få utbetalt i ytingar ved sjukdom, svangerskap og fødsel. Dette taket gjeld også der ein har fleire arbeidsforhold. Avgrensinga fungerer også slik at ein ikkje får ytingar frå Nav for tap av inntekt over 6 G.

For bønder er den samla offentlege ytinga per sjukdomstilfelle mv. avgrensa til høgaste maksimal dagsats multiplisert med tal dagar i året. I 2024 svarar dette til 894 250 kroner. Dette gjeld både heiltids- og deltidbønder, sjølv om det vil variere kor mykje av dei samla utbetalingane som kjem frå høvesvis arbeidsgivar/Nav og over jordbruksavtalen. Generelt kan ein seie at dei første 16 dagane får heiltidsbonden «lite»/ikkje sjukepengar, og tilsvarande «mykje» tilskot, medan deltidbonden får meir i løn/sjukepengar, og tilsvarande «lite» i tilskot. Næringsinntekt kjem i tillegg for dei begge. Felles for dei begge er likevel at taket for utbetalingar frå det offentlege for same sjukdomstilfelle mv. er høgare enn kva det typisk er for andre (6 G). Men lønstakarar kan for sin del oppnå ytingar ut over 6 G med bidrag frå arbeidsgivar etter avtale som del av løns- og tariffavtalar.

Argumentet over om avgrensing av samla ytingar gjer seg særleg gjeldande der bonden er sjukmeldt frå både lønsarbeid og jordbruksføretaket. Når bonden berre er sjukmeldt frå jordbruksføretaket, stiller det seg litt annleis, ettersom det då ikkje er tale om andre ytingar frå det offentlege. Arbeidsgruppa peiker likevel på at det kan vere vanskeleg å skilje på løn/ytingar som erstattar løn. Dette er nærmare gjort greie for i kapittel 4.2.2.2. I tillegg er det eit generelt argument at behovet for sikkerhetsnettet slik sett er mindre om ein kan halde fram i løna arbeid utanfor garden.

Vidare fører samordninga, om enn noko meir indirekte, til at tilskotet ikkje bidrar til å dekke kostnadar til avløysing som det ikkje reelt sett er behov for på grunn av den avløyste sitt fråvær. Ein kan sjå for seg at dei som er mindre involvert i den daglege drifta i jordbruksføretaket, også kan ha arbeidsforhold utanfor bruket som gir inntekt som inngår i samordninga. Det kan til dømes gjelde dersom ein til vanleg har tilsette i jordbruksdrifta eller dersom ektefelle til innehavar er mindre involvert på garden og har anna lønsarbeid, men likevel oppfyller inngangsvilkåret om ½ G i næringsinntekt. Problemstillinga er ikkje særeigen for

jordbrukarar med lønsarbeid ved sidan av bruket, men kjem i dei tilfella mindre på spissen som ei følge av samordninga.

Vidare kan ein også seie at samordninga gjer at dei som hentar hovuddelen av inntekta si frå gardsdrifta blir prioritert innanfor den samla budsjettamma for tilskotet. Samordning gjer også at midla over jordbruksavtalen prioriterer dei som ikkje har anna risikoavlastande inntekt å lene seg på.

#### 4.2.2.2 Fjerning av all samordning

Eit alternativ er å fjerne all samordning. Ved vurderinga her leggst det til grunn at tilskotet framleis blir samordna med ytingar knytt til næringsinntekt. Det går fram av Nav-vedtaket kor stor del av ytingane som er basert på løn og næringsinntekt. Fjernar ein samordning med ytingar opptent av løn, men ikkje for ytingar opptent av næringsinntekt, vil det bli eit skilje mellom dei bøndene som har tilleggsinntekt utanfor garden i form av løn og dei som har anna næringsinntekt. Det vil likevel vere vanskeleg å skilje ut kor stor del av sjukepengegrunnlaget og liknande som er opptent av jordbruksnæring og annan næring. Det må eventuelt vurderast nærmare kva som er mogleg og hensiktsmessig.

Her vurderast dermed fjerning av samordninga for inntektsbidrag i form av lønsinntekter, honorar, godtgjersle for tapt arbeidsforteneste og ytingar frå Nav basert på lønsinntekt (del av sjukepengar, foreldrepengar og svangerskapspengar basert på løn, eingongsstønad, dagpengar, uføretrygd, pensjon, ved foreldrepengar/svangerskapspengar basert på løn mv.), for alle avløysingsgrunnar (sjukdom, fødsel mv., sjukt barn, dødsfall).

Ei avskaffing av samordninga vil, alt anna likt, innebere ei vesentleg utviding av ordninga. Som det er vist til i døma i kap. 3, er ein konsekvens av samordninga at heiltidsbonden får meir tilskot enn deltidsbonden, med mindre heiltidsbonden mottar ytingar frå Nav. Ei fjerning av samordninga vil dermed i størst grad vere til nytte for dei med inntekt utanfor jordbruket (forutsett at høgaste maksimale dagsats med frådrag gir lågare tilskot enn føretaket sin maksimale dagsats).

Om samordninga fjernast, vil alle som fyller vilkåra kunne få tilskot ved sjukdom mv. tilsvarende sin maksimale dagsats, gitt at dei kan dokumentere kostnader til innleigd hjelp i perioden (med unntak av dei som mottok ytingar opptent av næringsinntekt). Ifølge rapporten «Dagsatser for tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel mv. Tabell 9.2 og 9.3 i jordbruksavtalen» hadde om lag halvparten av jordbruksføretaka som søker produksjonstilskot eit driftsomfang som svarer til høgaste maksimale dagsats.<sup>43</sup> Tilskotet vil vere uavhengig av om sjukdom mv. har ført til lågare inntekter frå gardsdrifta eller lågare inntekter frå anna arbeid, og det vil ikkje ha noko å seie om ein får løn eller ytingar opptent av løn frå Nav i perioden.

Eit argument for å fjerne samordning, er at fleire då kan få meir tilskot til å dekke innleigd arbeidshjelp (forutsett at kostnadene er dei same). Dersom den maksimale dagsatsen ikkje endrast samtidig, kan deltidsbonden leige inn meir hjelp, evt. få dekkja meir av kostnadene hen uansett vil ha til innleigd hjelp i perioden. Det vil også redusere eller fjerne behovet for å ta kostnaden sjølv til å løne avløyars.

Tilskotsutmåling utan samordning kan i fleire tilfelle enn etter dagens ordning gi grunnlag for høgare inntekter og/eller reduserte kostnader enn når den avløyste ikkje er sjuk, sjølv om ein berre kan få dekt dokumenterte utgifter. Som peika på i kap. 4.2.2.1 kan det vere tilfelle der tilskotet bidrar til å dekke ein kostnad føretaket også normalt sett ville hatt eller ut over det som følger av den avløyste sitt fråvær. Å fjerne samordninga kan dermed i nokre tilfelle medføre meir uheldige insentiv og/eller utilsikta verknadar enn vi har med dagens ordning.

Fjerning av all samordning vil også vesentleg auke det som i dag fungerer som eit tak for overføringar frå det offentlege for sjukdomstilfelle (eventuelt fråvær knytt til svangerskap, fødsel mv.) for dei med lønsinntekt, alt anna likt. Også her viser arbeidsgruppa til alternativa i førre delkapittel.

#### *Vurdering av provenyeffekt*

For å kome fram til ei berekning av provenyeffekt, kan ein velje ulike framgangsmåtar. I dette anslaget, og anslaga i dei påfølgande kapitla, blir det tatt utgangspunkt i søknadsstatistikken for 2023. Som nemnt, får ein då ikkje med effekten av at fleire kjem til søke nettopp fordi dei kan få meir i tilskot. Aukinga i satsar frå 2023 til 2024 er heller ikkje medrekna.

---

<sup>43</sup> Rapport nr. 11/2020, Dagsatser for tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel mv. Tabell 9.2 og 9.3 i jordbruksavtalen, s. 20

Det blir først gitt eit anslag over auka proveny ved fjerning av samordning for sjukdom, deretter for tilfella avløyning ved sjukt barn og død jordbrukar for seg. For å gi eit anslag over kor mykje løyvinga til ordninga vil auke ved endring i samordninga, er det først rekna ut alle avløyste dagar dei første 16 dagane, for så å slå dette saman med alle avløyste dagar frå og med dag 17. Det er nytta gjennomsnittleg inntektssamansetning frå Statistisk Sentralbyrå for å anslå kor mykje Nav utbetalar på grunnlag av næringsinntekt og lønsinntekt kvar for seg. Utrekningane gir eit anslag for kva løyvinga ville vore utan samordning med løn og ytingar for løn i 2023, med same tal søknader.

I 2023 vart det utbetalt 128,3 mill. kroner i tilskot til avløyning ved sjukdom fordelt på totalt 3098 saker og 155 760 dagar. I gjennomsnitt vart det utbetalt 823 kroner, om lag 39 prosent av høgaste dagsats, per dag i tilskot til avløyning ved sjukdom. Det var 1137 saker som gjaldt 16 dagar eller mindre. Totalt vart det utbetalt tilskot til sjukdomsperiodar som varte i 16 dagar for 42 961 dagar. Sidan det ikkje samordnast med næringsinntekt og det ikkje utbetalast sjukepengar for inntekt frå jordbruksføretaket dei første 16 dagane, vil det i praksis ikkje vere samordning i det heile tatt for desse dagane dersom ein fjernar samordninga med løn og ytingar for løn. Historisk kjem om lag 95 prosent av føretaka som mottok tilskotet opp i høgste maksimale dagsats. I denne provenyberekninga blir dette runda opp slik at alle føretak mottok høgaste dagsats.<sup>44</sup>

Om ein multipliserer tal dagar som gjaldt 16 dagar eller mindre (42 961) med høgste maksimale dagsats i 2023, som var 2100 kroner, får ein 90,2 mill. kroner. I tillegg blei det med ei gjennomsnittleg utbetaling på 823 kroner per dag betalt ut 92,9 mill. kroner dei 112 799 dagane som fekk tilskot frå og med dag 17. Utan samordning dei første 16 dagane ville det totalt ha blitt betalt ut 183 mill. kroner i tilskot til avløyning ved sjukdom i 2023. Dette svarar til 54,8 mill. kroner i auka løyving.

Sidan det frå dag 17 blir samordna med sjukepengar frå næringsinntekt, må ein først finne ut kor stor del av inntekta til eit jordbruksføretak som er lønsinntekt og kva som er næringsinntekt. Statistisk Sentralbyrå sine tal for gjennomsnittleg inntekt for bønder viser at inntekt frå løn i gjennomsnitt utgjer 60 prosent av inntekta til jordbrukarar. Om ein legg til grunn at 60 prosent av det som vart samordna vekk var relatert til løn, får ein følgjande reknestykkje: 60 prosent av 1277 kroner som vart samordna vekk (2100 kroner - gjennomsnittleg dagsats på 823 kroner) per dag i 2023 er 766 kroner. Ved å legge saman denne summen med summen av utbetalt tilskot på 823 kroner per dag, får vi 1589 kroner per dag.

I 2023 vart det utbetalt tilskot til avløyning ved sjukdom i 112 799 dagar for sjukdomstilfelle etter dag 16. Den totale summen for desse dagane var 92,9 mill. kroner. Ved å nytte ny berekna dagsats på 1589 kroner og multipliserer denne med tal dagar frå og med dag 17, får ein 179 mill. kroner. Slår ein dette saman med det vi berekna for å fjerne samordninga dei første 16 dagane blir det ei berekna samla utbetaling på 269,4 mill. kroner i 2023. Dette gir ein auke på 141 mill. kroner i 2023, som svarar til nær ei dobling av det utbetalte tilskotet ved sjukdom.

Jordbrukarar fekk tilskot i til saman 572 dagar på grunn av sjukt barn i 2023. 275 av desse dagane skjedde innanfor 16 dagar og 297 skjedde frå og med 17 dagar. Ved same framgangsmetode som i dei førre utrekningane blir summen utan samordning for løn og ytingar for løn på 1 mill. kroner i 2023. Total utbetaling i 2023 var 707 551 kroner.

Ved dødsfall blir det ikkje trekt eventuelle sjukepengar, andre ytingar eller løn som mottakaren av tilskotet får i avløyingsperioden. Sjølv om tilskotet går til attlevande er dette naturleg då det i prinsippet er den avdøde som får avløyning. Det skal heller ikkje trekkast frå avdøde si løn, pensjon eller liknande som blir utbetalt etter dødsfallet.<sup>45</sup>

Det må igjen understrekast at ein forventar at fjerning av samordning vil medføre ein auke i tal søknadar. Dette fordi bønder som før ikkje har søkt pga. høg lønsinntekt, vil søke dersom samordning blir fjerna. I så fall vil provenyet vere høgare enn det som er berekna her.

---

<sup>44</sup> Dette er ei forenkling. Landbruksdirektoratet fann i rapport 11/2020 at nærmare 59 prosent av alle føretaka og 45 prosent av føretaka med husdyr som søkte om produksjonstilskot i 2019 hadde ein produksjon som ikkje var stor nok til at føretaket kunne fått den høgaste maksimale dagsatsen dersom dei hadde søkt om sjukdomsavløyningstilskotet. Ved å fjerne samordninga med løn og ytingar for løn kan ein tenke seg at fleire av dei som har eit driftsomsfang som ikkje svarar til høgaste maksimale dagsats kjem til å søke, sidan mange av dei truleg har lønsarbeid som i dag samordnast i alternativ 2.

<sup>45</sup> Landbruksdirektoratet. (2023). Rundskriv 2023/3 Forskrift om tilskudd til avløyning ved sykdom med vidare – kommentarer til regelverk. Henta frå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/soke-tilskudd-til-avlosning-ved-sykdom-og-fodsel/forskrift-om-tilskudd-til-avlosning-ved-sykdom-med-videre--kommentarer-til-regelverk>, § 7 andre ledd.

### 4.2.2.3 Fjerning av samordning med løn dei første 16 dagane ved sjukdom

Nok eit alternativ er å fjerne samordning med løn og liknande ved sjukdom dei første 16 dagane for kvart sjukdomstilfelle. Då vil ingen få samordna tilskotet før Nav utbetalar stønad for tapt næringsinntekt frå og med dag 17. Ei slik løysing gjer at tilskotet blir gitt uavhengig av anna lønsinntekt eller ytingar som kompenserer for bortfall av lønsinntekt dei første 16 dagane. Det vil derfor ikkje vere forskjell i utbetalinga av tilskotet til deltids- og heiltidsbønder i denne perioden. Dersom ein er sjukmeldt frå både jordbruksføretaket og tilsetjingsforholdet, vil dei totale ytingane frå det offentlege kunne bli høgare for deltidsbonden.

Ei fjerning av samordning dei første 16 dagane vil, til liks med ei fjerning av all samordning, vere mest til nytte for dei med inntekt utanfor jordbruket. Også her kan partane eventuelt vurdere andre endringar i ordninga ut frå den økonomiske ramma for ordninga i jordbruksoppgjeret.

Utan at arbeidsgruppa har sett på problemstillinga i detalj, kan ei fjerning av samordning med løn dei første 16 dagane gi rom for tilpassing ved at det blir søkt om fleire 16-dagarsperiodar kort tid etter kvarandre. For å hindre ei slik tilpassing, kan det tenkast at det bør bli lagt inn ei avgrensing, til dømes ved at ein maksimalt kan få éin 16-dagarsperiode utan samordning per år, eller at det berre gjeld i arbeidsgivarperioden i tråd med folketryktdlova § 8-19. Anslaga i kapittel 4.2.2.2 viste at ein ved fjerning av samordning første 16 dagar ved sjukdom i 2023 kunne fått 54,8 mill. kroner i provenyeffekt.

Ei oppdeling i periodar og ulike samordningsreglar ut frå avløyingsgrunn og periode, vil komplisere ordninga. Det vil også kunne gjere det mindre oversiktleg for søkar dersom tilskotet blir berekna ulikt avhengig av om det er eigen eller til dømes barns sjukdom som er årsak til fråvær frå gardsdrifta.

### 4.2.2.4 Fjerning av samordning for tilskot knytt til svangerskap, fødsel mv.

Nok eit alternativ kan vere å ikkje samordne tilskot ved svangerskap, fødsel, adopsjon og omsorgsovertaking av barn, men behalde samordninga for dei andre avløyingsgrunnane. Ei slik endring vil i hovudsak kome jordbrukarar og ektefelle til jordbrukarar med lønsinntekt og som får barn til gode.

Ettersom foreldrepermisjon vanlegvis strekker seg over lang tid, vil ein slik endring kunne få stor økonomisk betyding for den enkelte.

Tal frå sakshandsamingssystemet Agros viser at dei som søkte om tilskot for fødsel (tilsvarande foreldrepengar) i gjennomsnitt fekk 857 kroner per dag. Det var i 2023 380 saker med tilskot til fødsel og 25 490 avløyte dagar. I gjennomsnitt vart det utbetalt tilskot for 67 dagar og om lag 57 000 kroner per sak. Totalt vart det utbetalt 21,8 mill. kroner i kategoriane foreldre- og omsorgspengar.

Sjølvtendige næringsdrivande har same rettar til å få foreldre- og omsorgspengar som lønsmottakarar har etter folketrykda. Det er ikkje urimeleg å anta at bønder som får barn ofte er unge med eit driftsomsfang som er større enn høgste tilskotsgrunnlag i tabell 9.3 i jordbruksavtalen.

Skulle ein velje å fjerne samordninga med same reknemetode som i kapittel 4.2.2.2 (fjerning av samordning med ytingar som er opptent frå lønsinntekt) får ein følgande reknestykket:

Ved å nytte SSB-forholdet på 60 prosent finn vi at utan samordning ville utbetalt tilskot i 2023 bli 1 602 kroner per dag.

Nyttar ein denne dagsatsen finn ein at total utbetaling i 2023 ville vore 40,8 mill. kroner. Samanlikna med det utbetalte beløpet på 21,8 mill. kroner gir det ein berekna provenyeffekt på 19 mill. kroner i 2023. Som arbeidsgruppa peika på i førre delkapittel, kan det gjere ordninga mindre oversiktleg dersom det ikkje er einsarta praksis for utrekninga av tilskotet for dei ulike tilskotsgrunnlaga. Også her gjer omsynet til at ordninga skal vere eit sikkerheitsnett seg gjeldande. Tilskotsutbetalingane i dag tyder på at fjerning av samordning av tilskotet ved svangerskap og fødsel kan gi samla ytingar som blir vesentleg høgare enn 6 G og høgste maksimale dagsats. Ut frå desse utrekningane inneber det at kvar mottakar ville fått 107 000 kroner i gjennomsnitt i 2023.

Dette er ikkje mogleg å gjere presise anslag på provenyberekningar som følge av ein slik endring. Dette også fordi tal søkarar truleg vil auke.

### 4.2.2.5 Usikkerheit ved provenya

I utrekningane i kapitle 4.2.2.2 og 4.2.2.4 har arbeidsgruppa gitt eit anslag over effekten av ulike variantar av å fjerne samordning. Dette kan berre reknast som anslag basert på kva utbetalinga ville blitt med søknadstala i 2023 lagt til grunn. Tala seier likevel lite om kor stor effekt ulike variantar av samordning vil ha. Det er rimeleg å anta at utrekningane i beste fall gir minste effekt sidan det utan samordning med løn vil bli fleire bønder som kjem inn under ordninga. Arbeidsgruppa påpeikar at ein kan nytte same metode som Landbruksdirektoratet gjorde i vedlegg 5 i rapporten «Konsekvensene av å avvikle samordning mellom tilskuddet og jordbrukerens nr. 18/2019» til å anslå om det er aktuelt å gå vidare i vurderingane av kvart samordningsalternativ.

Når fleire bønder kjem inn under ordninga vil også den gjennomsnittlege høgaste maksimale dagsatsen for føretaka som får tilskot endre seg. I 2019 hadde 95 prosent av dei som søkte, men berre 55 prosent av alle som søkte produksjonstilskot, eit driftsomfang som tilsa høgaste maksimale dagsats. Ved å fjerne samordninga vil truleg delen av dei som søker som ikkje når opp til høgaste maksimale dagsats auke.

Ein annan usikkerheit er at utrekningane er gjort med utgangspunkt i gjennomsnittleg utbetaling per dag. Det gir eit anslag på effekten av å endre på samordninga, men det tar ikkje høgde for at det reelt sett kan vere større skilnader i utbetalt beløp i og etter venteperioden. Landbruksdirektoratet sin søknadsstatistikk viser berre samla utbetalt beløp og syner ikkje eventuelle skilnader i utbetalingar over tid per søknad.

Det er også ein usikkerheit ved å bruke søknadsstatistikk avgrensa til eitt år fordi tilskotsmottakarane kan søke om tilskot opptil eitt år etter siste dag i søknadsperioden. Det kan derfor vere fleire søknadar som blir sendt i 2024 men der avløyninga skjedde i 2023.

Det er andre metodar som meir presist kan vise effektane av å endre på samordninga. Mellom anna kunne ein tatt utgangspunkt i utbetalte sjukepengar frå Nav til jordbrukarar, men som det er peika på i Landbruksdirektoratet sin rapport nr. 18/2019 så er det også svakheiter ved å nytte denne metoden fordi det mellom anna er usikkert om bønder som har så høg lønsinntekt at dei ikkje har rett på tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. faktisk oppgjer at dei er bønder til Nav fordi det uansett ikkje løner seg.<sup>46</sup>

### 4.2.3 Vurdering

Arbeidsgruppa peiker på at også nokre av dei med lønsinntekter (evt. ytingar som kompenserer for bortfall av lønsinntekter) utanfor bruket vil kunne ha same behov for og kostnader til avløyning i ein sjukeperiode mv. som dei utan inntekt som kjem til frådrag. Behovet for innleigd hjelp kan vere det same uavhengig av jordbrukaren si økonomiske stilling, og inntekta gir ikkje alltid eit representativt bilete av behovet for tilskotet. På grunn av samordninga vil det vere stor forskjell på tilskotsutmålinga mellom til dømes dei med lønsinntekt utanfor bruket og dei utan, særleg dei første 16 dagane. Ei innvendig er også at samordninga i for liten grad tek høgde for at jordbrukarens gjeldsbelastning kan gjere at løn og Nav-ytingar ikkje gir eit riktig bilete av den økonomiske evna til å betale nødvendige kostnader til avløyning. Det er også ei oppfatning at ordninga i for liten grad varetar unge og nyetablerte bønder, ettersom mange av dei kan vere meir avhengige av å hente inntekt frå tilsetjingsforhold utanfor bruket enn det meir etablerte gardbrukarar er.

Ei fjerning av samordninga vil alt anna likt medføre at nokre kan få samla ytingar frå det offentlege som er langt høgare enn det nokon andre grupper får. Sjølv om samordninga ikkje nødvendigvis tar høgde for at nokre jobbar fleire årsverk kombinert, viser arbeidsgruppa til at det også for andre ytingar frå det offentlege ved nedsett arbeidsevne skjer ei avgrensing av kor mykje ein kan få dekt. Arbeidsgruppa syner til at det ikkje finst tilsvarende som denne ordninga for andre sjølvstendig næringsdrivande, likevel er det ein del særlege forhold for jordbrukaren som inneber at ein mellom anna har innført avløyninga i første omgang. Eventuelle utvidingar av ordninga bør bli grunnleggjande godt for å vareta legitimiteten.

Ved å fjerne samordning vil den totale løyvinga til ordninga over jordbruksavtalen aukast. Ein kunne fjerne samordning og samtidig heve krava til storleiken på produksjonen. Arbeidsgruppa finn at ei særleg utfordring med ei slik differensiering ligg i at behovet for avløyning ikkje alltid er reflektert i storleiken på produksjonen.

---

<sup>46</sup> Landbruksdirektoratet. (2019). Tilskudd til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. - Konsekvensene ved å avvikle samordning mellom tilskuddet og jordbrukerens lønsinntekt. (Landbruksdirektoratet rapport 18/2019), s. 35

Ein kunne også vurdere å rette ordninga inn etter kva som til dømes er nødvendig arbeidsforbruk i den avløyste sitt fråvær. Ei utfordring er korleis ein skal avgjere dette i kvart enkelt tilfelle. Det vil avhenge av ei rekke ulike forhold, og vere vanskeleg å kontrollere i kvart enkelt tilfelle. Det vil i så fall vere nødvendig med ein anna type kontroll dersom ein tar utgangspunkt i ei slik vurdering. Dette vil innebere ei vesentleg omlegging av dokumentasjonskrava og søknadsprosessen i ordninga. Som også Landbruksdirektoratet peika på i sin 2019-rapport, vil det vere vanskeleg å dokumentere og kontrollere graden av involvering i den daglege drifta på bruket til den som skal avløysast, og kor mykje arbeid det er eit reelt behov for frå avløysaren si side.

Ei innretting av ordninga der gjeldsgrad blir tatt omsyn til har utfordringar. Slik informasjon er av både praktiske og forvaltningsmessige grunnar ikkje mogleg å innhente og få oversikt over i kvart enkelt tilfelle.

I forlenging av vurderingane over, vil det kunne vere eit alternativ å i hovudsak behalde samordninga som i dag, men lage særordningar ut frå avløysingsgrunn. Til dømes kan ein, dersom ein ønsker betre dekning for produsentar som får barn, vurdere å ikkje gjere frådrag for løn eller ytingar i desse døma.

Forenkling av ordninga har tidlegare blitt peika på som eit omsyn ved forvaltninga av ordninga og kan tale for ei avskaffing av samordninga. Arbeidsgruppa opplever at det å stille seg til fleire instansar (høvesvis Nav og landbruksmyndigheitene) med ulikt regelverk, sakshandsaming og krav til dokumentasjon kan bidra til å gjere bildet uoversiktleg for den enkelte søkar. Ordninga er også med dagens regelverk krevjande å forvalte.

På den andre sida er det gjort fleire grep dei seinaste åra for å forenkle sjukdomsavløysingsordninga. For sjukdomsavløsning vart det innført eit digitalt sakshandsamingssystem i 2018 og Nav er i ferd med å utvikle nye sakshandsamingrutinar, som integrerer inntektsskjema, jf. brev av 30.11.2023 og 09.01.2024. Dette grepet vil truleg gjere søknadsprosessen hos Nav enklare. Arbeidsgruppa legg derfor til grunn at dette vil bidra til ei forenkling for søkarane av sjukepengar, som kan bidra til å gjere det totale biletet meir oversikteleg jf. kapittel 3.2.4 om samspelet mellom søknad om sjukepengar hos Nav og tilskot. Eit eventuelt behov for forenkling av ordninga må sjåast i samanheng med føremålet med tilskotet.

### **4.3 Avgrensingar knytt til kven som kan vere avløysarar**

Etter gjeldande reglar kan ikkje tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel mv. bli gitt for avløsning utført av ektefelle, sambuar eller person som har næringsinntekt frå føretaket. Avløysaren kan heller ikkje vere yngre enn 15 år. Ut over dette stiller ein ikkje andre krav til avløysaren. I mandatet står det at arbeidsgruppa skal vurdere høve for å gi tilskot til avløsning ved sjukdom også når ektefelle, sambuar eller person med næringsinntekt frå føretaket er avløysar.

Det har blitt framheva frå jordbruket si side, mellom anna av Bondelaget i rapport om sjukdomsavløysingsordninga av 2022, at ektefelle, sambuar eller person med næringsinntekt frå føretaket bør ha høve til å vere avløysar.<sup>47</sup> Dette kan vere praktisk i tilfelle der det er vanskeleg å finne eigna avløysar, og ektefelle, sambuar eller annan person med næringsinntekt kan bidra med kvalifisert avløsning. Det blir forstått at det er mest aktuelt å nytte ovanfor nemnte til avløsning i ein kort periode ved mangel på landbruksvikar eller avløysar i ein krisesituasjon. Ein kan anta at ein del ektefellar, sambuarar eller personar med næringsinntekt hjelper til i drifta når bonden blir sjuk. Problemstillinga her er om dette skal gi grunnlag for å få sjukdomsavløysingstilskot. Grunngevinga for gjeldande regel om at ektefelle og sambuar ikkje kan vere avløysar, er dels at ekteskap og sambuarskap ofte medfører felles økonomiske interesser. Ektefelle har også direkte økonomiske interesser i partnaren sitt jordbruksføretak. Av skattelova § 2-11 følger det mellom anna at inntekt frå verksemd som høyrer til den eine eller begge ektefellar, kan delast mellom ektefellar tilsvarande arbeidsinnsats og deltaking i verksemda. Ein person med næringsinntekt frå eit jordbruksføretaket har også direkte økonomiske interesser i føretaket.

#### **4.3.1 Vurdering**

Kompetansekrava til avløysarar aukar som følge av stadig meir spesialisering i landbruket. Dette blir stadfesta av Norske Landbrukstenester i referansegruppemøter og peika på i Norges Bondelag sin rapport frå 2022 «Hvordan styrke tilskuddsordningen for avløsning ved sykdom og fødsel mv.».

---

<sup>47</sup> Norges Bondelag, «Hvordan styrke tilskuddsordningen for avløsning ved sykdom og fødsel mv», S. 28



Personar med nær tilknytning til eit jordbruksføretak har ofte kompetanse til å bidra med hjelp om jordbrukaren blir sjuk. Truleg kan dei i mange tilfelle også stille opp på kort varsel. Ei opning for å gi tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. når ektefelle, sambuar eller person med næringsinntekt er avløybar, kan verke avhjelpande i krisesituasjonar.

Det kan stillast spørsmål ved om arbeid utført av ektefelle eller annan person med næringsinntekt frå jordbruksføretaket, skal gi grunnlag for å søke om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Ein må vurdere om det er rett at ovanfornemnte personar si deltaking i eit føretak som dei sjølv har økonomisk delansvar for, skal gi grunnlag for tilskot. Det kan sjåast som rimeleg at i slike tilfelle må vedkomande kunne bidra utan at det skal utløse ekstra tilskot.

Det kan også problematiserast at ei eventuell avløyning utført av ektefelle eller annan person med næringsinntekt, ikkje er ein reell kostnad for føretaket. Som følge av felles økonomiske interesser, blir ei eventuell godtgjersle gjennom tilskot heller ei intern overføring av middel i føretaket. Dersom det blir gitt tilskot til dekning av kostnader som ikkje er reelle, vil tilskotet vere eit generelt inntektsbidrag til føretaket. Dette strider mot føremålet til ordninga om å bidra til å dekke faktiske kostnader knytt til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.

Å opne for å gje tilskot til ektefelle, sambuar eller annan person med næringsinntekt frå føretaket kan samtidig medføre at behovet for å nytte avløybarlag sine landbruksvikarar blir redusert. Dette kan svekke avløybarlag si rolle knytt til sjukdomsavløyning og på lenger sikt føre til at tilgangen på landbruksvikarar blir mindre stabil. Avløybarlag som deltek i ordninga skal ha tilstrekkeleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg innanfor deira geografiske ansvarsområde, jf. forskrift om tilskot til landbruksvikarordninga § 2. Avløybarlag har vidare plikt til å yte avløyning ved sjukdom og i krisesituasjon dei 14 første dagane per tilfelle. Regelverket legg derfor opp til at avløybarlaget skal stille med landbruksvikar om jordbrukaren blir utsett for akutt skade eller sjukdom. Om avløybarlag oppfyller denne plikta, skal det derfor ikkje vere nødvendig for ektefelle, sambuar eller person med næringsinntekt å stille opp som avløybar i krisesituasjonar. Arbeidsgruppa viser elles til vurderingane knytt til avløybarlag sin beredskap i kapittel 5.2.

I Statens Landbruksforvaltning (SLF) sin rapport nr. 11/2014, *Vurdering av særskilte tema innanfor velferdsordningene*, står det at dersom ektefelle/sambuar skal vere avløybar, må føretaket opprette eit arbeidsgivarforhold til nemnte personar.<sup>48</sup> Då løn ikkje kan utbetalast til ektefelle, må eit arbeidsgivarforhold eventuelt opprettast på annan måte. Bondelaget poengterer i sin rapport frå 2022 at næringsinntekt kan bli fordelt mellom ektefellar, og foreslår at avløyning utført av ektefelle kan bli godtgjort ved deling av næringsinntekt. Vidare blir det foreslått at ei timeliste kan dokumentere omfanget av avløyning utført av ektefelle. Ovanfornemnte forslag kan tenkast å vere vanskeleg å kontrollere. For det første blir ikkje næringsinntekt fordelt før ved årsoppgjeret. For det andre forutset det at forvaltninga har tillit til at timelistene er ført korrekt, då dette vanskeleg kan kontrollerast. Ei slik løysing vil i stor grad vere tillitsbasert.

Eit anna alternativ er å opne for at ektefelle utan næringsinntekt frå jordbruksføretaket kan vere avløybar. Bakgrunnen for deling av næringsinntekt mellom ektefellar er knytt til målet om å løfte kvinner si økonomiske stilling i landbruket. Dette kjem mellom anna til uttrykk i St.prp. nr. 67 (1997-98):

«Deling av inntektene fra bruket, som mer reelt gjenspeiler arbeidsinnsatsen, vil være med å styrke anerkjennelsen av det arbeid kvinner legger ned på gardsbruk. Deling av inntekt etter arbeidsinnsats vil bidra til at også kvinner opparbeider seg rettigheter fra Folketrygden, spesielt i forbindelse med sykdom».

Ei eventuell opning for at ektefelle utan næringsinntekt kan vere avløybar, kan medføre at ektepar bevisst vel å ikkje fordele næringsinntekt. Dette strir i mot målet i ovanfornemnt tiltak i St.prp. nr. 67 (1997-98). Slik sjukdomsavløyingsordninga er innretta i dag, kan føretak heller ikkje få tilskot til avløyning av ektefelle dersom hen ikkje har næringsinntekt frå føretaket.

Sambuarar har ikkje rettsleg den same økonomiske interessa som ektefelle, men det føreligg ofte eit økonomisk felles ansvar for husvære, gjeld og barn mv. Sambuarpar der minst ein av partane har rett til pensjon frå folketrygda eller avtalefesta pensjon, blir i tillegg definert som meldepliktige sambuarar og kan fordele visse kapitalinntekter og utgifter mellom seg. Meldepliktige sambuarar vil dermed gi dei same

<sup>48</sup> SLF, *Vurdering av særskilte tema innanfor velferdsordningene*, s.11

utfordringane knytt til dokumentasjon som for ektefellar. Trass i det rettslege skiljet mellom sambuarskap og ekteskap, vurderer arbeidsgruppa at det vil vere uheldig å skape eit skilje i regelverket mellom ektefellar og sambuarar i denne ordninga.

Dersom ektefelle, sambuar eller annan person med næringsinntekt frå føretaket bidrar med avløyning, kan det tenkast at personen framleis mottak løn frå arbeidsgivar. I slike tilfelle får ektefellen både eventuell godtgjerse for avløyninga frå jordbruksføretaket og lønsinntekt, i tillegg til eventuell næringsinntekt frå jordbruksføretaket og at føretaket hen har ein økonomisk interesse i får avløyningstilskot. Det kan seiast at eit slikt forhold ikkje nødvendigvis legg grunnlag for ekstra kostnader. For å sikre legitimiteten til ordninga, må ein derfor krevje dokumentasjon på at ektefellen ikkje mottak lønsinntekt i avløyingsperioden. Det er ikkje ønskeleg at tilskotet skal tre inn i staden for lønsinntekt som ektefellen likevel ville fått.

Dersom det skal opnast for å bruke ektefelle/sambuar som avløyar, er det mest hensiktsmessig å innføre eit krav om dispensasjon frå § 3 i forskrifta. Eventuelt må heile føresegna bli endra. I SLF sin rapport nr. 11/2014 vart det lagt fram to aktuelle avgrensingar knytt til ei eventuell dispensasjonsopning:

1. Det kan opnast for dispensasjon når avløyarslaget ikkje kan skaffe avløyar. For å få dispensasjon til å bruke ektefelle/sambuar som avløyar, kan det då krevjast dokumentasjon av at det har vore kontakt med avløyarslaga, til dømes i form av ei skriftleg stadfesting frå avløyarslaga. Med slik dokumentasjon kan avløyarslaget måtte stadfeste at dei ikkje har oppfylt kriteria om arbeidshjelp gjennom landbruksvikarordninga.

2. Det kan også vere aktuelt å gi dispensasjon ved akutte tilfelle av sjukdom eller skade. Det betyr at det blir vurdert slik at tidsfaktoren har gjort det umogleg å få tak i anna avløyar. Sjukdom eller skade har oppstått brått, og tett opp til tid for stell av dyr, slik at det ikkje har vore tid til å hente inn anna avløyar. Også i slike tilfelle bør det krevjast skriftleg stadfesting frå avløyarslaget. I slike tilfelle kan det vere vanskeleg å vite om sjukdom/skade verkeleg oppstod like før dyrestell, eller om det vart utsett å rette førespurnad til avløyarslaga. I mange tilfelle får likevel bonden arbeidshjelp frå ektefelle, sambuar, foreldre eller barn i påvente av landbruksvikar jf. kap. 4.3.

I SLF sin rapport nr. 11/2014 blir det vidare vurdert økonomiske konsekvensar ved å opne for dispensasjon. Det blir vurdert at eit nytt dispensasjonsgrunnlag vil medføre noko auke i saksmengd, avhengig av kor stort omfanget av slik avløyning blir. Arbeidsgruppa finn det vanskeleg å talfeste ei eventuell auke i søknadar. Det er derfor vanskeleg å anslå provenyeffekten. Sidan denne typen avløyning vil vere mest aktuelt for ein kort periode, forutsett at avløyarslaga klarar å oppretthalde tilstrekkeleg beredskap, er provenyeffekten venta å vere liten

I tillegg blir det i SLF sin rapport vurdert at ei dispensasjonsopning vil utløyse krav til meir dokumentasjon, meir komplisert regelverk og meir bruk av skjønn. Auka bruk av skjønn strir i mot ønsket om å forenkla forvaltninga, og kan auke risikoen for ulik sakshandsaming. Å krevje dokumentasjon frå avløyarslaga, vil avgrense behov for skjønsmessige vurderingar, men ein kan likevel tenke seg at tvilstilfelle kan oppstå. Til dømes dersom avløyarslaget meiner det er tilstrekkeleg å stille med avløyar dagen etter skaden/sjukdommen oppstod, medan jordbrukaren meiner behovet er meir akutt. I tillegg blir avløyarslaga pålagt å gi dokumentasjon for eit avgjerande moment i dispensasjonsvurderinga til den enkelte søkar av tilskotet, noko som også kan stille avløyarslaga i ein vanskeleg situasjon.

Det kan vere utfordringar knytt til ordninga si legitimitet dersom ein opnar for at ektefelle, sambuar eller annan person med næringsinntekt kan vere avløyar. Det kan stillast spørsmål ved om eit økonomisk mellomverande mellom ektefelle/sambuar bør utløyse tilskot over jordbruksavtalen, noko som vart peika på i SLF sin rapport nr 11/2014. Ei eventuell opning vil også krevje at ein anten opnar for meir tillitsbasert sakshandsaming, eller at søkar blir stilt overfor eit stort dokumentasjonskrav. Det kan også stillast spørsmål ved korleis ei eventuell opning vil påverke avløyarslaga og deira forpliktingar etter landbruksvikarordninga.

#### **4.4 Gradert tilskot**

Arbeidsgruppa er mellom anna gitt i mandat å vurdere avgjerdene for gradering av tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel når ytingane frå Nav er gradert.

Reglar om gradering av tilskotet står i jordbruksavtalen pkt. 9.2 andre ledd:



«Ved gradert sykmelding fra arbeidet i foretaket, mottak av graderte arbeidsavklaringspenger graderte svangerskapspenger og gradert uttak av foreldrepenger, reduseres dagsatsen forholdsmessig i samsvar med graderingen.»

Tanken bak ei gradering er at den sjukmeldte skal kunne nytte restarbeidsevna si. Nav har gradering for både sjukepengar og foreldrepengar, og tilskotet følger same gradering som ytingane til Nav. Begge baserer seg på sjukmeldingsgraden i sjukmeldinga.

Det er legeerklæringa som vil definere sjukdomsgraden på bakgrunn av ei medisinsk vurdering av arbeidsevna til pasienten. Legen avgjer sjukemeldingsgraden både for arbeid på garden og i jobben utanfor garden. Den kan vere ulik, då pasienten kan makte å utføre noko arbeid avhengig av sjukemeldingsårsak. Til dømes kan fysisk skade tillate kontorarbeid, men hindre pasienten i å utføre fysisk arbeid på garden. Tilskotsmyndigheita tar ikkje omsyn til ein eventuell sjukemeldingsgrad for lønsarbeid utanfor bruket ved gradering av tilskotet.

Det har vore usikkerheit kring korleis Nav handsamar ulik sjukdomsgrad for høvesvis næring og arbeid. Om desse ulike gradene blir slått saman eller om dei haldast skilt. Det har betydning for ein bonde som har arbeid utanfor garden.

Arbeidsgruppa tok derfor kontakt med Nav for å få ei klargjering.

I sitt svar frå 30. januar 2024 skriv Nav følgande:

«Sykemeldingsgraden din per arbeidsforhold (arbeidstaker/bonde) er som den fra legen. Er du 100 % sykemeldt som næringsdrivende og 50 % som arbeidstaker «består» disse gradene. (Vi differensierer dette i praksis på inntekt. Jeg skal forsøke å tegne et enkelt eksempel til illustrasjon). Hvis du normalt tjener kr 300 000 som næringsdrivende bonde og 200 000 som lærer, vil ditt totale sykepengegrunnlag med 100% sykepenger vær kr 500 000. Er du 50% sykemeldt som lærer vil sykepengegrunnlaget for denne delen bli beregnet til 100 000 og da er det totale sykepengegrunnlaget 400 000 kroner. Du er i denne situasjonen i arbeid for de siste 100 000 som lærer og har dermed ikke noe inntektstap i denne delen. Dette er ikke noe den sykemeldte normalt skal merke noe til eller tenke på. Dette er mer en teknisk for Nav i forhold til hvordan vi utbetaler riktig del av grunnlaget direkte til den sykemeldte, eller om en del skal til refusjon til en arbeidsgiver osv.»

#### 4.4.1 Vurdering

Graderinga av tilskotet er i tråd med Nav si gradering og verkar rimeleg. Arbeidsgruppa meiner derfor ein bør behalde reglane om gradering slik dei er i dag. Det bidrar til å gjere ordninga føreseieleg.

#### 4.5 Tilskotsgrunnlag og maksimale dagsatsar

Mandatet til arbeidsgruppa inneber at det skal bli føretatt ein gjennomgang av nivået på ytingane over sjukdomsavløysartilskotet. Dersom eventuelle endringsforslag fremjast, skal arbeidsgruppa vurdere effektar for proveny og tilskotsforvaltninga. Tilskotsgrunnlag og maksimale dagsatsar er ikkje eksplisitt nemnt i mandatet, men her følger likevel ei kort drøfting. Om ein skal endre på element i tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv., til dømes samordningsreglane, må ein ha med seg korleis det heng saman med tilskotsgrunnlag og satsar, jf. drøfting i avsnitt 4.2. Dagsatsane vart gjennomgått i Landbruksdirektoratets Rapport 11/2020, og omtale og vurderingar her byggjer til dels på denne.

Jordbruksavtalen angir maksimale dagsatsar for jordbruksføretak, basert på produksjonen sin art og storleik første dag i perioden det søkast tilskot til avløyning for i den aktuelle søknaden. To tabellar i jordbruksavtalen (9.2 og 9.3, jf. kap. 3.2.2.3) angir tilskotsgrunnlaget ut frå tal av ulike dyreslag mv. og maksimal dagsats ut frå tilskotsgrunnlaget. Den maksimale dagsatsen brukast vidare i utmålinga av tilskotet, der ein kan få det lågaste beløpet av 1) føretaket sin maksimale dagsats ut frå tilskotsgrunnlaget eller 2) høgaste maksimal dagsats i ordninga med trekk for løn, ytingar m.m.

I perioden 2000–2015 endra faktorane per dyreslag, plantevekstar og honningproduksjon seg, medan tilskotsgrunnlaget i tabell 9.3 stod stille. Dette førte til at kravet for å kvalifisere til å få tilskot over tid vart lågare, og at ein krev lågare produksjonsomfang for å komme innunder høgaste nivå for maksimal dagsats. Samtidig har gjennomsnittleg produksjonsomfang i fleire produksjonar auka. I Tabell 2 er ein oversikt over dyretal for å kvalifisere for lågaste og høgaste maksimale dagsats i tabell 9.3.

	Dyretal for å få minste dagsats	Dyretal for å få maksimal dagsats	Gjennomsnittleg dyretal per bruk
Mjølkekyr	1,4	8,4	31,8
Ammekyr	5,1	30,5	18,8
Mjølkesau	6	36,6	36,4
Avlsgris	4	25,6	48,8
Slaktegris	39,1	234,6	252,5

Tabell 2: Dyretal for lågaste og øvste sats i tabell 9.3. Kilde: Omarbeida frå Jordbruksavtalen 23–24 og Landbruksdirektoratet sin produksjonstilskotsstatistikk 01.10. 2023

Som ein ser av Tabell 2 er det for enkelte produksjonar slik at «gjennomsnittsbruket» hamnar inn i høgaste maksimale dagsats. Dermed kan ein seie at det per i dag er ei positiv forskjellsbehandling av dei mindre og gjennomsnittleg store bruka, kontra dei store bruka. Ein kan vidare seie at når ein hamnar på høgaste maksimale dagsats på 2450 kroner (før eventuelle frådrag som følge av samordning eller gradering) kan ein få tilskot til å leige inn ein avløyser på fulltid, uavhengig av «behovet». Ein skil ikkje på kor mykje den avløyste personen jobbar når hen ikkje er sjuk. Den avløyste personen sjølv kan tenkast å jobbe alt frå null til alle vakne timar på garden ein gitt dag. Dagsatsen dekker i praksis inntil eit vanleg dagsverk (2450 kroner i dagsats kan tilsvare 7,5 timar à 327 kroner) når bonden er sjuk.

Føremålet har vore at ein skal få tilskot som bidrar til å dekke kostnader til avløysering. Ettersom kostnadene ved avløysering varierer mellom anna ut frå driftsomsfang, gir det meining at utrekninga er basert på bruksstorleik og produksjonsform. Arbeidsgruppa ser likevel at ordninga, slik ho er innretta i dag, i liten grad differensierer ut frå driftsomsfang, og at alternativ differensiering kan vere aktuelt.

Om ein vil forenkle og differensiere mindre, kan ein vurdere å ha berre ein maksimal dagsats. Ein kan tenke seg at det ofte kan vere slik at om ein «utløyser» ein avløyser/landbruksvikar på jobb, vil hen bruke ein heil arbeidsdag hos føretaket inkludert reise litt uavhengig av produksjonsomfanget på gardsbruket. Men ifølge rapport R-1/2024 frå Ruralis skjer og mykje av avløyseringa frå eigne barn, kårfolk og andre i familien.<sup>49</sup> I ein slik samanheng må ein legge til grunn at reisetida er kort. Det er på ei anna side ikkje utenkeleg at dei større bruka har behov for meir arbeidskraft når bonden av ulike årsaker er fråverande frå drifta, og motsett at dei mindre bruka har mindre behov.

Om differensieringa fjernast ved at alle «får» høgaste maksimale dagsats vil det føre til at dei med mindre driftsomsfang kvalifiserer til meir tilskot enn før, før samordning. Det kan også føre til at fleire av dei kjem til å søke. Det kan føre til at føretak får tilskot til å leige inn avløyser for ein heil dag sjølv om produksjonsomfanget tilseier at ein ikkje treng meir enn nokre timar hjelp. På grunn av samordninga og at ein får tilskot ut frå den lågaste summen av alternativ 1 og 2 i jordbruksavtalen, er det ikkje alle som i dag har driftsomsfang som tilseier lågare enn høgaste maksimale dagsats som vil få meir tilskot ved å fjerne differensieringa av dagsatsane.

I Tabell 3 henta frå Landbruksdirektoratets Rapport 11/2020 går det fram at om lag 95 prosent av bøndene som fekk tilskotet fekk det utrekna ut frå den høgaste maksimale dagsatsen. Ut frå forenklingssyn kan det vurderast om den noverande differensieringa bør fjernast. Men direktoratet fann også at det er mindre enn halvparten av søkerane av produksjonstilskot som har stor nok produksjon til å kvalifisere for den høgaste maksimale dagsatsen. Landbruksdirektoratet antok at reglane om at det skal gjerast frådrag for jordbrukarens inntekter (unntatt næringsinntekt) i søknadsperioden, bidrar til at mange ikkje tek seg bryet med å søke om tilskotet.

<sup>49</sup> Stræte, Egil Petter et al. (2024). Rekruttering av avløser og landbruksvikarar til jordbruket. Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning, R-1/2024. Henta frå: [rapport-1\\_24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf \(ruralis.no\)](https://www.ruralis.no/rapport-1-24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf), s. 9.

Dagsats	Antall foretak	% av foretak	Antall dager	% av dager
Høyeste	2230	95 %	179 869	94 %
Nest høyeste	57	2,4 %	5 786	3 %
Mellomste	24	1 %	1 621	1 %
Nest laveste	23	1 %	1 878	1 %
Laveste	15	0,6 %	1 362	0,7 %

Tabell 3: Fordelingen på dagsatsar per foretak og dagar det vart gitt vedtak om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. til/for i 2019<sup>50</sup>

Ein kan motsett også vurdere å gjere endringar i tabell 9.2 og 9.3 for å få differensiert satsane meir ut frå dagens produksjonsstruktur, det vil seie å auke differensieringa.

#### 4.5.1 Vurdering

Arbeidsgruppa meiner at det er gode grunnar til å halde den høgaste maksimale dagsatsen omtrent på dagens nivå, og eventuelt justere opp om lag i takt med kostnadsnivået på avløyning og lønsveksten i samfunnet elles.

I rapporteringa frå avløyarlaga som deltek i landbruksvikarordninga går det fram at avløyarlaga fakturerer om lag tilsvarende beløp per dag (7,5 timar) som høgste maksimale dagsats i tabell 9.3 i jordbruksavtalen. Av dei bøndene som nyttar seg av avløyarlag, ser ein altså at justering av maksimal dagsats i dei fleste tilfella har direkte innverknad på kva avløyarlaga tar betalt for landbruksvikar.<sup>51</sup>

Om ein vel å redusere tal dagsatsar i tabell 9.3 slik at ein berre opererer med éin sats per bruk, kan ein vurdere kva for ein sats ein skal velje. I praksis vil det å redusere frå fem til ein sats innebere å fjerne utmålingsalternativ 1 i tabell 9.3.

Om ein går frå fem til ein dagsats vil det i utgangspunktet ikkje vere skilnad på kva ein får i tilskot om ein driv stort eller lite. Sidan ein i dag har samordning med ytingar i samband med mellom anna lønsinntekter vil dette i fleire tilfelle regulere seg sjølv sidan det er rimeleg å anta at jo mindre bruket er jo meir inntekt har ein normalt utanfor bruket. Om det er tilfelle at nokre bruk har behov for mindre arbeidskraft slik at ein kan ta løna arbeid ved sida av, vil ein også i dei fleste tilfelle ha behov for færre timar avløyning. Dermed vil ein også få mindre i tilskot fordi anna inntekt blir trekt frå. Sidan det ikkje samordnast mot alle inntekter (til dømes anna næringsinntekt), kan det slå skeivt ut i favør av føretak med til dømes lite driftsomsfang og mykje attåttnæring å auke den maksimale dagsatsen for alle.

Også med gjeldande regelverk blir utmålinga av tilskotet i relativt liten grad differensiert ut frå driftsomsfanget hos husdyrbøndene. Maksimal dagsats for tilskotet blir oppnådd med eit lågt tal husdyr. Om ein legg til grunn at behovet for arbeidshjelp aukar med større driftsomsfang, blir det i mindre grad følgt opp gjennom noverande utmålingsreglar. Det kan hevdast at ein avløyar pga. til dømes køyretid og fast fjøstid ikkje rekk over meir enn eitt bruk om dagen, og at dette tilseier at ein ikkje bør differensiere utmålinga av tilskotet meir enn i dag.

I områder med større tettleik av gardsbruk bør likevel ein avløyar kunne dekke fleire bruk i løpet av ein dag. Det kan også peikast på at i mange tilfelle er det foreldre, barn mv. som er avløystrar, og dei vil ofte ha bustad på eller nær garden. Dei vil kunne ha kapasitet til å delta meir i drifta per dag enn det dyretalet som i dag gir maksimal dagsats.

Av ovannemnd tekst går det fram at det er andre aktuelle alternativ for kva som bør vere maksimal(e) dagsats(ar) for ordninga. Lågaste tilskotsgrunnlag utgjer i dag også ein nedre grense for kva føretak som kan få tilskotet. Dette må også inngå i ein vurdering av endra tilskotsgrunnlag/dagsatsar. I vurderinga må ein også ta omsyn til provenyeffekten av forslaga.

<sup>50</sup> Tala er frå 2019, men det er lite grunn til å tru at det er store endringar i perioden 2019 - 2023

<sup>51</sup> 1999 føretak fekk avløyning ved sjukdom og krise av avløyarlag i 2022.

Eventuelle endringar i samordninga, jf. kap. 4.2, kan også få konsekvensar for differensieringa av dagsatsar og ein må derfor sjå samordninga i samheng med differensieringa av dagsatsane om ein vil gjere endringar. Arbeidsgruppa meiner også at om ein ønsker å gjere endringar i differensieringa av dagsatsane må dette greiast ut nærmare.

## 4.6 Tidsavgrensing av tilskotsgrunnlaga

Arbeidsgruppa har fått i mandat å gjennomgå «bestemmelsene om tidsavgrensning på ytelsene fra ordningene, inkl. avløsertilskudd ved sykdom som stansar når det er utbetalt for en person i 365 dagar de tre siste årene.»

Tidsavgrensingane for dei ulike tilskotsgrunnlaga er til ein viss grad knytt til Nav sin utbetalingsperiode.

Det har blitt stilt spørsmål om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. burde kunne bli gitt ut over den fastsette grensa for eitt år i særskilte høve. Det gjeld særleg ved alvorleg sjukdom der den avløyste har behov for lengre medisinsk behandling og opptrening og der prognosane for å kome tilbake i arbeid er gode.

### 4.6.1 Tidsavgrensing ved eigen sjukdom

Tidsavgrensinga for tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. går fram av sjukdomsavløysingsforskrifta § 4 andre ledd: «Tilskot... stansar når det er utbetalt tilskot for personen i til saman 365 dagar i løpet av dei tre siste åra». Med tre år tilbake i tid meinast tre år frå siste sjukmeldingsperiode og ikkje dei tre siste heile kalenderåra. Sjølv om tal dagar er ulikt (sjukdomsavløysingstilskotet blir også gitt for mellom anna helger), svarar dette i utstrekning til regelen for sjukepengar frå Nav. Etter Nav sine reglar har ein person rett til arbeidsavklåringspengar i maksimum tre år etter 365 dagar med sjukepengar, dersom hen framleis har behov for medisinsk behandling eller avklaring av arbeidssituasjonen. I denne perioden får søkaren 66 prosent av full løn jf. folketrygdlova § 11-20.<sup>52</sup> Dette gjeld også dersom man er sjølvstendig næringsdrivande og har vore sjukemeldt i eit år. I motsetning til reglane i folketrygdlova om sjukepengar, er det inga tilskotsordning som trer i staden for tilskot etter 365 dagar.<sup>53</sup>

Til samanlikning kan ikkje jordbruksføretaket få tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. tilsvarande ein avklaringsperiode etter 365 dagar. Då følger ei karenstid på 26 veker.

### 4.6.2 Vurdering

Eittårgrensa er knytt til ein beredskapstanke. Dersom tilskot til avløysing ved sjukdom vart utbetalt over ein lengre samanhengande periode, ville utbetalinga grensa mot eit driftstilskot. I dette ligg det ei vurdering om at langvarig sjukdom ikkje er foreinleg med å drive eit jordbruksføretak. Eit alternativ er å behalde ordninga slik den er i dag med ei absolutt tidsavgrensing på eitt år, slik at den vil vere i tråd med folketrygdlova sine reglar for utbetaling av sjukepengar. Ei absolutt tidsavgrensing skapar ei føreseieleg og effektiv sakshandsaming, utan bruk av skjøn.

Om det likevel skal opnast for å innvilge tilskot i meir enn eitt år, må ein anten fjerne eller utvide 365-dagarsgrensa i § 4 andre ledd eller innlemme tidsavgrensinga i dispensasjonsheimelen i § 9. andre ledd.

Dersom ein fjernar avgrensinga for varigheita for tilskotet heilt, vil det føre til at alle får tilskot til avløysing ved sjukdom så lenge dei har behov. For tilskotsutbetalar vil det knytte seg stor usikkerheit til kostnaden ved å ikkje tidsavgrense tilskotet. Det vil gjere forvaltninga utfordrande. Dei aller fleste ytingar har ein tidsavgrensing og det skapar også større likskap.

---

<sup>52</sup> Folketrygdloven. (1997). Lov om folketrygd (folketrygdloven). (LOV-1997-02-28-19). Kap 5-7. Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-02-28-19>

<sup>53</sup> Arbeidsavklaringspenger gis med 66 prosent av grunnlaget, se § 11-19. Minste årlige ytelse er to ganger grunnbeløpet. For medlem under 25 år er minste årlige ytelse 2/3 av to ganger grunnbeløpet. Arbeidsavklaringspenger gis for fem dagar per uke. Dagsatsen er den årlige ytelsen delt på 260

Ei anna løysing kan vere å utvide hovudregelen på eitt år med til dømes seks månadar eller eit heilt år. Ei slik utviding ville skape større fleksibilitet og vere meir føreseieleg for dei som er sjuke utover eitt år. Ei utviding av varigheita vil gi ein tryggingssventil i tilfelle der jordbrukaren er sjuk i meir enn eitt år. Det inneber at jordbrukaren kan oppretthalde drifta ved hjelp av avløyser under heile eller ein større del av sjukdomsperioden. Ei utviding av ein hovudregel vil ikkje komplisere sakshandsaminga i stor grad i forhold til i dag.

Eit siste alternativ kan være å behalde hovudregelen om ei tidsavgrensing på 365 dagar, men opne for at tidsavgrensinga blir omfatta av dispensasjonstilgangen i § 9 andre ledd. Ein kan då velje å avgrense høvet til dispensasjon med maksimum 6 månader eller eitt år. Dispensasjonen kan då avgrensast til dei tilfella der det er stor sjanse for at jordbrukaren blir frisk og i stand til å drive garden etter sjukefråværet. Legen kan i så fall via legeerklæring sannsynleggjere at jordbrukaren blir frisk innan rimeleg tid.

På lik linje med utviding hovudregelen på 365 dagar, vil det gi ordninga større fleksibilitet og bidra til å dekke kostnader over ein lenger periode. Til forskjell frå ei generell utviding av hovudregelen, krev ein dispensasjon bruk av skjøn der sakshandsamaren skal vurdere om «særlege høve» føreligg jf. forskrifta § 9 andre ledd. Det vil komplisere sakshandsaminga. Det kan vere krevjande vurderingar for ein sakshandsamar i kommunen som har få søknader på ordninga i løpet av året. Det kan også vere krevjande for forvaltninga å avslå ein dispensasjonssøknad dersom det ikkje er gode prognosar for at personen blir frisk eller der prognosen inneheld vesentlege usikre moment. Ved dispensasjon er det også alltid ein fare for at hovudregelen undergravast. Klare retningslinjer for når ein eventuell dispensasjon frå tidsavgrensing kan bli gitt, er i så fall viktig. Ei utviding av skjønnet fører ikkje til ei forenkling av tilskotsordninga.

#### 4.6.2.1 Provenyeffekt og omfang ved utviding av eittårsgrensa

Analyse av datasetta frå Agros viser at om ein legg saman alle periodane kvart føretak har fått tilskot for i løpet av 2023, er det 109 føretak som har avslutta ein tilskotsperiode på mellom 360 og 365 dagar i 2023.<sup>54</sup> Arbeidsgruppa har ikkje hatt tilgang på kor lange sjukemeldingane faktisk er i kvar sak. For å vurdere kor stor effekt det vil ha på utbetalinga av tilskotet å utvide grensa for mottak av tilskot ved 6 månadar og 12 månadar er det gjort nokre føresetnader. Det er rimeleg å anta at ein stor del av tilskotsmottakarane vil fortsette ei tid etter 365 dagar. I anslaget er det lagt til grunn at alle vil få tilskot i ytterlegare tre månader. Deretter reduserast tal mottakarar med 25 prosent per kvartal slik at det etter eitt år forlengast grense for tilskotet er det 25 prosent som får tilskot.

Satsen per dag som er brukt for å rekne ut provenyet for 365 dagar er 795 kroner som er gjennomsnittleg dagsats utbetalt som tilskot i 2023. Det er lagt føresetnad om at når tilskotsmottakar etter 365 dagar går over på arbeidsavklaringspengar som svarar til 66 prosent av sjukepengane blir også tilskotet høgare per dag. Det er dermed også gjort føresetnad om at reduksjonen på 34 prosent i ytingar frå Nav gir i kroner same auke i tilskotsutbetalinga slik at dagsats etter 365 dagar er 1239 kroner. Det understrekast at satsen er auka med 350 kroner frå og med 1.1.2024 som også vil påverke provenyet.

Som ein ser av Tabell 4 er det naturlegvis ei minkande kvartalsvis utbetaling av tilskot. Det første halve året utgjer om lag 2/3 av summen for eit heilt år.

	Eitt år	Kostnad per ekstra kvartal utviding				Proveny halvt år	Proveny heilt år
		1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal		
<b>Periode (dagar)</b>	365	91,25	91,25	91,25	91,25	--	--
<b>Tal mottakarar</b>	109	109	82	55	27	--	--
<b>Totalt dagar med tilskot</b>	39785	9946	7460	4973	2487	--	--
<b>Utbetalt tilskot (kr)</b>	31,6 mill. kroner	12,3 mill. kroner	9,2 mill. kroner	6,1 mill. kroner	3 mill. kroner	21,5 mill. kroner	30,8 mill. kroner

Tabell 4: Effekt av utvida grense med 6 mnd og eitt år Kjelde: Landbruksdirektoratet – Agros

<sup>54</sup> Også med oppstart i sjukdomsperiode i 2022.

Arbeidsgruppa peiker på at dette er usikre tal då det er vanskeleg å anslå kor mykje lengre den einkilde vil ha behov for tilskot utover eitt år. Provenyet er rekna ut med utgangspunkt i tal personar som avslutta sin sjukdomsperiode i 2023. Provenyet er derfor avgrensa til å berre gjelde auka utbetaling for desse personane. Det vil vere fleire sjukdomsperiodar som starta i 2023 men som ikkje vil nå 365 dagar før i 2024. Det er også usikkerheit knytt til tala i samband med at ein kan søke om tilskot opp til eitt år etter siste avløyse dag. Det er også usikkerheit knytt til effekten av auka søknadstal. Dette er relevant med tanke på reduksjonen i ytinga frå Nav når ein går frå sjukepengar til AAP, som vil føre til lågare inntekt som kjem til frådrag, og dermed høgare tilskot.

### 4.6.3 Tidsavgrensing og vurdering av tilskot ved svangerskap og fødsel

Tidsavgrensinga ved svangerskap og fødsel går fram av sjukdomsavløyingsforskrifta § 5, og følger i stor grad Nav sine tidsavgrensingar.

Arbeidsgruppa vurderer at det her er rimeleg å rette seg etter folketrygdlova sine tidsavgrensingar for svangerskaps- og foreldrepengar.

Når det gjeld forskriftas § 5 femte ledd, skil reglane for tilskotet seg frå folketrygdlova sine reglar om samtidig foreldrepengar dei 14 første dagane etter fødsel. Etter folketrygdlova § 14-9 sjetle ledd kan far ta ut ti stønadsdagar (to veker) i samband med fødsel saman med mor, sjølv om dei seks første vekene er reservert mor.<sup>55</sup> Desse dagane inngår då i perioden som far har rett til. For dei som er tilsette, har far rett til å ta ut 14 dagar permisjon saman med mor. Det følger også av arbeidsmiljølova og er eit ledd i å styrke stillingsvernet. Det er opp til arbeidsgivar om far får fri med løn.<sup>56</sup>

Jordbruksføretaket kan i utgangspunktet ikkje få meir enn eitt tilskot for same periode.<sup>57</sup> Som vist til i kap. 3.2.2.4 kan ein søke om dispensasjon frå dette.

Det kan vere eit alternativ at ordninga i større grad følger Nav sine reglar her ved at det blir gitt tilskot ved samtidig permisjon i 14 dagar rett etter fødsel. Generelt vil desse tilfella krevje dokumentasjon på at det er behov for meir enn ein person i drifta. For ordninga sin legitimitet er det nødvendig at ein i slike tilfelle kan syne at det er reelt grunnlag for utbetaling av meir enn eitt tilskot. Det ligg dermed tett opptil det som allereie gjeld for ordninga (høve til dispensasjon).

Arbeidsgruppa vil vise til at det normalt blir innvilga søknad om dispensasjon i slike saker. Sjølv om dei fleste søknadane blir innvilga, kan det vere at nokre trur dei ikkje vil få dispensasjon og let vere å søke. Søknaden sendast i etterkant av fødselen og det kan opplevast som ein for stor risiko å satse på at dispensasjonen blir innvilga. Det kan innebere ein større økonomisk risiko å pådra seg avløysearkostnader som ein ikkje veit om blir dekt gjennom tilskotet enn dersom dette var meir klart.

Eit alternativ i denne samanhengen er at det blir opna for at føretaket kan søke om dispensasjon før fødsel dersom forholda ligg til rette for det. Søknaden om tilskotet må likevel fremmast etter at dokumentert avløyse har skjedd. Dette vil redusere den økonomiske risikoen som er nemnt over.

Om ein ønsker å utvide tidsavgrensingane i desse tilfella må ein sjå dette i samheng med eventuelle endringar i samordninga av tilskotet jf. kapittel 4.2.2.4.

Det var totalt 136 tilfelle av tilskot til avløyse ved svangerskap og fødsel i 2023 med i samla utbetaling på 15,3 mill. kroner. Det er generelt vanskeleg å anslå kva provenyeffekt eventuelle endringar vil føre til. Dette heng mellom anna saman med at det er usikkert kor mange bønder som får barn i løpet av eitt år, og det er dermed også vanskeleg å anslå kor mange fleire som kjem til å søke om tilskot ved ei utviding av tidsavgrensinga. Bruken av ordninga er også i større grad enn dei andre tilskotsårsakene gjenstand for personlege disposisjonar knytt til varigheit av avløyseingsperioden og om begge foreldre er involvert i drifta.

---

<sup>55</sup> Folketrygdlova. (1997). Lov om folketrygd (folketrygdloven). (LOV-1997-02-28-19). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-02-28-19>, Kap 6.1

<sup>56</sup> Arbeidsmiljølova. (2006). Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven). (LOV-2005-06-17-62). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-62> § 12-3: Lova gjeld berre tilsette og ikkje sjølvstendige arbeidstakarar

<sup>57</sup> Jf. kapittel 3.2.2.4



#### 4.6.4 Tidsavgrensing og vurdering for tilskot ved sjukt barn

Jordbruksføretaket kan få opp til 40 dagar med omsorgspengar fordelt på to foreldre, forutsett at begge foreldra oppfyller kravet til næringsinntekt frå garden. Det vart gjort ei endring i § 6 andre ledd i 2021 som utvida retten for tilskot ved kronisk sjuke barn for inntil 60 dagar.<sup>58</sup> Dette er lengre periodar enn det Nav har gjennom omsorgspengar som er 10 – 15 dagar per forelder, men kortare enn Nav sine pleiepengar.

Etter føresegnene om pleiepengar i folketrygdlova §§ 9-10 til 9-17 kan sjølvstendige næringsdrivande få 100 prosent av sjukepengegrunnlaget frå første fråværsdag. Etter sjukdomsavløysingsordninga er hovudregelen at det ikkje blir gitt meir enn eitt tilskot for same periode per føretak. Folketrygdlova har inga tidsavgrensing på denne retten til pleiepengar.

Dersom ein skulle endre på tidsavgrensingane for tilskot ved sjukt barn, må ein vurdere kor lenge retten på tilskot skal vare og kor mykje det vil koste. Ifølge sakshandsamingssystemet Agros vart det utbetalt 707 551 kroner til foreldre med sjukt barn i 2023 fordelt på 108 saker til 48 jordbruksføretak. Utan samordning ville det blitt utbetalt 1 201 200 kroner.

Av dei 108 sakene som fekk tilskot var det eitt føretak som fekk tilskot i totalt 60 dagar og eitt føretak som fekk tilskot i 51 dagar. Det var elles 10 føretak som fekk tilskot i 20 dagar eller meir. Det er rimeleg å anta at nokre av desse føretaka ville søkt om lengre periodar om det hadde vore opna for det i regelverket. Jamfør tala frå 2023 er det rimeleg å anta at utviding av tal dagar ikkje vil føre til særlege effektar i provenyet for ordninga.

---

<sup>58</sup> Forskrift om endring i forskrift om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. (2023). Forskrift om endring i forskrift om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. (FOR-2022-11-18-1981). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2022-11-18-1981>

## 5 Landbruksvikarordninga

I dette kapittelet tek rapporten føre seg punkta i mandatet som handlar om landbruksvikarordninga. Tilskotet til landbruksvikarverksemd skal legge til rette for tilbod om landbruksvikar ved akutt sjukdom og krise. Ein landbruksvikar yter arbeidshjelp ved sjukdom og krise i maksimalt dei 14 første dagane per tilfelle, og skil seg derfor frå avløyssarar som yter tenester utover dei 14 første dagane ved sjukdom og fødsel mv. og ved ferie- og fritidsavløysing. I rapporten nyttast derfor omgrepet «landbruksvikar/landbruksvikarverksemd ved akutt sjukdom og krise» for å skilje dette tilskotet frå avløyssartilskota

### 5.1 Føremålet

I mandatet går det fram at arbeidsgruppa skal «Vurdere endringer i formålsbestemmelsene for ordningene, som å ta inn hensynet til dyrevelferd, og ev. effekter av dette». Føremålet gir rammer for tolking av dei andre føresegnene, samt mål og retning for ordninga. I vurderinga om å endre føremålet, må ein først vurdere kva konsekvensar ei endring kan medføre for tilskotsmottakarar og elles andre partar som er knytt til ordninga.

Føremålet i forskrift om tilskot til landbruksvikarordninga seier «Tilskotet skal bidra til å sikre at føretak med husdyr- og planteproduksjon får tilgang på kvalifisert hjelp til avløysing ved sjukdom og i krisesituasjonar», jf. § 1. «Rundskriv 2023/24 Forskrift om tilskot til landbruksvikarordninga – kommentarar til regelverk» slår fast at det er eit mål at landbruksvikarordninga er landsdekkande slik at det er tilgjengeleg kvalifiserte landbruksvikarar der det er behov for det. Tilskotet skal bidra til å sikre dette. Avløyssarlag som er godkjent av statsforvaltaren kan søke og få tilskot.

Vidare seier rundskrivet at landbruksvikarar skal yte kvalifisert hjelp til føretak med husdyr- og planteproduksjon når det oppstår sjukdom, skade eller dødsfall som gjer at den som har det daglege ansvaret i føretaket ikkje kan utføre arbeidet sitt. Det kan også oppstå andre krisesituasjonar der det er nødvendig med landbruksvikar. Landbruksvikaren skal kunne komme på kort varsel. I regelverket går det fram at målet med å sette inn kvalifisert hjelp i føretak er å halde produksjonen i gang, anten det er husdyr – eller planteproduksjon. Tilskotet kan soleis også føre til å sikre matproduksjon og mattryggleik for samfunnet.

At tilskotet skal bidra til å sikre tilgang på kvalifisert hjelp til føretak som har behov, betyr at tilskotet skal vere eit bidrag og at det ikkje er meint å dekke utgiftene fullt ut. Avløyssarlaga tilbyr også avløysing til ferie og fritid, og forsøker i dei fleste tilfelle å fylle arbeidstida til sine tilsette avløyssarar med ulike oppdrag. Landbruksvikarar kan nyttast til andre oppdrag berre dersom det ikkje er behov for sjukdom-eller kriseavløysing i ansvarsområdet til avløyssarlaget.

#### 5.1.1 Vurdering av ei endring av føremålet

Føremålet med tilskotet bør framleis vere å «bidra» med omsyn til støttegrad. Sidan ei føremålsføresegn i hovudsak set rammene for vidare tolking av forskrifta elles, vil ei endring av føremålet ha avgrensa effekt på korleis ordninga blir praktisert. Ordninga har i dag ein trygginguventil ved utilsikta konsekvensar i § 5 andre ledd, der det går fram at statsforvaltaren kan gi dispensasjon om «særlege grunnar talar for det». Det er som eit utgangspunkt ikkje ønskeleg at denne føresegna kjem meir i bruk som ei følge av å endre føremålet med ordninga.

Arbeidsgruppa viser elles til dei same vurderingane som er gjort kring generell endring av føremålet i forskrifta for tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.

#### *Dyrevelferd*

Landbruksvikarordninga blir i mange samanhengar nemnt som eit tiltak for å sikre dyrevelferd. I dag er ikkje dyrevelferd ein del av føremålet med landbruksvikarordninga, men rundskrivet seier at avløyssarlaga skal prioritere husdyrproduksjon over planteproduksjon dersom fleire gardbrukarar har behov for hjelp samtidig.

Arbeidsgruppa viser til at dyrevelferd og krav knytt til dette allereie er regulert gjennom eige regelverk, forvalta av Mattilsynet. Det er dermed ikkje sikkert at å innlemme dyrevelferd i føremålet med ordninga vil ha noko påverknad på dyrevelferda. Representantar frå NLT i referansegruppa opplyser om at dei i stor grad forsøker å stille med landbruksvikar på ein måte som sikrar at dyrevelferda blir varetatt.



I ordninga er det lagt vekt på at særleg husdyrprodusentar får hjelp ved behov. Det å inkludere dyrevelferd i forskrifta vil i så måte kunne bidra til ei presisering av dagens praksis. Eit alternativ er å inkludere dyrevelferd som noko avløysarlaga skal prioritere i § 2 andre ledd.

## 5.2 Tilstrekkeleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg jf. § 2

I følge mandatet skal arbeidsgruppa vurdere kva krav ein bør stille til avløysarlag som deltek i landbruksvikarordninga, jf. § 2 om at avløysarlaga pliktar å «ha tilstrekkeleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg». § 2 handlar om korleis landbruksvikaren kan disponerast av avløysarlaga. Det inneber responstid, geografisk fordeling og kompetanse.

Avløysarlaga pliktar å ha tilstrekkeleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg innanfor sitt geografiske ansvarsområde jf. landbruksvikarforskrifta § 2. Denne plikta er avgrensa til 14 dagar per tilfelle sidan det etter 14 dagar ikkje lenger kan reknast som akutt. Landbruksdirektoratet oppfattar i forvaltninga av ordninga at denne føresegna er eit vilkår for å få tilskot. Med andre ord kan Landbruksdirektoratet eller Statsforvaltar krevje heile eller delar av tilskotet tilbake om plikta ikkje blir heldt ved like. Då ordninga vart overført frå kommunane til avløysarlaga i 2008 la avtalepartane til grunn at behovet for landbruksvikarverksemd kunne dekkjast gjennom 240 årsverk. Partane fann at den geografiske fordelinga av desse årsverka måtte gjerast av Landbruksdirektoratet saman med dei enkelte fylka.

I forskrifta vart det lagt inn krav om “tilstrekkeleg” beredskap. Avtalepartane fann at behovet for beredskap over tid kan variere, og at det derfor ikkje var føremålstenleg å definere kva ein reknar som tilstrekkeleg beredskap. Ein la den gang til grunn at kvart avløysarlag vurderer behovet for beredskap når dei søker om tilskot til Statsforvaltaren.<sup>59</sup>

I rapporteringa av Landbruksvikarordninga til Landbruksdirektoratet og Statsforvaltar svarar avløysarlaga at i dei aller fleste tilfelle greier å skaffe landbruksvikar, men viss det er fleire gardbrukarar som blir sjuke samtidig kan det vere utfordrande å finne landbruksvikar til alle med behov. Avløysarlaget må då prioritere bruken av sine tilsette. Dette gjennom å bruke tilsette som normalt arbeidar som avløysarar til landbruksvikarverksemd. I meir sjeldne høve der behovet for landbruksvikarar heller ikkje kan dekkjast opp gjennom bruk av dei andre avløysarane, kan det vere nødvendig å prioritere kva for bønder som skal få arbeidshjelp. Til dømes kan husdyrprodusentar prioriterast framfor bruk som berre har planteproduksjon. I 2022 rapporterte avløysarlaga at 1999 føretak fekk landbruksvikar ved akutt sjukdom og krise og 22 føretak fekk ikkje hjelp på førespurnad. Hjelp ved akutt sjukdom/arbeidsuførheit eller krisesituasjonar er prioritert framfor hjelp til langtidssjukemelde. Avløysarlaga seier dei ofte leiger inn fleire personar til å utføre forskjellige oppgåver, spesielt innan planteproduksjon. Situasjonar der mange har behov for landbruksvikar samtidig krev mykje administrativt arbeid av avløysarlaget, og er særleg utfordrande i små avløysarlag der same person både har administrative og utøvande oppgåver.

For å oppfylle plikta om beredskap er det nødvendig for avløysarlaga å innrette seg ulikt. Det er ikkje nokon vilkår knytt til innrettinga, og avløysarlaga avgjer sjølv kva som er best i deira område. Nokre avløysarlag har fast tilsette landbruksvikarar som arbeida hundre prosent i sitt område. Andre lag oppfyll plikta ved å ha fleire tilkallingsvikarar spreidd over eit større område som har høve til å gå ut av sine daglege oppgåver for å drive avløysing ved krisetilfelle. Skilnadene heng saman med at det er ulikt frå ansvarsområde til ansvarsområde kva geografiske avstandar mellom produsentane det er, storleiken på dei enkelte brukarar, ulike produksjonar og tal produsentar.

Uavhengig av dei ulike innrettingane til avløysarlaga må dei fleste stort sett nytte seg av avløysarar som ikkje er tilsett som landbruksvikarar for å halde tilstrekkeleg beredskap i sitt område. Det kjem særleg til uttrykk når fleire bønder blir sjuke samtidig. I slike tilfelle brukar avløysarlaga ofte personar med annan tilknytning til avløysarlaga for å utføre avløysing, til dømes tilsette som vanlegvis arbeidar med avløysing til ferie og fritid.

### 5.2.1 Vurderingar

Arbeidsgruppa meiner at avløysarlaga er ein viktig reiskap for å styrke beredskapen ved sjukdom og krise.

---

<sup>59</sup> Landbruks- og matdepartement. (2007). Fastsetting av ny forskrift om tilskudd til landbruksvikarvirksomhet og endring av forskrift om tilskudd til avløsning. Henta frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/regelverk/brev\\_forsk\\_tilsk\\_landbrvikord\\_30102007.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/regelverk/brev_forsk_tilsk_landbrvikord_30102007.pdf)

Eit aspekt med ordninga er at bøndene skal vere trygge på at om det oppstår akutt sjukdom eller krise som held ein vekke frå drifta, så skal ein få hjelp same kvar ein driv jordbruk. Arbeidsgruppa legg til grunn at avløysarlaga som deltek i ordninga er dei som best kan vurdere korleis pliktane etter forskrifta blir etterlevd. Arbeidsgruppa finn derfor ikkje grunnlag for å fastsette eit meir detaljert regelverk for korleis denne prioriteringa skal gjennomførast. Arbeidsgruppa vurderer at avgrensinga av plikta til 14 dagar er i tråd med føremålet med ordninga. 14 dagar er tilstrekkeleg til at ein får hjelp ved kortare fråvær og at ein ved lengre fråvær har tid til å omstille og få tak i langvarig hjelp. Avgrensinga til 14 dagar plikt hindrar heller ikkje avløysarlaga i å stille med landbruksvikaren lengre enn dette så lenge det er kapasitet til det.

Det er arbeidsgruppa si oppfatning at tilskotsordninga, med omsyn til den høge grada av kommunar som er omfatta av ordninga, har oppfylt målsetningane om å ha tilstrekkeleg beredskap over heile landet. Inntrykket til arbeidsgruppa er vidare at avløysarlaga som deltek i landbruksvikarordninga i stor grad oppfyller beredskapsplikta med bakgrunn i at 99 prosent av føretak får hjelp ved førespurnad. Ifølge undersøkinga til Ruralis er det i underkant av 6 av 10 bønder som svarte på undersøkinga som er «enig» eller «delvis enig» i at samarbeidet med avløysarlaget fungerer godt.<sup>60</sup> Det blir i undersøkinga vidare understreka at 22 prosent av bøndene har svart «vet ikke», og at dette kan tyde på at desse har lite kontakt med avløysarlaget. Det er samtidig 40 prosent av respondentane som er ueinig i at det er enkelt å skaffe avløysar ved sjukdom og krise.<sup>61</sup> Det er ikkje kjent i kva grad desse har vore sjuke og/eller har erfaringar der dei har vore i kontakt med avløysarlag om landbruksvikar.

Avløysarlaga forsøker å sette inn landbruksvikar som er kjent på gardsbruket frå tidlegare ved å ha jobba med ferie- og fritidsavløysing på garden. Dette er mest effektivt for både avløysar og bonde. Bøndene har sjølv ansvar for å legge til rette for og knyte til seg den kompetansen dei treng ved avløysing.

Ved vurdering av kva som er tilstrekkeleg beredskap, meiner arbeidsgruppa at ein forvaltningsmessig ikkje kan sette spesifikke krav til kven avløysarlaga tilbyr som landbruksvikar. Dette må vere ei prioritering som kvart enkelt avløysarlag tar basert på det lokale behovet. Arbeidsgruppa vil også peike på at tilskotet til landbruksvikarverksemd kan nyttast til å gi dei tilsette utdanning mv., og at den tidlegare avgrensinga av kor mykje av tilskotet som kan brukast til dette føremålet er fjerna. Dette bør bidra til at kompetansen til landbruksvikarane blir heva.

Med omsyn til tilstrekkeleg beredskap og responstid kan det vanskeleg settast eit absolutt krav om at avløysarlaga skal yte hjelp same dag som krisa oppstår. Sjølv om det i nokre tilfelle er behov for å få avløysar same dag/kveld som krisa oppstår, så må det leggest til rette for at avløysarlaget i ein del tilfelle har behov for å organisere seg og eventuelt omdisponerer landbruksvikarar på andre oppdrag. I følge rapporteringa frå avløysarlaga er det fleire lag som forsøker å stille med landbruksvikar dagen etter at krisa oppstår. Eit rimeleg krav til responstid er at dersom bonden tar kontakt med avløysarlaget ved sjukdom og krise, må avløysarlaget i utgangspunktet stille med avløysar seinast påfølgande dag. På grunn av store variasjonar i mellom anna avstand, ser ikkje arbeidsgruppa det som føremålstenleg å sette eit absolutt krav til responstid.

Arbeidsgruppa peiker på at det kan vurderast å etablere eit system for tilbakemelding til statsforvaltaren frå produsentar som ønsker landbruksvikar, men som av ulike grunnar ikkje får dette. Ei slik ordning vil gi landbruksmyndighetene eit betre bilete på kvaliteten av ytinga frå avløysarlaga. Sjølv om det er avløysarlaga som mottok tilskotet, er ordninga etablert av omsyn til produsentane, og dei bør derfor ha høve til å gi tilbakemelding til landbruksforvaltninga om korleis ordninga fungerer.

### 5.3 Nivået på tilskotet

Arbeidsgruppa har mellom anna fått i mandat å «vurdere nivået på tilskuddet per årsverk landbruksvikarvirksomhet ut fra kostnadene avløserlagene har med deltakelse i ordningen». I vidare vurdering legg arbeidsgruppa til grunn at tilskotet framleis skal bidra til å 1) sikre at det er tilstrekkeleg med landbruksvikarar tilgjengeleg og 2) sikre at landbruksvikarane er kvalifiserte til å utføre nødvendige arbeidsoppgåver.

Tilskotet blir tildelt avløysarlaga ut i frå deira behov for landbruksvikarar målt i årsverk. I 2024 er tilskotssatsen per årsverk landbruksvikar satt til 305 000 kroner, og det nasjonale behovet satt til om lag 240 landbruksvikarårsverk. Det kan også visast til endring i regelverket i 2019 som opna for at avløysarlaga

---

<sup>60</sup>Stræte, Egil Petter et al. (2024). Rekruttering av avløser og landbruksvikarar til jordbruket. Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning, R-1/2024. Henta frå: [rapport-1-24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf](https://rapport-1-24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf) ([ruralis.no](https://ruralis.no)).s. 41 Figur 15

<sup>61</sup> Ruralis s. 42 Figur 17

kan fakturere eit større beløp enn det som er høgste maksimale dagsats for tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.<sup>62</sup> Dette har gitt avløyarlaga større fleksibilitet, men både avløyarlag og bønder som brukar ordninga har forsøkt å unngå dette til no.

### 5.3.1 Vurderingar

Som eit alternativt til dagens forvaltning, kan det tenkast at tilskotet i større grad kan bli utbetalt etter behov ved at kvart avløyarlag får eit grunntilskot for å delta i ordninga og eit tilskotsbeløp per tilfelle landbruksvikarverksemd ved akutt sjukdom og krise. Direktetilskotet kan då bli innretta som ei refusjonsordning for reelle kostnader som avløyarlaga har knytt til landbruksvikarverksemd ved akutt sjukdom og krise. Dette kan gjere ordninga meir treffsikker, men vil samtidig krevje at forvaltninga brukar meir ressursar på ordninga og inneber at jordbruksavtalen i større grad tek risikoen knytt til årlege variasjonar i behovet for landbruksvikarverksemd ved akutt sjukdom og krise. Dette vil ikkje vere i samsvar med endringa av ordninga om at eit mindreforbruk av middel kan behaldast av avløyarlaget og nyttast til utdanning, administrasjon mv. Dersom meirforbruk eit år skal dekkast over avtalemidla, bør mindreforbruk krevjast tilbakebetalt. Avløyarlaga kan også bruke auka innbetaling frå brukarane av ordninga som ein mogleg buffer. Dette er noko både avløyarlag og bønder som brukar ordninga har forsøkt å unngå til no. Dersom ordninga endrast til ei refusjonsordning, må avløyarlaga sjølv dekke utgiftene til bruk av landbruksvikarane fram til dei påfølgande år mottek refusjonsbeløpet.

Å styrke avløyarlaga økonomisk har blitt trekt fram av Rurales som viktig for å sikre både tilstrekkeleg beredskap, sikre at landbruksvikarane er kompetente til å utføre sine arbeidsoppgåver og for å sikre at avløyarlaga kan tilby konkurransedyktig løn til sine tilsette.<sup>63</sup>

Avløyarlaga sine kostnader knytt til landbruksvikarordninga kan i stor grad variere mellom avløyarlag avhengig av løn til kvar einskild landbruksvikar, reiseavstandar og eventuelle arbeidstidsbestemmingar knytt til overtid og vakt mv.

Ein kan argumentere for ein auke i støtte over ordninga, samtidig ser arbeidsgruppa at det må takast ei vurdering knytt til nivået på dei to avløyartilskota. Avløyarlaga er medlemseigde, private føretak, og bøndene som medlemmar nyttar seg av laget sine tenester. Men det er ikkje krav til å vere medlem i avløyarlaget for å kunne få arbeidshjelp frå laget. Bønder kan søke om tilskot til avløyning gjennom ordningane tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. og tilskot til avløyning ved ferie og fritid, som vidare kan nyttast til å betale tenester utført av avløyarlaga. Det at avløyarlaga har eit relativt stort omfang av avløyarverksemd, gir dei evne til å ha landbruksvikarberedskapen. Dette understrekar avhengigheita mellom dei to avløyartilskota og landbruksvikartilskotet. Det er viktig at desse tilskota står i eit forhold som gjer at bøndene tar seg råd til å nytte avløyarlaga sine tenester, samtidig som at landbruksvikartilskotet er med på å sikre at kostnadane ut til bonden ikkje blir for høge.

---

<sup>62</sup> Jf. Kapittel 3.1.1

<sup>63</sup> Stræte, Egil Petter et al. (2024). Rekruttering av avløyere og landbruksvikarar til jordbruket. Rurales – Institutt for rural- og regionalforskning, R-1/2024. Henta frå: [rapport-1\\_24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf \(rurales.no\)](#), s. 94

## 6 Tilgang på avløysarar og landbruksvikarar

I mandatet for rapporten går det fram at arbeidsgruppa «med grunnlag i den eksterne utredningen [skal] vurdere tilgangen på avløysere og landbruksvikarar med tilstrekkelig kompetanse».

Arbeidsgruppa skal vurdere tilgangen på avløysarar og landbruksvikarar. Det vil derfor bli gitt ei statistisk framstilling av avløysing i dagens landbruk, kva økonomiske rammevilkår som eksisterer og avgrensingar knytt til tilskotet til avløysing ved ferie og fritid.

I samband med utarbeidinga av mandatet til arbeidsgruppa, vart det sett av middel over ordninga “Forskningsmiddel for jordbruk og matindustri” til ei ekstern utgreiing. I sluttprotokollen for forhandlingane skriv avtalepartane følgande:<sup>64</sup>

«Avtalepartene er videre enige om å sette av inntil 1 mill. kroner over FoU-midlene til ekstern kartlegging av tilgangen på avløysere og landbruksvikarar, og hvordan tilgangen på kompetent avløserbistand kan styrkes. Utredningen må også omfatte hvordan avløserlagene har tilpasset seg ut fra variasjon i bl.a. størrelsen på geografisk ansvarsområde, tetthet av jordbruksforetak og type produksjoner.»

Etter utlysning fekk Ruralis oppdraget med oppstart 1. september 2023. Oppdraget til Ruralis har gått føre seg parallelt med arbeidsgruppa sitt arbeid, og det har vore kontakt mellom arbeidsgruppa og Ruralis undervegs. Arbeidsgruppa fekk overlevert utkast til rapporten til arbeidsgruppemøte 10. januar. Rapporten har inngått som ein del av kunnskapsgrunnlaget for vurderingar i arbeidsgruppa.

### 6.1 Avløysarordninga ved ferie og fritid

Det fell ikkje innanfor arbeidsgruppa sitt mandat å vurdere satsane for avløysarordninga ved ferie og fritid. Ordninga set likevel premiss for bruk av avløysar og blir derfor kort omtalt her.

Føremålet med avløysarordninga er å legge til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fritid og hjelp til avlasting gjennom å bidra til å finansiere leige av arbeidskraft, jf. kap. 2.5, men det blir ikkje stilt krav om at bonden faktisk må ta fri/ferie for å kunne få tilskotet.<sup>65</sup> Tilskotet blir rekna ut på grunnlag av satsar per dyr.<sup>66</sup> Tilskotet blir ikkje gitt for planteproduksjon. Satsane blir forhandla i dei årlege jordbruksoppgjera og er differensierte etter dyreslag.

I jordbruksoppgjeret 2023 vart satsane per dyr auka med 5 prosent, medan maksimalbeløpet per føretak vart auka med 30 000 kroner. Taket for utbetaling per føretak er 126 580 kroner i 2024. Den samla løyvinga til ordninga tilskot til avløysing ved ferie og fritid er på 1 554,9 mill. kroner i 2024.<sup>67</sup> Til samanlikning er løyvinga til avløysartilskot ved sjukdom og fødsel for 2024 på 188,7 mill. kroner. Dette viser at storparten av avløysinga på norske jordbruksføretak er ”ferie- og fritidsavløysing”, og at tilgangen på avløysarar er viktig for norske bønder.

For å få utbetalt avløysartilskot må føretaket ha eit tilskotsgrunnlag som kan løyse ut ei utbetaling på minimum 5 000 kroner. Dei som søker om tilskot, skal kunne dokumentere faktiske kostnader til eigen tilsett avløysar eller leigd arbeid. Jordbruksføretaket kan få avløysartilskot for den summen som er lågast av føretaket sine faktiske utgifter til avløysing og føretaket sitt berekna tilskotsgrunnlag ut frå driftsomfanget.

I søknaden om avløysartilskotet fører føretaket opp tal dyr på teljedataane 1. mars og 1. oktober. Hovudregelen er at tilskotsgrunnlaget blir berekna ved å multiplisere gjennomsnittet av dyretala for dei to registreringsdatoane med tilskotssatsane som går fram av jordbruksavtalen. Føretaket må kunne dokumentere utgifter til avløysing i løpet av søknadsåret. Søknadsfrist er 15. oktober, men

---

<sup>64</sup> Sluttprotokoll fra forhandlingsmøte 16. mai 2023 mellom staten og Norges Bondelag. (2023). Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c629255d33ce4662b6a8b8bd7581deod/sluttprotokoll-16.-mai-2023-endelig.pdf>

<sup>65</sup> Landbruksdirektoratet. (2024). Rundskriv 2024/1-Produksjonstilskudd og avløsertilskudd – kommentarer til regelverk. Henta frå: [Produksjonstilskudd og avløsertilskudd - kommentarer til regelverk - Landbruksdirektoratet](#)

<sup>66</sup> Tabell 9.1 i jordbruksavtalen

<sup>67</sup> Jordbruksavtalen 2023-2024. (2023). Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e09a4e2ba1ba4b839863706516f2bafo/jordbruksavtale-2023-2024-per-22.01.24-med-endelige-satser-produksjonstilskudd-og-satser-for-produksjonssvikt.pdf>

avløysarutgifter kan etterregistrerast fram til 10. januar. Utbetalinga av avløysartilskotet skjer i februar året etter at avløysinga vart gjennomført.

### 6.1.1 Kva reknast som avløysing

Bønder leiger inn arbeidskraft etter behov. Om bonden ønsker å bruke avløysartilskotet ved ferie og fritid til innleigd arbeidskraft, er det nokre avgrensingar i kva arbeid som kan dekkast av tilskotet og kven som kan utføre arbeidet.

Det blir ikkje gitt tilskot for arbeid som er utført av person som er under 15 år, som har næringsinntekt frå føretaket eller som er ektefelle/sambuar til ein som har næringsinntekt frå føretaket. Avløysartilskot blir ikkje gitt til skular eller andre offentlege og private institusjonar. I praksis vil det som kallast avløysing vere utgifter knytt til innleigd arbeid. Tilskotet blir ikkje gitt til andre sjølvstendig næringsdrivande enn bønder. Tilskotet blir gitt der:

1. Bonden har eigne tilsette som arbeidar på gardsbruket.
1. Fleire bønder går saman om å tilsette ein person som driv avløysing for desse bøndene, såkalla ringavløysing.
2. Jordbruksføretaket kjøper avløysarteneste frå eit avløysarlag eller eit anna føretak som tilbyr arbeidstenester.

Det er ikkje uvanleg at bønder betaler avløysarlag for å vere arbeidsgivar for avløysarar som i hovudsak berre arbeidar hos ein bonde. Skilnaden er at sjølv om avløysarlaget formelt står som arbeidsgivar, så disponerer dei ikkje fritt den tilsette som avløysar. Gjennom dette blir avløysaren sikra oppfølging med omsyn til rutinar for løn, skattetrekk, forsikringsordningar mv.

Bønder kan kjøpe avløysartenester frå andre føretak enn avløysarlag. Tenestene kan etter definisjonen berre omfatte oppgåver som bonden normalt elles ville utført sjølv. Det inneber mellom anna at røyrleggartenester, husdyrkontroll, rekneskapsføring eller dyrlege ikkje er omfatta av avløysartenesteomgrepet. Typiske oppgåver som kan reknast som avløysartenester, er:

- Tradisjonell fjøsavlasting
- Saueklipping
- Klauvskjering
- Vedlikehald av driftsbygningar som maling og snikkararbeid
- Rundballepressing
- Jordarbeiding
- Spreiing av gjødsel
- Gjerdehald
- Beiterydding
- Frakt av dyr til og frå beite


### 6.2 Statistikk over avløysing

Dei totale innrapporterte kostnadane for avløysing for året 2023 var på 2,617 mrd. kroner, og det vart utbetalt 1,540 mrd. kroner. Mange bønder brukar meir pengar på avløysing enn dei får i tilskot. Det leggst til grunn at tilskota berre skal medverke til finansiering av avløysing, og at det ikkje berre er tilskot som skal bidra til at bønder nyttar avløysing, men at høve til å ta ferie og ha fritid er viktig uavhengig av om tilskot blir gitt eller ikkje.

Det er viktig å merke seg at ein uansett ikkje kan få meir tilskot enn det ein maksimalt har krav på etter gjeldande satsar i jordbruksavtalen, og det er ikkje krav om å føre alle avløysarkostnadar utover det ein kan få tilskot for. Tala over gir derfor ikkje oversikt over all avløysing av norske bønder.

Grappa som i størst grad når taket for maksimalt avløysartilskot per føretak og år, er mjølkeproduksjon (ku og geit). I 2022 søkte i alt 6 925 føretak om produksjonstilskot for mjølkeproduksjon på ku og geit. 86 % av desse løyste ut 100% av føretaket sitt maksimale avløysartilskot.

Figur 7 viser at det har vore ein stor auke i dei innrapporterte kostnadane til bruk av eigen tilsett og til dels avløysing frå anna føretak i avløysarordninga. Kostnadene til bruken av avløysarlag har relativt sett halde seg stabilt gjennom heile femårsperioden ut frå same tal. Ein kan også merke seg at eigen tilsett ikkje nødvendigvis betyr at bonden har ein tilsett som arbeider heiltid/deltid på garden, men at det også inkluderer at til dømes foreldre eller barn mottak løn som avløysar. Det inkluderer altså alle tilfelle der bonden sjølv står som arbeidsgivar. Som vist til tidlegare gir tala ikkje oversikt over all avløysing.



Figur 7: Fordeling av kven som utfører avløysing ved ferie og fritid (2019-2023) Kjelde: Tall frå søknad om produksjons- og avløysartilskot periode 2019 – 2023


Fram til og med 2014 kunne bønder i søknad om avløysartilskotet krysse av i søknadsskjemaet om at tilskotet skulle utbetalast direkte til avløysarlaget. Dette høvet gjorde at bønder kunne nytte seg av avløysingstenestene til avløysarlaget gjennom året utan å sjølv måtte legge ut for kostnadane, då avløysarlaget etterskotsvis fekk tilskotet direkte. I jordbruksoppgjøret 2014 forsvann dette høvet.<sup>68</sup> Det vart stadfesta i ny forskrift frå og med 2015. Dette fordi det er jordbruksføretaka som søker om tilskotet og som etter forskrifta skal vere mottakar av det. Endringa kan i nokre tilfelle ha påverka motivasjonen bønder har for å nytte seg av avløysarlag. Det kan også peikast på at det i denne perioden har blitt meir vanleg å kjøpe avløysartenester frå andre føretak enn avløysarlag. Dette alternativet vart etablert då det vart hevda at det var mangel på avløysarar frå avløysarlaga, og at jordbruksføretaka derfor burde kunne kjøpe arbeidstenester frå andre enn avløysarlaga. I fastsettingsbrevet til forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket peika Landbruks- og matdepartementet på at «de samlede overføringene til avløserordningene gjelder store beløp, 1.360 mill. kroner for 2015, og at dette tilsier at man ikke lenger kan ha en eksklusiv enerett for én type foretak til å være aktør i markedet for avløsertjenester».<sup>69</sup> Samla nivå på avløysartenester frå avløysarlaga til avløysing ved ferie/fritid og avløysing ved sjukdom og fødsel mv. er framleis så høgt at dei har eit solid grunnlag for å vidareføre sitt ansvar for landbruksvikar- og avløysarordningane.

I Figur 8 ser ein eit bilete av korleis kostnadar til avløysing fordeler seg mellom dei ulike kategoriane avløysarlag, eigen tilsett og anna føretak per fylke. Dette indikerer geografiske skilnader i korleis avløysinga blir gjennomført.

<sup>68</sup> Landbruks- og matdepartementet. (2014). Prop. 106 S (2013–2014) Jordbruksoppgjøret 2014 – endringer i statsbudsjettet 2014 m.m. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Prop-106-S-20132014/id760770/?ch=1>, kap 7.11.1.

<sup>69</sup> Fastsettelsesbrev - forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket, s. 20


Det kan vere svært mange faktorar som bidrar til variasjonar mellom fylka. Differansar i bruksstruktur (driftsomsfang per føretak) gir ulike behov for å ha tilsette. Stor avstand til næraste avløysarlag kan bidra til at jordbruksføretak finn det meir fleksibelt å ha ein/fleire tilsette avløysarar som er busett nær eigen gard.



Figur 8: Fordeling som viser kven som utfører avløyning ved ferie og fritid i ulike fylke. Tall frå søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket 2023.

### 6.2.1 Utvikling i tal avløysarlag

Sjølv om landbruksvikarordninga før 2008 vart forvalta og administrert av kommunane, var det stor utbreiing av avløysarlag i Noreg. Av Figur 9 ser ein at tal avløysarlag har blitt redusert frå 2005 til 2023.



Figur 9: Utvikling i tal avløysarlag perioden 2005 – 2023 Kjelde: Data frå NLT



Nedgangen i tal avløysarlag heng saman med reduksjon i tal produsentar som har ført til at avløysarlaga har slått seg saman til større einingar.<sup>70</sup> Arbeidsgivaransvaret for avløysarane har gitt behov for ei auka grad av profesjonalisering blant avløysarlaga. Dette har bidratt til at mange tidlegare lag har gått saman til avløysarlag som dekker større geografiske område.

## 6.2.2 Kostnadar til avløyning og satsane for avløysartilskota og landbruksvikarordninga

Tilgangen på avløysarar og landbruksvikarar er i mange høve påverka av økonomiske rammevilkår. Arbeidsgruppa har sett nærmare på avtalefesta løn for arbeidarar i jordbruket og kva kostnadar som knyt seg til å leige inn arbeidskraft i jordbruket. Sidan det i praksis ikkje er skilnad mellom tariffløn og minsteløn i Noreg, brukar rapporten berre omgrepet tariffløn.

Overeinskomsten for jordbruks- og gartnerinæringene 2022-2024 mellom Næringslivet sin Hovudorganisasjon ved NHO Mat og Drikke på den eine sida og LO ved Fellesforbundet på den andre sida, inneheld punkt om tariffløn for fast tilsette, avløysarar, timeløn inkl. helgetillegg og landbruksvikarar i jordbruksnæringa, jf. tabell 5.<sup>71</sup>

Alder/ansiennitet	u. 18 år	0 år ans.	1 år ans.	2 år ans.	4 år ans.	6 år ans.	8 år ans.
<b>Fast tilsette</b>							
<b>Timeløn, kr</b>	123,90	154,30	156,95	161,70	169,40	175,90	-
<b>Avløysarar</b>							
<b>Timeløn, kr</b>	125,90	156,30	158,65	163,40	172,20	180,25	185,20
<b>Timeløn inkl. 25 % helgetillegg til røktarar og avløysarar i fast turnus, kr</b>							
<b>Timeløn, kr</b>		195,40	198,30	204,25	215,25	225,31	231,50
<b>Landbruksvikar</b>							
<b>Timeløn, kr</b>		170,30	172,65	177,40	186,20	184,25	189,20

Tabell 5: Tariffløn for tilsette i jordbruks- og gartnerinæringane 2022-2024

Det maksimale beløpet jordbruksføretaket kan få i avløysartilskot er 126 580 kroner i 2024.<sup>72</sup> Dette dekker til dømes 783 timar til avløyning utført av ein fast tilsett med to år ansiennitet og tariffløn. For vanleg arbeidstid på 7,5 timar, svarar avløysartilskotet i dette dømet til om lag 104 dagar avløyning i 2024.

I 2024 vil vanlege lønsmottakarar ha fri 52 laurdagar og søndagar. I tillegg kjem 10 offentlege fridagar. Dette utgjør 114 dagar. I tillegg har ein normalt fem veker ferie, og tal fridagar blir derfor 139 dagar i 2024. Sjølvstendige næringsdrivande har ikkje ordna arbeidstid slik som lønsmottakarar, men samanlikninga for fritid er likevel nyttig som ein illustrasjon. På grunnlag av dette dekker avløysartilskotet i 2024 om lag 75 prosent av fridagane som vanlege lønsmottakarar har dersom bonden brukar ein tilsett avløysar med to års ansiennitet med tariffløn. Føresetnaden er at den tilsette arbeider 7,5 timar per dag og ikkje får helgetillegg eller overtid.

<sup>70</sup> Informasjon frå referansegruppa sitt medlem representert ved Norske Landbrukstenester (NLT)

<sup>71</sup> Tariffavtale. (2020). Overenskomst for jordbruks- og gartnerinæringene 2022 – 2024. Avtale 525. Henta frå: <https://tariffavtaler.nho.no/getfile-english.php?TA%20Radnr=14520>

<sup>72</sup> Jordbruksavtalen 2022-2023. (2022). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/95fcb213995b48dda245821d19cf6cf2/jordbruksavtale-2022-2023-justerte-satser-driftstilskudd-melk-23.01.23.pdf>



Dersom avløysaren arbeider meir enn 7,5 timer per dag på eit gardsbruk, vil avløysaren ha krav på tillegg om vedkommande har delt arbeidsdag eller helgetillegg på 25 prosent om vedkommande går i fast turnus.<sup>73</sup>

Ruralis si spørjeundersøking viser at timeprisen som jordbruksføretaka betalar for avløyning er høgare enn tariffløen.<sup>74</sup> Gjennomsnittleg timepris er om lag 180 kroner for innleigde betalte timar for kårfolk, 194 kroner for barn, 204 kroner for andre i familien eller slekta og 234 kroner for naboar. Høgste pris per time er anna leiehjelp med 250 kroner timen.

### 6.2.3 Kor mange timar arbeider ein avløyarsar om dagen?

I utgreiinga over er det tatt utgangspunkt i ein vanleg arbeidsdag på 7,5 timar. Avhengig av kva for ein produksjon avløysaren er tilsett i, vil timane avløysaren arbeider vere varierende. I en mjølkeproduksjon er det påreknleg at avløysaren utfører to stell om dagen. I effektiv arbeidstid kan dette til dømes svare til fire timar pluss reisetid avhengig av produksjonsomfang og driftsopplegg. Ved kortare avløyning konsentrerer avløysaren seg om det nødvendige stellet av dyra i perioden bonden har fri. Det kan vere forskjell i arbeidsbehov og ulik fleksibilitet for stell av dyr i ulike produksjonar, til dømes ved ammeku, sauehald, svin eller ved bruk av mjølkerobot i mjølkeproduksjon.

Eit anna døme er at bonden har behov for ekstra arbeidskraft i meir intensive arbeidsperiodar som innhausting av fôr og under lamming. I slike tilfelle vil det til dømes vere snakk om 12–14 timars arbeidsdagar. Det er også rimeleg å anta at nokre bønder også har fast tilsette/avløyarsarar som arbeider vanlege arbeidsveker på garden.

### 6.2.4 Kva kostar den tilsette bonden?

Bonden har i tillegg kostnader utover løn når bonden står som arbeidsgivar for tilsette.

Bonden må som arbeidsgivar betale arbeidsavgift og feriepengar. I følge Altinn.no sin lønskalkulator kan ein legge til 20 – 30 % av bruttoløna til arbeidstakar for å få totalkostnaden for arbeidsgivar. Det reelle timetalet ein bonde kan dekke av tilskotet til avløyning blir derfor lågare enn det som er skissert i avsnittet over dersom ein reknar med slike kostnader. Med utgangspunkt i ein tilleggskostnad på 25 % på tariffløna, kan bonden få 478 timar avløyning av ein fast tilsett med to års ansiennitet. Dette utgjør om lag 64 dagar eller 47 prosent av fridagar lønsmottakarar har i 2024. I denne berekninga er det ikkje lagt til helge- eller overtidstillegg.

### 6.2.5 Lønsvivået for tilsette i jordbruket samanlikna med andre næringer

Tabell 6 viser ei oversikt over gjennomsnittleg månadsløn til tilsette i jordbruket. Gruppene i tabellen kan innehalde meir enn berre avløyarsarar og landbruksvikarar. Ein må derfor ta atterhald om at gruppene kan innehalde meir enn berre avløyarsarar.

Tariffmånadsløna til avløyarsarar med 25 prosent helgetillegg i fast turnus med 2 års ansiennitet i perioden 2022-2024 har ei månadsløn på 33 190,63 kroner. For ein avløyarsar med 2 års ansiennitet utan fast turnus låg månadsløna på 26552,50 kroner. Månadsløna til ein heiltidstilsett innanfor til dømes hjelpearbeidarar i husdyrproduksjon var 32 220 kroner i 2023. Oversikta viser at det er stor variasjon på knytt til nivået på månadsløner.

Jamfør Ruralis sine funn ligg timeløna for anna leiehjelp på 250 kroner timen. Dette svarar til 40 625 kroner. Dette er høgare enn gjennomsnittleg løn for dei fleste grupper i Tabell 6. Arbeidsgruppa har ikkje informasjon om korleis anna leiehjelp er definert i Ruralis sin rapport og kva organisering denne hjelpa har. Det går heller ikkje fram kva oppgåver slik leiehjelp utfører. Ut frå Tabell 6 kan det indikere at det er personar med maskinkompetanse som blir leigd inn eller at det er leiehjelp organisert gjennom avløyarsarlag i form av landbruksvikar. Pris for landbruksvikar ligg høgare enn tariffløen.

Til samanlikning låg den gjennomsnittlege månadsløna til hjelpearbeidarar innanfor anleggsbransjen på 44 550 kroner. Dette svarar til over 11 000 kroner meir enn gjennomsnittleg månadsløn for

<sup>73</sup> Arbeidsdag som er delt i to arbeidsøker og som har meir enn 2 timar opphald mellom øktene

<sup>74</sup> Stræte, Egil Petter et al. (2024). Rekruttering av avløyarsarar og landbruksvikarar til jordbruket. Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning, R-1/2024. Henta frå: [rapport-1-24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf](https://www.ruralis.no/rapport-1-24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf) (ruralis.no), s. 35

hjelpearbeidarar i husdyrproduksjon. Ein årsak til at avløyssarar sluttar i sektoren, kan vere at dei går over til betre betalte sektorar. Om ein ser på gruppene innanfor jordbruket, jf. Tabell 6, er det maskinførarar i jordbruk og skogbruk som har konkurransedyktig løn. Ulikskapane i løn er samansette. Ein kan mellom anna trekke fram arbeidsgivar si lønsevne, etterspurt kompetanse og krav til sertifiseringar og kurs.

		2019	2020	2021	2022	2023
<b>Korn- og grønsaksprodusentar</b>	<b>Heiltidstilsette</b>	32 960	33 570	:	:	:
	<b>Deltidstilsette</b>	28 550	30 010	30 310	32 680	35 150
<b>Mjølke- og husdyrprodusentar</b>	<b>Heiltidstilsette</b>	30 700	31 730	33 210	34 850	36 840
	<b>Deltidstilsette</b>	29 710	30 020	31 260	32 210	34 200
<b>Egg- og fjørfeprodusentar</b>	<b>Heiltidstilsette</b>	33 210	36 400	38 620	39 890	41 500
	<b>Deltidstilsette</b>	30 090	31 060	31 520	33 480	34 500
<b>Plante- og husdyrprodusentar (kombinasjonsbruk)</b>	<b>Heiltidstilsette</b>	29 770	31 010	32 410	33 590	36 280
	<b>Deltidstilsette</b>	28 910	29 630	30 520	31 780	33 430
<b>Jordbruks- og skogbruksmaskinførar</b>	<b>Heiltidstilsette</b>	37 590	38 550	39 670	40 970	43 230
	<b>Deltidstilsette</b>	36 290	35 910	34 970	37 170	38 230
<b>Hjelpearbeidarar i nyttevekstproduksjon</b>	<b>Heiltidstilsette</b>	27 610	29 880	34 610	35 660	38 060
	<b>Deltidstilsette</b>	:	25 040	24 430	26 140	28 450
<b>Hjelpearbeidarar i kombinasjonsbruk</b>	<b>Heiltidstilsette</b>	28 660	29 490	30 890	32 530	34 160
	<b>Deltidstilsette</b>	28 170	28 480	28 390	30 200	33 290
<b>Hjelpearbeidarar i husdyrproduksjon</b>	<b>Heiltidstilsette</b>	26 100	26 740	28 110	29 300	32 220
	<b>Deltidstilsette</b>	26 080	25 900	27 020	28 850	30 300

Tabell 6: Yrkesfordelt månedsløn, etter statistikk mål, yrke, sektor, avtalt/vanlig arbeidstid per uke, statistikkvariabel og år. Kjelde: SSB, tabell 11418.

### 6.3 Vurdering av tilgang på avløyssarar og landbruksvikarar

Det er arbeidsgruppa si oppfatning at det er viktig å legge grunnlag for tilstrekkeleg tilgang på avløyssarar og landbruksvikarar med relevant kompetanse. Avløyssartilskota verker inn på høvet bønder har til å nytte seg av avløyssartenestene som blir tilbydd, og stimulerer med dette til meir stabil bruk av avløyssarar.

Avtalepartane i jordbruket har ikkje kompetanse til å fastsette lønsnivå. Fastsetting av lønsnivå inngår ikkje i jordbruksforhandlingane mellom staten og jordbruket, men fastsettast av partane i arbeidslivet. Næringslivets Hovedorganisasjon ved NHO Mat og Drikke på den eine sida og LO ved Fellesforbundet på den andre sida inngår ein "Overenskomst for jordbruks- og gartnerinæringene". Denne tariffavtalen har i ei årrekke blitt allmenngjort, dvs. at den er gjort gjeldande for alle som utfører arbeid av den art som avtalen omfattar. Tariffavtalen fastset eit minstekrav til lønsnivå for mellom anna avløyssarar i jordbruket. For legitimiteten til norsk jordbruk og for avløyssarordningane er det viktig at desse lønsvilkåra blir følgd.

Oppgåvene ein avløyssar skal handtere kan variere med kva type tilsettingsforhold hen har og kva type produksjon hen er avløyssar i. Det er i utgangspunktet ikkje eit krav å ha bakgrunn frå gardsdrift for å kunne vere avløyssar. Likevel er det i følge NIBIO sin rapport «Landbrukets kompetansebehov og utdanningar» føretrekt frå både bønder og avløyssarlag at avløyssaren har tidlegare erfaring med gardsdrift gjennom til dømes oppvekst på gard eller utdanning.<sup>75</sup> Arbeidsgruppa ser også at dei ulike jordbruksproduksjonane i ein del tilfelle blir meir spesialiserte. Dette kan auke behovet for breiare kompetanse hos avløyssarane. Krava til kompetanse må fastsettast i arbeidsavtalane mellom jordbruksføretaket/avløyssarlaget og dei som blir tilsett som avløyssarar. Det visast også til at det fram til 2020 vart sett av 1 mill. kroner til kursing av avløyssarar og landbruksvikarar gjennom ordninga *tilskudd til kompetanseutvikling i landbruket (KIL)*. I ei utgreiing om grenseflater mellom prosjektmiddel innan næringsutvikling og kompetanseheving gjort av Landbruksdirektoratet, vart tilskotet evaluert og det vart peika på at forvaltninga av tilskotet ikkje hadde vore i tråd med retningslinjene for KIL.<sup>76</sup> KIL vart

<sup>75</sup>Prestvik, Anne et al. (2020). Landbrukets kompetansebehov og utdanningar. NIBIO Rapport 6 (171). Henta frå: <https://hdl.handle.net/11250/2719373>, s. 36

<sup>76</sup> Landbruksdirektoratet. (2020). Nasjonale tilretteleggingsmidler innen næringsutvikling og kompetanseheving. Rapport nr. 16/2020. Henta frå:

innlemma i ei ny prosjektmiddelordning kalla *Nasjonale tilretteleggingsmiddel (NT-ordninga)* i 2020 og tilskotet til kursing av avløyssarar og landbruksvikarar forsvann. Tilskotet vart ikkje vidareført i NT-ordninga, då NT-ordninga ikkje kan gi tilskot til drift av kurs.

For landbruksvikarar bør kravet til kompetanse vere høgare enn for vanlege avløyssarar. Landbruksvikarar må på kort varsel kunne overta dyrestellet på eit gardsbruk utan at bonden gir opplæring på førehand. Landbruksvikaren må også vere i stand til å møte personar i personlege kriser.

Med grunnlag i mellom anna utgreiinga gjort av Ruralis «Rekruttering av avløssere og landbruksvikarar til jordbruket» oppfattar arbeidsgruppa at det kan vere behov for kompetanseheving blant avløyssarar og landbruksvikarar. Ønsket om betre utdanningstilbod blir uttrykt av både landbruksvikarar, bønder og avløyssarlag.<sup>77</sup> Dette heng saman med ei auka spesialisering i norsk landbruk, og derav eit større kompetansekrav for avløyssarar og landbruksvikarar. Tilskotet til landbruksvikarverksemd kan nyttast til kompetanseheving, men det kan vurderast om det er behov for fleire middel til å drive kompetansehevande aktivitetar for avløyssarar og landbruksvikarar. Ruralis har peikt på ei rekke tiltak som kan bidra til auke i tilgangen på og rekruttering av avløyssarar og landbruksvikarar.<sup>78</sup>

Det er viktig at avløyssarlaga som profesjonelle organisasjonar kan drive effektiv rekruttering av nye avløyssarar og landbruksvikarar. Dette fordrar mellom anna at avløyssarlaga kan gi tilstrekkeleg opplæring og gi konkurransedyktig løn til dei tilsette. I tillegg til tilskotet kan avløyssarlaga gjennom auka pris på sine tenester finansiere tiltak som auka løn og kompetanseheving.

Ifølge Ruralis sin rapport har det ved fleire tilfelle vore vanskeleg å skaffe avløyssar ved behov, jf. rapport 1/2024. utfordringane knytt til tilgang på avløyssarar er samansett. Det er også mange forhold som verkar inn som ligg utanfor jordbruksavtalen sitt verkeområde. Det er ikkje unikt for jordbruksnæringa at det er krevjande å skaffe arbeidskraft. Det er også utfordringar knytt til å skaffe nok veterinærar for produksjonspraksis, lærarar, helsepersonell, handtverkarar osv.

Ifølge Ruralis sine undersøkingar vart det i 2023 utført 2 900 årsverk med avløyssing gjennom avløyssarlaga. Vidare går det fram at i spørjeundersøkinga er det seks av ti bønder som har eigen tilsett avløyssar. Ruralis estimerer, med føresetnad om lik fordeling av årsverk, at samla årsverkinnsats for avløyssarar ligg på om lag 7000 årsverk.

Ruralis skriv i konklusjonen i kapittel 8 at:

«Vår konklusjon er at det er grunn til bekymring med tanke på rekruttering av avløssere og landbruksvikarar til norsk jordbruk. Svak rekruttering kan i neste omgang gjøre arbeidsvilkårene for gårdbrukerne mer sårbar, særlig med tanke på framtidssiktene for rekruttering av nye gårdbrukere.»

Ruralis peikar vidare på at «det er rimelig å anta at rekrutteringsgrunnlaget vil minke i tiden fremover, gitt samme rammer og arbeidsvilkår for avløssere». Det er gode alternativ på jobbmarknaden for avløyssarar og landbruksvikarar som gjer at det er vanskeleg å rekruttere og halde på arbeidskraft i næringa. Internasjonale forhold kan også verke inn på rekruttering og høve for å halde på arbeidskraft frå andre land. Ifølge Ruralis sine undersøkingar er det stor trivsel i avløyssaryrket, medan uregelmessig arbeidstid og låg løn trekk ned.

Spørjeundersøkinga til Ruralis viser at den største delen av avløyssing hos respondentane kjem frå eigne barn (46 prosent), avløyssarar frå avløyssarlag (39 prosent) og anna leigehjelp (38 prosent). Summen er høgare enn hundre prosent fordi fleire kombinerer ulike kategoriar avløyssarar.

Undersøkinga viser vidare at i overkant av 40 prosent av respondentane er delvis eller heilt ueinig i påstanden om at det er enkelt å skaffe avløyssar. I overkant av 20 prosent svarar at dei er heilt einig i at

---

[https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/filarkiv/rapporter/Rapport%2016\\_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20oimnen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20\(4\).pdf/\\_attachment/inline/a97d94cf-ef73-496e-b08f-009e5ebed61e:80f584193afde7abc730493d958080f6e55d7297/Rapport%2016\\_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20oimnen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20\(4\).pdf](https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/filarkiv/rapporter/Rapport%2016_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20oimnen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20(4).pdf/_attachment/inline/a97d94cf-ef73-496e-b08f-009e5ebed61e:80f584193afde7abc730493d958080f6e55d7297/Rapport%2016_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20oimnen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20(4).pdf)

<sup>77</sup> Stræte, Egil Petter et al. (2024). Rekruttering av avløssere og landbruksvikarar til jordbruket. Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning, R-1/2024. Henta frå: [rapport-1\\_24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf \(ruralis.no\)](https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/filarkiv/rapporter/Rapport%2016_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20oimnen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20(4).pdf), s. 95

<sup>78</sup> Går fram av kapittel 5

det er enkelt å skaffe avløyser til ferie og fritid. Ruralis viser til at resultatet samsvarar med tidlegare undersøkingar. Det er i desse undersøkingane ikkje kome fram betydelege geografiske skilnader.

Arbeidsgruppa støttar seg til Ruralis sin overordna konklusjon, men vil likevel peike på at det ikkje er beint fram å nytte resultatata til å gi eit heilskapleg bilete av dagens situasjon. Rapporten gir likevel indikasjonar på korleis situasjonen er, særleg for enkelte regionar. Det er på ei anna side ikkje unikt for jordbruket at det er utfordrande å skaffe tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft, men det gjer ikkje utfordringa mindre.

Arbeidsgruppa peiker på at dagens ordningar knytt til avløysering truleg gjer at bøndene i gjennomsnitt bruker avløyser i større utstrekning enn om ein ikkje hadde hatt dette tilskotet eller om tilskotet hadde vore eit generelt husdyrtilskot.

Gitt rekrutteringssituasjonen er det ikkje realistisk å ha avløyserar tilgjengeleg i alle delar av landet for eit kvart behov og tilfelle, men det må vere eit mål å ha nok tilgjengeleg arbeidshjelp ved ein normalsituasjon, spesielt gjeld dette landbruksvikarordninga.

## 7 Referansar

- Arbeidsmiljøloven. (2006). *Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)*. (LOV-2005-06-17-62). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-62>
- Arbeids- og administrasjonsdepartementet. *Prop. nr. 67 (1997-1998) Jordbruksoppgjøret 1998 – Endringer i statsbudsjettet for 1998 m.m.* Henta frå: <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=2577>
- Arbeids- og administrasjonsdepartementet. (2000), *Prop. nr. 82 (1999-2000) Om jordbruksoppgjøret 2000 – endringer i statsbudsjettet for 2000 m.m.* <https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1999-2000&paid=2&wid=c&psid=DIVL1320>
- Folketrygdloven. (1997). *Lov om folketrygd (folketrygdloven)*. (LOV-1997-02-28-19). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-02-28-19>
- Forbruker- og administrasjonsdepartementet. (1978). *Prop. nr. 186 Om jordbruksavtalen 1978-1980 og om endringer i statsbudsjettet for 1978 m.v.* Henta frå: [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1977-78&paid=2&wid=b&psid=DIVL1283&pgid=b\\_1179](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1977-78&paid=2&wid=b&psid=DIVL1283&pgid=b_1179)
- Forbruker og administrasjonsdepartementet. (1979). *St.meld. nr. 80 (1978-1979) Om inntekt og levekår i landbruket*. Henta frå: [https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1978-79&paid=3&wid=f&psid=DIVL477&pgid=f\\_0311](https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1978-79&paid=3&wid=f&psid=DIVL477&pgid=f_0311)
- Forskrift om endring i forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. (2023). *Forskrift om endring i forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.* (FOR-2022-11-18-1981). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2022-11-18-1981>
- Forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. (2015). *Forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.* (FOR-2014-12-19-1821). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-12-19-1821v>
- Helsedirektoratet. (u.å.). *Sykemelding*. Henta frå: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/sykmelding> (Lasta ned 01.03.2024).
- Jordbruksavtalen 2007-2008. (2007). Henta frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/jordbruksavtale\\_2007-2008.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/jordbruksavtale_2007-2008.pdf)
- Jordbruksavtalen 2012-2013. (2012). *Teknisk jordbruksavtale 2012-2013*. Henta frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/teknisk\\_jordbruksavtale\\_2012-2013.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/teknisk_jordbruksavtale_2012-2013.pdf)
- Jordbruksavtalen 2015-2016. (2015). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/lmd/landbruk/div/jordbruksavtale-2015-2016-endelig-220615.pdf>
- Jordbruksavtalen 2017-2018. (2017) Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/4e46f99082e64722a0809fb0f69325d2/jordbruksavtale-2017-2018.pdf>
- Jordbruksavtalen 2022-2023. (2022). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/95fcb213995b48dda245821d19cf6cf2/jordbruksavtale-2022-2023-justerte-satser-driftstilskudd-melk-23.01.23.pdf>

Jordbruksavtalen 2023-2024. (2023). Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e09a4e2ba1ba4b839863706516f2bafo/jordbruksavtale-2023-2024-per-22.01.24-med-endelige-satser-produksjonstilskudd-og-satser-for-produksjonssvikt.pdf>

Landbruksdirektoratet. (2019). *Tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel mv. - Konsekvensene ved å avvikle samordning mellom tilskuddet og jordbrukerens lønnsinntekt.* (Landbruksdirektoratet rapport 18/2019).

Landbruksdirektoratet. (2020). *Nasjonale tilretteleggingsmidler innen næringsutvikling og kompetanseheving.* Rapport nr. 16/2020. Henta frå:

[https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/filarkiv/rapporter/Rapport%2016\\_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20innen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20\(4\).pdf](https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/filarkiv/rapporter/Rapport%2016_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20innen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20(4).pdf) / [attachment/inline/a97d94cf-ef73-496e-b08f-009e5ebed61e:80f584193afde7abc730493d958080f6e55d7297/Rapport%2016\\_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20innen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20\(4\).pdf](https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/filarkiv/rapporter/Rapport%2016_2020.%20Nasjonale%20tilretteleggingsmidler%20innen%20n%C3%A6ringsutvikling%20og%20kompetanseheving%20(4).pdf)

Landbruksdirektoratet. (2023). *Rundskriv 2023/3 Forskrift om tilskudd til avløsning ved sykdom med videre – kommentarer til regelverk.* Henta frå:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/soke-tilskudd-til-avlosning-ved-sykdom-og-fodsel/forskrift-om-tilskudd-til-avlosning-ved-sykdom-med-videre-kommentarer-til-regelverk>

Landbruksdirektoratet. (2024). *Rundskriv 2024/1-4 Forskrift om tilskot til landbruksvikarordninga - kommentarer til regelverk.* Henta frå: [Forskrift om tilskot til landbruksvikarordninga - kommentarer til regelverk - Landbruksdirektoratet](#)

Landbruksdirektoratet. (2024). *Rundskriv 2024/1-Produksjonstilskudd og avløsertilskudd – kommentarer til regelverk.* Henta frå: [Produksjonstilskudd og avløsertilskudd - kommentarer til regelverk - Landbruksdirektoratet](#)

Landbruksdepartementet. (1978). *Innst. S. nr. 372 Tilråding frå landbruksnemnda om jordbruksavtala 1978-1980 og om endringar i statsbudsjett for 1978 m.m* (St. prp. nr 186). Henta frå:

[https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1977-78&paid=6&wid=aI&psid=DIVL2501&pgid=aI\\_1373](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1977-78&paid=6&wid=aI&psid=DIVL2501&pgid=aI_1373)

Landbruksdepartementet. (1993). *St.meld. nr. 28 (1992-93) Om gjennomføringen av jordbruksoppgjøret 1988-90 m.v.* Henta frå: [https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1992-93&paid=3&wid=c&psid=DIVL294&pgid=c\\_0427](https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1992-93&paid=3&wid=c&psid=DIVL294&pgid=c_0427)

Landbruks- og matdepartement. (2007). *Fastsetting av ny forskrift om tilskudd til landbruksvikarvirksomhet og endring av forskrift om tilskudd til avløsning.* Henta frå:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/regelverk/brev\\_forsk\\_tilsk\\_landbrvikord\\_30102007.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/regelverk/brev_forsk_tilsk_landbrvikord_30102007.pdf)

Landbruks- og matdepartementet. (2014). *Prop. 106 S (2013–2014) Jordbruksoppgjøret 2014 – endringer i statsbudsjettet 2014 m.m.* Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Prop-106-S-20132014/id760770/?ch=1>

Landbruks- og matdepartementet. (2018). *Høring - Forskrift om tidligpensjon til jordbrukere og forskrift om tilskudd til landbruksvikarvirksomhet.* Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---forskrift-om-tidligpensjon-til-jordbrukere-og-forskrift-om-tilskudd-til-landbruksvikarvirksomhet/id2613478/>

Landbruks- og matdepartement. (2023). *Prop. 121 S (2022-2023) Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.).* Henta frå:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/d3053b42c8724076950d3b48a15bcd22/no/pdfs/prp\\_202220230121000dddpdfs.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/d3053b42c8724076950d3b48a15bcd22/no/pdfs/prp_202220230121000dddpdfs.pdf)



- Landbruks- og matdepartement. (2023). *Prop. 1 S (2023-2024) For budsjettåret 2024 under Landbruks- og matdepartementet Utgiftskapittel: 1100–1161 Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652*. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/4bb9246f1fe94868aodba23e554ce3a1/nn-no/pdfs/prp202320240001mdddpdfs.pdf>
- Landbruksvikarforskrifta. (2008). *Forskrift om tilskot til landbruksvikarordninga*. (FOR-2007-10-22-1167). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-10-22-1167>
- NAV. (u.å.) *Hva skjer når du har blitt sjukmeldt?* Henta frå: <https://www.Nav.no/sykmeldt-hva-skjer> (Lasta ned 01.03.2024).
- Norske landbrukstjenester. (2023). *Innspill til jordbruksavtalen 2023*. <https://www.landbrukstenester.no/wp-content/uploads/2023/02/Innspill-2023-NLT.pdf>
- Prestvik, Anne et al. (2020). *Landbrukets kompetansebehov og utdanninger*. NIBIO Rapport 6 (171). Henta frå: <https://hdl.handle.net/11250/2719373>
- Produksjonstilskuddsforskrifta. (2015). *Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket*. (FOR-2014-12-19-1817). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-12-19-1817>
- Samordningsloven. (1959). *Lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser (samordningsloven)*. (LOV-1957-07-06-26). Lovdata. Henta frå: <https://lovdata.no/lov/1957-07-06-26>
- Sluttprotokoll fra forhandlingsmøte 16. mai 2023 mellom staten og Norges Bondelag. (2023). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/c629255d33ce4662b6a8b8bd7581deod/sluttprotokol-16.-mai-2023-endelig.pdf>
- Statens forhandlingsutvalg. (2007). *Statens tilbud – Jordbruksforhandlingene 2007*. Henta frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/jordbruksforh\\_statens\\_tilbud\\_05\\_052007.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/lmd/vedlegg/jordbruksforh_statens_tilbud_05_052007.pdf)
- Statistisk sentralbyrå. *Syssetting, registerbasert*. Henta frå: <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/statistikk/sysselsetting-registerbasert>
- Stræte, Egil Petter et al. (2024). *Rekruttering av avløsere og landbruksvikarer til jordbruket*. Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning, R-1/2024. Henta frå: [rapport-1\\_24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf](rapport-1_24-rekruttering-av-avlosere-til-jordbruket-e-p--straete-et-al.pdf) ([ruralis.no](https://www.ruralis.no))
- Tariffavtale. (2020). *Overenskomst for jordbruks- og gartnerinæringene 2022 – 2024*. Avtale 525. Henta frå: <https://tariffavtaler.nho.no/getfile-english.php?TA%20Radnr=14520>

# Vedlegg 1

Ingjerd Terese Skaug Robin  
Landbruksdirektoratet

Deres ref.:

Vår ref.: 23/34600  
Saksbehandler: Hanne Hareide Skårberg //  
Seksjon fag- og ytelsesutvikling

Vår dato: 30.11.2023

## Beregning av sykepenger for selvstendig næringsdrivende

### Bakgrunn

Arbeids- og velferdsdirektoratet har deltatt i en referansegruppe og spilt inn informasjon til en arbeidsgruppe som i regi av Landbruksdepartementet gjennomgår bondens velferdsordninger. I e-post av 22. november 2023 har sekretariatet for arbeidsgruppen stilt et spørsmål om bondens sykepengerrettigheter, konkret om tolkning og praktisering av kravet til tap av næringsinntekt som følger av folketrygdloven § 8-3. Spørsmålet besvares her. Svaret er forankret med de relevante fagpersoner i direktoratets fagmiljø for sykepenger.

### Rettslig plassering av kravet om tap av pensjonsgivende inntekt

Et vilkår for rett til sykepenger er tap av pensjonsgivende inntekt på grunn av arbeidsuførhet. Det følger av folketrygdloven § 8-3 første ledd. Vilkåret gjelder uavhengig av yrkeskategori, det vil si for både arbeidstakere, selvstendig næringsdrivende og frilansere.

Formålet med bestemmelsen er å avskjære sykepengerrettigheter basert på uregistret inntekt (inntekt av svart arbeid) jf. [Ot. Prp. Nr. 29 \(1995-96\) under kommentaren til § 8-3.](#)

Noen selvstendig næringsdrivende har inntekt som ikke fordeler seg jevnt over året. Det kan derfor være vanskelig å dokumentere om det foreligger et inntektstap. Dette er utdypet i rundskrivet til bestemmelsen, [R08-00 under kommentaren til § 8-3:](#)

*«For selvstendig næringsdrivende kan det være vanskelig å dokumentere tap av pensjonsgivende inntekt på sykmeldingstidspunktet. For selvstendig næringsdrivende forutsetter loven at arbeidsuførhet medfører inntektstap og etablerer en sykepengerrett uten at det kreves dokumentasjon av inntekt umiddelbart før sykmeldingstidspunktet. Dette henger sammen med at sykepenger til selvstendig næringsdrivende ytes på grunnlag av samlet årlig arbeidsinntekt. Dette kan medføre at medlemmet får en overkompensasjon i et tidsrom vedkommende skulle hatt lav inntekt, men en underkompensasjon i tidsrom da inntekten skulle vært særlig høy.»*

I [NOU 1990:20 Forenklet folketrygdlov på side 186](#) fremkommer det at det er vanskelig for selvstendig næringsdrivende å påvise at sykdom medfører inntektstap. «Derfor har en i den obligatoriske sykepengeordningen for selvstendig næringsdrivende lagt til grunn at det vanligvis ikke foreligger et umiddelbart inntektstap. Selvstendig næringsdrivende har følgelig fått en sykepengeordning med en dekningsgrad på 65 prosent [nå 80 prosent, vår anm.] av sykepengegrunnlaget og en ventetid på to uker. Selvstendig næringsdrivende med et umiddelbart inntektstap kan benytte seg av adgangen til å tegne frivillig tilleggstrygd.»



## **NAVs praktisering av vilkåret for næringsdrivende bønder**

Disse rettskildene viser at vilkåret må forstås slik at det etableres en sykepengerett uten at det kreves dokumentasjon av inntekt umiddelbart før sykmeldingstidspunktet. NAV praktiserer vilkåret på denne måten.

Det har blitt stilt spørsmål om det samme gjelder for inntekter som kommer til *i løpet av* sykmeldingsperioden, for eksempel næringsinntekt på grunn av arbeid utført av avløser, eller selve avløsertilskuddet.

Tilskuddet til utgifter i forbindelse med bruk av avløser er ikke pensjonsgivende inntekt som vil kunne ha en innvirkning på sykepengene. Tilskuddet er mellom landbruket og bonden og faller utenfor NAV sin beregning og innvilgelse av sykepenger.

Så vidt vi har forstått blir tilskuddet fra landbruket samordnet med sykepengene bonden får innvilget. At den næringsdrivende bonden får et tilskudd av landbruket i forbindelse med avløser vil ikke påvirke retten til sykepenger. Det vil ikke føre til negative konsekvenser for den sykmeldte i form av avslag eller tilbakebetalingskrav.

Spørsmålet er videre, slik vi tolker det, om næringsinntekter underveis i sykmeldingsperioden vil gi negative konsekvenser for sykepengeretten til den sykmeldte bonden. Spørsmålet oppstår fordi næringen går tilnærmet som før fordi det er en avløser på plass. I disse sakene anser NAV at det fremdeles eksisterer et inntektstap så lenge inntekten er på et relativt normalt nivå. Slik næringsinntekt vil ikke føre til avslag eller forkortning av sykepenger.

Spørsmålene som har oppstått kan trolig ha sammenheng med utfyllingen av inntektsskjemaet slik det ser ut i dag. Denne løsningen er under arbeid og spørsmålene som stilles i skjemaet vil bli annerledes enn i dag. Løsningen er ikke ferdig utviklet og vi kan ikke per i dag opplyse konkret hvordan den vil bli. Målet er likevel tydelig. Det skal bli lettere for den sykmeldte næringsdrivende å svare på spørsmålene samtidig som spørsmålene besvarer det vi faktisk lurer på. På den måten vil saksbehandlingen gå raskere og lettere.

Med hilsen

Hanne Hareide Skårberg  
seniorrådgiver  
Seksjon fag- og ytelsesutvikling

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*



Ingjerd Terese Skaug Robin

Deres ref.: 23/68413 - 2

Vår ref.: 23/34600

Vår dato: 09.01.2024

Saksbehandler: Hanne Hareide Skårberg //  
Seksjon fag- og ytelsesutvikling

## **NAVs saksbehandling av sykepenger for selvstendig næringsdrivende - svar**

Viser til brev av 21. desember 2023 med tre nye spørsmål vedrørende sykepenger. Her følger svar.

### **1.En beskrivelse av saksbehandlingsprosessen der det fremgår hvordan bonden må gå frem for å levere en fullstendig søknad.**

Kort tid etter at bonden har vært hos legen, vil hen få en melding om at det ligger en sykmelding klar til innsending på nav.no (Mitt NAV). Den sykmeldte må logge inn på nav.no. Der vil det ligge en tydelig «oppgave» med en sykmelding som må bekreftes og sendes inn til NAV.

Straks sykmeldingsperioden er over vil det komme en ny melding om at den sykmeldte har en søknad klar til utfylling. Det må på nytt logges inn på nav.no hvor det tydelig vil ligge en ny «oppgave» med en søknad for perioden som har vært. Bonden må svare på spørsmålene i søknaden og sende den inn til NAV. Alle stegene er forklart underveis med infotekster.

Slik det er i dag må selvstendig næringsdrivende, i motsetning til de som har en arbeidsgiver, på eget initiativ sende inn inntektsopplysninger. Det vil formodentlig komme en påminnelse fra saksbehandler etter hvert om inntektsopplysninger ikke mottas. Se nærmere under punktet søknad og dokumentasjon: <https://www.nav.no/sykepenger>.


Arbeids- og velferdsdirektoratet arbeider med videreutvikling av søknadsdialogen, og har nylig omarbeidet søknaden for selvstendig næringsdrivende slik at inntektsopplysningsspørsmålene er inkludert i den første søknaden i et sykefravær. Det medfører at bonden i fremtiden slipper å sende inn inntektsopplysninger som et separat steg.

Dersom bonden svarer ja på enkelte spørsmål i det nye inntektsopplysningsskjemaet, for eksempel om det har skjedd en varig endring i arbeidssituasjonen og om dette har ført til mer enn 25% endring av inntekten vil det være behov for å sende inn ytterligere dokumentasjon. Dette forklares underveis i utfyllingen. Etter innsending av søknad vil man tas videre til en lenke som heter opplasting av dokumentasjon. Der vil det forklares hva NAV trenger og hvordan det sendes inn.

I enkelte tilfeller kan det være behov for ytterligere opplysninger før det kan fattes vedtak. Det blir opp til saksbehandler i den enkelte sak, det kan være momenter som skaper uklarhet om enkelte vilkår for å få sykepenger. Den sykmeldte vil da bli kontaktet ved en melding på NAV.no eller få en telefon. Det vil variere fra sak til sak.

Når NAV har mottatt søknaden om sykepenger skal saken behandles og vedtak fattes. De aktuelle vilkår for å få sykepenger vil bli vurdert opp imot opplysningene NAV har mottatt i form av sykmelding, søknad og inntektsopplysninger.

Oppsummert: Bonden må sende inn sykmelding, søknad og inntektsopplysninger. Det arbeides med å gjøre inntektsopplysninger mer integrert i søknadsprosessen enn det har vært før. Vi har også som mål at spørsmålene skal være enklere å besvare korrekt.



Figur 1: Saksflyt som vider stegene i en sykepengesak. Om kort tid vil "Søknad" og "Inntektsopplysninger" utgjøre ett og samme steg for de selvstendig næringsdriven

**2.Tilskudd til sykepenger skal sikre at bonden får en dekningsgrad på 100 prosent av sykepengegrunnlaget. Det har blitt reist spørsmål ved at bonden i enkelte tilfeller får utbetalt en dekningsgrad på 80 prosent.**

Den kollektive forsikringen for jordbrukere gir bonden rett til å få dekket 100 % av sykepengegrunnlaget fra 17. sykefraværsdag. Ordningen trådte i kraft 1. juli 1979, og sikrer også foreldrepenger med 100 %. Forsikringspremien dekkes ved sentrale avsetninger ifølge jordbruksavtalen. Premiebeløpet beregnes og overføres sentralt til folketrygden.

Som jordbruker regnes den som i det foregående kalenderår har hatt en næringsinntekt fra jord- eller skogbruk på minst 8 000 kroner og utgjorde minst 20 prosent av vedkommendes

alminnelige inntekt. Som jordbruker regnes også den som kan godtgjøre tilsvarende inntektsforhold fremover.

I søknaden om sykepenger må bonden krysse av for at man er jord- og/eller skogbruker. Den enkelte må også vedlegge dokumentasjon for at vedkommende omfattes av den kollektive forsikring for tilleggssykepenger. Det kan f.eks være dokumentasjon fra Skatteetaten om at man mottar jordbruksfradrag.

Såfremt disse vilkår er innfridd, og dokumentasjon er innlevert, skal bonden automatisk få dekket 100 % av sykepengegrunnlaget fra 17. sykefraværsdag.

Et typisk tilfelle bonden ikke blir kompensert 100 %, men 80 %, er når sykmeldingen varer f.eks 14 dager, og det ikke er tegnet individuell forsikring for dag 1-16. Et annet tilfelle hvor det kan oppstå misforståelser rundt utbetalt beløp er dersom den næringsdrivende også er arbeidstaker. Det regnes da ut to sykepengegrunnlag etter reglene i folketrygdloven §§ 8-41-§ 8-43 som samordnes. Hundre prosent av hvert grunnlag kan utgjøre ulike beløp.

### **3. Statistikk angående saksbehandlingstid. Det er ønskelig med statistikk som synliggjør hvor lang tid det tar fra søknaden blir registrert hos Nav til utbetaling skjer og statistikk for faktisk saksbehandlingstid.**

Forventet saksbehandlingstid for førstegangssaker er 4 uker fra NAV har mottatt søknad og inntektsopplysninger.

I dag foreligger det ikke mer spesifikk statistikk som skiller mellom dato for søknad og dato for inntektsopplysninger. Det finnes heller ikke statistikk som skiller mellom saksbehandlingstid for arbeidstakere, selvstendig næringsdrivende og andre grupper. Tallet på 4 uker er derfor et snitt basert på NAVs totale saksportefølge. Å fremskaffe bedre statistikk på sykepengeområdet er et prioritert område for 2024.

Med hilsen

Kristian Munthe  
avdelingsdirektør  
Seksjon fag- og ytelsesutvikling

Hanne Hareide Skårberg  
seniorrådgiver  
Seksjon fag- og ytelsesutvikling

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*

Mottakerliste

Landbruksdirektoratet





